

Samanhengen mellom arbeid og integrering

Ein kvalitativ studie av innvandraras sitt møte
med norsk arbeidsliv

av
Reidun Ims

Avhandling for graden
PHILOSOPHIAE DOCTOR
(Ph.D.)



Det samfunnsvitenskapelige fakultet
Institutt for sosialfag
2022

Universitetet i Stavanger
NO-4036 Stavanger
NORWAY
www.uis.no

©2022 Reidun Ims

ISBN:978-82-8439-145-8

ISSN: 1890-1387

Doktorgradsavhandling nr. 681

I don't know which memories and which thoughts nightly dwell in our dreams. I dare not ask for information, since I, too, had rather be an optimist. But sometimes I imagine that at least nightly we think of our dead or we remember the poems we once loved. (Hannah Arendt, "We refugees", 1947, s 266).

Føreord

Det er gått meir enn seks år sidan eg starta arbeidet med denne avhandlinga. Eg vil rette ein takk til Institutt for sosialfag ved Universitetet i Stavanger for moglegheita. Det har vore eit sant privilegium å få anledning til å fordjupe meg i arbeidet! Det har kravd mykje, men nå er eg omsider i mål. Eg har forska og undervist. Eg har lest, grubla og undra meg gjennom teori, data-innsamling og artikkel-skriving. Eg har tileigna meg ny kunnskap, og funne meg til rette i fenomenologien. Til tross for alt arbeidet har det ikkje blitt tid til alt!, og etikk, danning og kunnskap står høgt på prioriteringslista framover.

Eg er takksam og audmjuk over tilliten eg har blitt vist av dei som tok seg tid til å dele si innsikt med meg – deltakarane, men òg fagpersonar som har delt kunnskap, gode idear og refleksjonar med meg.

Eg hadde neppe kome i mål utan veiledarane mine Professor Lennart Lorås og Professor Ottar Ness. Tenk at eg har fått skrive artikkel saman med Linda Finlay – og dykk! Fagleg har de vore fantastiske pådrivarar, men òg så forståelsesfulle når det har blitt for mange oppgåver å handtere. Tusen takk for gode råd, trøyst og oppmuntring - eg er evig takknemlig!

Innspurten har vore krevjande med full jobb i tillegg til arbeidet med avhandlinga. Eg kunne sikkert prioritert annleis, men eg har gjort medvetne val. Ei krevjande rolle som studieprogramleiar har gjort at dette tok lengre tid enn den opprinnelege planen. Eg ser fram til å konsentrere meg om éin posisjon! Eg har òg sett barna mine bli vaksne mens eg har arbeidd med avhandlinga. I tillegg har eg funne tilbake til nynorsken og musikken. Livet har bydd på gode opplevingar, men det har òg vore tunge stunder. Likevel, det stemmer at når eg nå står ved målet så er dei tunge stundene av mindre betydning.

Eg har møtt mange fine kollegaer gjennom desse åra. Evelyn – du lærte meg kunsten å undervise og hadde alltid, alltid tid til å diskutere fag. Eg vil vidare rette ein stor takk til alle mine nåverande kollegaer ved Institutt for sosialt arbeid og sosiologi ved Universitetet i Agder. Beste Solveig – ingen kan pakke så mykje mening inn i ord som deg. Hjarteleg takk for gode ord, oppmuntring og trua på at målet var innanfor rekkevidde. Randi for trua på at vi sosionomar har viktig innsikt som bidreg til nødvendig forskning. Anne for å gi rom til å utvikle studieprogrammet med fokus på samanhengen mellom techne, episteme og fronesis. Takk!

Så til dei aller viktigaste. De har alle bidrege! Ane – du har ein ibuande positivitet og ein enorm styrke som har vore så viktig i denne tida, say no more. Birk – du er inspirerende god til å løfte blikket og bevare fokus på det viktigaste i livet! Tale - så dedikert i studiearbeidet, og min viktige støttespelar og diskusjonspartner. Til Andreas, Sigrid og Norman – de er så velkomne! Og sist, men slett ikkje minst, Steinar – my partner in crime. Du er det rausaste mennesket i verda. Eg hadde aldri blitt ferdig om ikkje du hadde støtta meg gjennom alt, denne avhandlinga har du ein stor andel i!

Sandnes, September 2022

Reidun Ims

Samandrag

Denne avhandlinga er ein kvalitativ studie av samanhengen mellom arbeid og integrering, eit samfunnsvitskapleg sentralt og aktuelt tema. Avhandlinga sin tematikk blei aktualisert av dei auka straumane av flyktningar gjennom Europa i 2015-16. Den påfølgande pandemien, og seinast krigen i Ukraina sine konsekvensar synleggjer relevansen av å utforske integrering og arbeid, og på same tid sjå dette i samanheng med vidareutvikling av sosialt arbeid sin praksis.

Ein litteraturgjennomgang som omfattar 28 artiklar, og 9 semistrukturerte intervju med 10 innvandrarakar (to av deltakarane er eit par, og gjennomførte intervjuet saman) utgjer studien sitt datamateriale. Eg har innhenta data-materialet, gjennomført analyser og formidla forskinga i tre ulike artiklar. Det empiriske materialet er analysert og fortolka ved hjelp av fortolkande fenomenologisk analyse (IPA) (Smith, Flowers & Larkin, 2009; Smith & Nizza, 2022).

Avhandlinga sin tematikk – arbeid og integrering - står i tett relasjon i norsk velferdskontekst (Kuhnle & Kildal, 2018; Sandvin, Vike & Anvik, 2020; Øverbye & Stjernø, 2012). Velferdsmeldinga frå 1995 slo fast at arbeid for alle var målet, og at dette skulle vere førande for alle tiltak (Sosial- og Helsedepartementet, 1995). Arbeidslinja (Lødemel, 1997; Stjernø & Øverbye, 2012) er det sentrale styrande element i utvikling av velferdsordningar. Integreringsarbeidet i Norge har likevel ein dualistisk botn. Norge innførte innvandrings-stopp i 1975, og denne gjeld framleis. Like fullt møter Norge innvandrarakar som får opphald med eit omfattande og sjenerøst tiltaksapparat (Brochmann & Kjeldstadli, 2014). Det uttalte målet frå styresmaktene er at innvandrarakar skal settast i stand til å skaffe seg arbeid for slik å forsørge seg sjølv (Justis- og Beredskapsdepartementet, 2016). Til tross for det sjenerøse tiltaksapparatet er det stor forskjell på sysselsettinga mellom innvandrarakar og nordmenn (Statistisk Sentralbyrå , 2022c). Det er òg stor ulikskap

mellom ulike innvandrargrupper (Bratsberg, Raaum & Røed, 2014, 2016; Valenta & Strabac, 2011). Det gjer det utfordrande å utvikle eit tiltaksapparat som maktar å bidra til at (alle) innvandrarakar kan kome i arbeid, og slik bli integrert. Korleis innvandrarakar opplever situasjonen i møte med norsk velferdskontekst, og korleis dette påverkar deira meiningssskaping er det lite kunnskap om.

For å svare på den overordna problemstillinga, «Korleis opplever innvandrarakar forholdet mellom integrering og arbeid i møtet med norsk arbeidsliv?», blei det gjennomført tre delstudiar. Delstudiane er knytt til tre forskningsspørsmål som er utgangspunkt for dei tre artiklane som er inkluderte i avhandlinga.

1. Kva for kunnskap om samanhengen mellom arbeid og integrering er beskrive i tidlegare forskning om den norske velferdskonteksten? (Artikkel 1)
2. Korleis opplever innvandrarakar i Norge arbeidet si betydning for eigen situasjon, og korleis oppfattar dei arbeidet sin verdi? (Artikkel 2)
3. Korleis opplever innvandrarakar integrering mens dei er i prosessen med å skaffe seg tilgang til arbeidsmarknaden? (Artikkel 3)

Artikkel 1 er ein litteraturstudie som søkte å kartlegge kunnskapen som finst om samanhengen mellom arbeid og integrering i norsk velferdskontekst. Funn viste at innvandrarakar har lågare sysselsettingsrate, men òg mindre stabil tilknytning til arbeidsmarknaden. Innvandrarkvinner blei ansett for å vere sentrale for å motverke ulikskap. Fordi, dersom heimearbeidande kvinner tok løna arbeid ville hushaldninga si samla inntekt auke. Vidare viste funna at diskriminering av innvandrarakar var ei reell hindring for å kome inn på arbeidsmarknaden. Studiane som er inkludert i litteraturgjennomgangen peikte på at det er behov for å utvikle nye tiltak for å realisere målet om integrering gjennom arbeid.

Artikkel 2 utforska korleis innvandrara opplevde arbeidet sin betydning og verdi. Funn viste at innvandrara opplevde arbeid som svært viktig for sin situasjon. Arbeid var ein nøkkel til både deltaking og realisering av ei mengde goder som kontroll over eige liv og økonomisk sjølvberging. Deltakara opplevde å miste kontroll og autonomi når dei sto utan arbeid. Det sjenerøse tiltaksapparatet har kontrollerande og disiplinerande tiltak innebygd, og deltakarane i studien måtte akseptere eit omfattande kontrollregime. Dei opplevde seg marginalisert og ekskludert, og opplevde arbeid som ein sentral faktor i å motverke dette. Deltakarane blei ein representant for alle innvandrara, og kjende seg underestimert og kategorisert, Deltakarane hadde alle arbeid og forsørga seg sjølv tidlegare. Deira kompetanse og ferdigheiter ga lite utteljing i det norske systemet, og dei kjende seg devaluert og nedvurdert.

Artikkel 3 utforska innvandrara si oppleving av integrering, på same tid som dei var i prosessen med å skaffe seg arbeid. Innvandrara som deltok i studien var opptekne av fridomen dei opplevde i det norske samfunnet, og knytte dette til tilhøyrighet, fridom og like moglegheiter. Deltakarane i studien hadde ulike erfaringar, men etterlyste moglegheiter til å omgåast med nordmenn sosialt. Dei sakna ein arena for å lære språk, forstå sosiale kodar og sosiale spelereglar. Vidare såg det ut til at deltakarane meinte dei måtte akseptere noko diskriminering, men likevel opplevde stor grad av aksept i samfunnet. Fleire ga uttrykk for å velje å fokusere på det positive og tvinge det negative i bakgrunnen.

Som eit heile gir avhandlinga innblikk i korleis den tette samanstillinga mellom arbeid og integrering artar seg for innvandrara, og kva dette har å bety for sosialt arbeid sin praksis. Integrering gjennom arbeid er eit tydeleg mantra i det norske ordskiftet (Ihle, 2017; Lodovici, 2010; van der Wel, Hermansen, Dahl, Lødemel & Løyland, 2019). Dette inneber at alle innvandrara som kjem til Norge blir møtt med forventninga om at dei skal arbeide, og slik bli integrert. Avhandlinga tematiserer ei smal forståing av integrering (dvs. arbeid gjennom integrering), og peiker på

ulike diskursar i samfunnsdebatten. Levitas (2005) poengterer at ulike diskursar kan avdekke, men òg tildekke ulikskap og marginalisering. Symmetri i relasjonar (Garavan, 2013; Skjervheim, 2002) som verktøy for å bidra til betre integrering blir tematisert. Denne studien er eit bidrag til å fylle kunnskapsholet om korleis samanhengen mellom arbeid og integrering viser seg i innvandrarar sine erfaringar og meiningsskaping. Vidare, nyansere kunnskap og forståing samt kva for konsekvensar denne kunnskapen har for praksis i sosialt arbeid. I eit vidare perspektiv er kunnskapen òg av betydning for utdanning av sosialarbeidarar og vidare forskning.

Innholdsliste

Føreord.....	iv
Samandrag	vi
1 Introduksjon	1
1.1 Hensikt, problemstilling og forskingsspørsmål.....	2
1.2 Begrepsavklaringar	5
1.3 Oppbygging av avhandlinga	6
2 Bakgrunn.....	7
2.1 Menneske på flukt.....	7
2.2 Innvandring til Norge.....	9
2.2.1 Utviklingstrekk i innvandringa til Norge.....	9
2.2.2 Innvandrarbefolkninga i Norge	11
2.3 Velferdsstaten og arbeidslinja	12
2.3.1 Arbeidslinja og integrering.....	14
2.3.2 Sosialt arbeid og velferdsstaten	16
3 Kunnskapsstatus.....	19
3.1 Sosialt arbeid i globalt perspektiv	19
3.2 Integrering.....	20
3.3 Paradoks i migrasjonsregimet	22
3.4 Arbeid og innvandrara	23
3.5 Norden og Skandinavia	24
4 Teoretisk perspektiv	26
4.1 Praksisnær kunnskap.....	26
4.1 Sosialt arbeid, sosialpolitikk og dømekraft	28
4.2 Marginalisering, ulikskap og sosial eksklusjon.....	30
5 Metodologi	35
5.1 Vitskapsteoretisk posisjon.....	35
5.2 Forskingsdesign	36
5.3 Systematisk integrert litteraturgjennomgang (delstudie 1).....	37
5.3.1 Formulering av spørsmål.....	39
5.3.2 Systematiske litteratur-søk	39

5.3.3	Kvalitetsvurdering.....	40
5.3.4	Refleksiv tematisk analyse.....	40
5.3.5	Framstilling av funn.....	42
5.4	Fortolkande fenomenologisk analyse (delstudie 2 og 3).....	42
5.4.1	Rekruttering og utval.....	45
5.4.2	Data-innsamling: Semi-strukturerte intervju.....	48
5.4.3	Transkribering.....	51
5.4.4	Deltakar-sjekk.....	52
5.4.5	Data-analyse.....	54
5.5	Studien sin kvalitet.....	57
5.5.1	Validitet.....	57
5.5.2	Reliabilitet.....	58
5.5.3	Overførbarheit.....	58
5.5.4	Refleksivitet.....	59
5.6	Studiens moglege styrkar og svakheiter.....	61
5.7	Forskingsetiske vurderingar.....	61
5.7.1	Fritt og informert samtykke.....	62
5.7.2	Anonymitet og konfidensialitet.....	63
5.7.3	Moglege belastningar ved å delta.....	63
6	Funn.....	65
6.1	Artikkel 1.....	65
6.2	Artikkel 2.....	66
6.3	Artikkel 3.....	68
7	Diskusjon.....	70
7.1	Integrering gjennom arbeid.....	70
7.2	Arbeidet sin verdi for innvandrara.....	75
7.3	Utanforskap.....	77
7.4	Implikasjonar for sosialt arbeid.....	81
7.5	Avsluttande merknader.....	83
7.5.1	Vidare forskning.....	84
8	Referanser.....	85
9	Artiklar.....	119

Artikkel 1: The association between work and integration in the Norwegian welfare context, and its implications for immigrants and social work practice: An integrative review	120
Artikkel 2: Immigrants' experiences of the importance and value of work in Norway: Implications for social work.....	152
Artikkel 3: Immigrants' Experiences on Integration While Attempting to Access the Labour Market: Implications for SocialWork Practice	170
10 Vedlegg	187
Vedlegg 1: Godkjenning av NSD: Tilbakemelding på melding om behandling av personopplysninger	188
Vedlegg 2: Forespørsel om datainnsamling i forbindelse med doktorgradsstudie	192
Vedlegg 3: Informasjon til potensiell intervjuperson	197
Vedlegg 4: Invitasjon til deltakelse i forskningsprosjektet Dialog, mening og forståelseshorisont. En studie av innvandrers møte med NAV	199
Vedlegg 5: Samtykke til at NAV kan videreformidle mitt navn og min kontaktinformasjon til stipendiat Reidun Ims	206
Vedlegg 6: Intervjuguide.....	209

Tabelloversyn

Tabell 1: Oversikt over artiklane i avhandlinga.....	4
Tabell 2: Presentasjon av utval (deltakarane har fått fiktive namn).....	47
Tabell 3: Deltakarane si arbeidserfaring og arbeidsstatus	48
Tabell 4: Intervju – lokasjon og språk	50

1 Introduksjon

Denne avhandlinga handlar om integrering og innvandring som er etablert både som eit praksisfelt og eit forskingsfelt i sosialt arbeid (Bø, 2017; Healy, 2004; Potocky-Tripodi & Naseh, 2019; Valtonen, 2001, 2015; Øland, 2019). Sosialt arbeid blir gjerne beskrevet som eit praksisnært og praktisk fag (Banks, 2012; Brottveit, 2008; Schön, 1991; Weinberg & Banks, 2019), som står i tett relasjon til velferdsstaten (Eide & Skorstad, 2020; Lorenz, 2017). Forsking er verdifullt for å forstå feltet og bringe fram kunnskap for å forbedre praksis (Natland & Solem, 2019; Potocky-Tripodi & Naseh, 2019; Valtonen, 2001, 2015).

Arbeidslinja er ein sentral føring for sosialpolitikk i Norge (Hansen, Lundberg & Syltevik, 2013; Kildal, 2012; Sandvin et al., 2020; Terum, Tuftes & Jessen, 2012; van der Wel et al., 2019; Øverbye & Stjernø, 2012), og gjer arbeid til ein sentral premiss for vellykka integrering (Enes, 2017; Frøyland & Spjelkavik, 2014). Høg innvandring dei siste tiåra har løfta behovet for forskning på arbeidsmarknadsintegrering, både på eit nasjonalt, internasjonalt og på eit over-nasjonalt¹ nivå (Bratsberg et al., 2016; Bratsberg, Raaum & Røed, 2018; Lodovici, 2010; Valtonen, 2015; Øland, 2019).

Denne avhandlinga utforskar korleis innvandrarakar opplever og erfarer møtet med norsk arbeidsliv, og korleis dette påverkar meningsskapinga deira. Den tette samanhengen mellom arbeid og integrering, samt implikasjonar for sosialt arbeid sin praksis inngår i avhandlinga. Ph.d-studien blei aktualisert av det auka fokuset på menneska som var på flukt mot Europa i 2015 og 2016. Førestillinga om den aukande og vedvarande migrasjonen som ei krise førte til sterk mediemerksemd, og der igjennom fokus på kven som fortener og kven som ikkje fortener hjelp (Holmes &

¹ Ein form for internasjonalt samarbeid der statar overlet suverenitet el. Myndigheit til felles organ, og forpliktande vedtak baserer seg på ulike former for fleirtal (eks. EU).

Castañeda, 2016). Ifølgje den Internasjonale Organisasjonen for Migrasjon [IOM] er politiseringa av migrasjon aukande, men ikkje av ny dato (McAuliffe & Khadria, 2019). Europa har så langt ikkje klart å einast om varige og berekraftige løysingar på den pågåande migrasjonen frå det globale sør til det globale nord. Interne ueinigheiter og ulik forståing av kva som er problemet og dermed best løysing, lammar Europa si evne til å handtere straumen av menneske i rørse. I februar 2022 oppstod det ein ny straum av flyktningar i Europa som følgje av at Russland invaderte Ukraina. Dette gjer spørsmålet om integrering svært aktuelt i Norge, men òg i andre land på den nordlege halvkula som t.d. Sverige, Danmark, Tyskland, Nederland, Sveits og Storbritannia. Sjølv om problemstillingane for denne studien er knytt til norsk kontekst er funna relevante for andre land med liknande velferdsmodellar og/eller liknande regime for integrering. Diskusjonen om innvandring og integrering har slik nasjonal interesse, men er òg ein global diskusjon.

1.1 Hensikt, problemstilling og forskingsspørsmål

Innvandrarar er ei heterogen gruppe med særlege erfaringar. Det er ei rekke studiar om innvandrarar i norsk kontekst, sjå t.d. Slettebak (2021), Gubrium og Leirvik (2022) og Midtbøen og Kitterød (2019). Forsking relatert til innvandrarar sine erfaringar med arbeid og integrering i ein norsk velferdskontekst er eit lite utforska felt. Flyktningar sin omstillingsprosess i Norge er tema for Grue, Bytingsvik og Stige (2019). Ei rekke studiar frå andre land fokuserer på ulike aspekt ved innvandrarar sine erfaringar. Demireva og Quassoli (2019) undersøkte levde erfaringar av migrasjon. Flick, Hirseland og Hans (2019) og Matejskova (2013) utforska kva for erfaringar store innvandrar-grupper i Tyskland har med å finne arbeid. Eggerth, DeLaney, Flynn og Jacobson (2012) granska latinske arbeidstakarar i USA sine erfaringar ved hjelp av fokusgrupper. Utržan og Wieling (2020) forska på syriske asylsøkarar og flyktningar sine erfaringar med busetting. Ndiuini og Baum (2020) studerte arbeidsinnvandrarar i hotellbransjen sine levde erfaringar med

strukturelle faktorar si innverknad på deira situasjon. Timotijevic og Breakwell (2000) undersøkte korleis innvandrarar frå tidlegare Jugoslavia opplevde erfaringar med store sosiopolitiske omveltingar som trussel mot sin identitet. Brännström, Giritli-Nygren, Lidén og Nyhlén (2018) er ein svensk studie som forskar på nykomne innvandrarar sine kvardagslege erfaringar.

Avhandlinga har mål om å bringe fram kunnskap om korleis samanstillinga av arbeid og integrering kjem til syne i erfaringane til innvandrarar, og korleis dette påverkar meiningsskapinga deira. Unik innsikt knytt til levde erfaringar med arbeid og integrering vil identifisere kunnskap relevant for sosialt arbeid sin praksis. Forsking på sosialt arbeid, gjort av profesjonsutøvarar er eit ledd i akademiseringa av sosialt arbeid, og denne avhandlinga høyrer heime i denne tradisjonen.

Denne studien er eit bidrag til å fylle kunnskapsholet, samt nyansere kunnskap og forståing, om korleis samanhengen mellom arbeid og integrering viser seg i innvandrarar sine erfaringar og meiningsskaping. I tillegg, kva for konsekvensar denne kunnskapen har for praksis i sosialt arbeid. I eit vidare perspektiv er kunnskapen òg av betydning for utdanning av sosialarbeidarar og vidare forskning.

På bakgrunn av det ovanståande er følgande overordna problemstilling utarbeidd: «Korleis opplever innvandrarar forholdet mellom integrering og arbeid i møtet med norsk arbeidsliv?»

Følgjande forskingsspørsmål er utarbeidd for å besvare den overordna problemstillinga:

1. Kva for kunnskap om samanhengen mellom arbeid og integrering er beskrive i tidlegare forskning om den norske velferdskonteksten? (Artikkel 1)
2. Korleis opplever innvandrarar i Norge arbeidet si betydning for eigen situasjon, og korleis oppfattar dei arbeidet sin verdi? (Artikkel 2)

Introduksjon

3. Korleis opplever innvandrara integrering mens dei er i prosessen med å skaffe seg tilgang til arbeidsmarknaden? (Artikkel 3)

Tabell 1: Oversikt over artiklane i avhandlinga

	Artikkel 1	Artikkel 2	Artikkel 3
Tittel	The association between work and integration in the Norwegian welfare context, and its implications for immigrants and social work practice: An integrative review	Immigrants' experiences of the importance and value of work in Norway: Implications for social work	Immigrants' experiences on integration while attempting to access the labour market: Implications for social work practice
Metode	Integrert litteratur gjennomgang	Semi-strukturerte intervju	Semi-strukturerte intervju
Utval	28 studier om arbeid og integrering	9 intervju	9 intervju
Analysemetode	Refleksiv tematisk analyse	Fortolkande fenomenologisk analyse (IPA)	Fortolkande fenomenologisk analyse (IPA)
Status	Under review i <i>Nordic social work Research</i>	Publisert (2021) i <i>Social Work and Society</i>	Publisert (2021) i <i>Social Sciences</i>

Tre artiklar inngår i avhandlinga og er skrivne på bakgrunn av studien si overordna problemstilling og spesifikke forskingsspørsmål. Den første artikkelen er ein systematisk integrert litteraturgjennomgang som set søkelys på integrering og arbeid i norsk velferdskontekst (forskingsspørsmål 1). Forskingsspørsmåla 2 og 3 er diskutert på bakgrunn av det empiriske materialet frå intervju med innvandrarar (artikkel 2 og 3), og byggjer delvis på funna i artikkel 1.

1.2 Begrepsavklaringar

Det har vore viktig å finne fram til begrep og definisjonar som er tilstrekkeleg presise. På same tid har det vore viktig å unngå ordbruk som kan vere stigmatiserande eller ekskluderande. I artiklane som inngår i avhandlinga bruker eg begrepa immigrant og descendants, i norsk tekst innvandrar og etterkomar.

Statistisk Sentralbyrå (2019) definerer innvandrarar som personar som sjølv har innvandra til Norge, og som er fødde i utlandet av utanlandskfødde foreldre og har fire utanlandskfødde besteforeldre. Norskfødde med innvandrarforeldre er personar som er fødde i Norge av to utanlandskfødde foreldre, og som har fire utanlandskfødde besteforeldre (Statistisk Sentralbyrå, 2019). Denne definisjonen omfattar alle innvandrarar, og er ikkje tilstrekkeleg spesifikk for studien.

Meld. St. 30 (2016) omhandlar integreringspolitikk og her finn eg definisjonen som ligg til grunn for utvalet. *Innvandrarar med fluktbakgrunn*: «Overføringsflyktninger og alle som har søkt asyl i Norge og har fått opphold, uavhengig av kva for oppholdsgrunnlag som er gitt, samt familiegjeforente med disse» (Justis- og Beredskapsdepartementet 2016, s 8).

Ikkje-europeiske innvandrarar er ei beskriving av innvandrarar som kjem frå land utanfor Europa.

1.3 Oppbygging av avhandlinga

Avhandlinga er delt inn i sju kapittel.

Introduksjonskapittelet gir ei kort oversikt over fokus for avhandlinga, forskingsspørsmål og problemstilling samt begrepsavklaring. Andre kapittel omfattar bakgrunn og i tredje kapittel blir tidlegare forsking presentert. Det teoretiske rammeverket blir beskrive i fjerde kapittel. I det femte kapittelet presenterer eg metodologien. Kapittelet inkluderer vitenskapsteoretisk posisjon, forskingsdesign, metode, studien sin kvalitet og forskingsetiske vurderingar. I det sjette kapittelet blir studien sine funn presentert. Kapittel sju inneheld diskusjon av funna i avhandlinga, knytt til studien sin overordna problemstilling, samt implikasjonar for praksis i sosialt arbeid.

2 Bakgrunn

Dette kapittelet presenterer bakgrunnskunnskap om aktuell situasjon, innvandring til Norge, velferdsstaten og arbeidslinja, integrering og sosialt arbeid.

2.1 *Menneske på flukt*

Medlemslanda i FN erkjenner felles ansvar for å bistå og verne menneske på flukt, og inngår i eit globalt samarbeid. Til tross for dette er situasjonen katastrofal for flyktingar og migrantar ein rekke stader i verda (McAuliffe & Khadria, 2019). Krig, vald, svolt og forfølgning forårsakar massive forflyttingar av menneske rundt om i verda. Ifølge IOM (2021) var den globale flykting-populasjonen 26,4 millionar menneske i 2020. I tillegg kjem 4,1 millionar asyl-søkarar og meir enn 55 millionar internt fordrevne personar. Internasjonale migrantar tel så mange som 281 millionar i 2021 (McAuliffe & Triandafyllidou, 2021). Det er Libanon, Jordan, Nauru, Tyrkia, Liberia, Uganda, Malta, Sudan, Sverige og Sør-Sudan som tar imot flest flyktingar (Christophersen, 2021).

I 2015 søkte 1 million menneske beskyttelse i Europa (Østby, 2016). Den auka migrasjonen i 2015 og 2016 skapte panikkliknande tilstandar i fleire europeiske land (Lucassen, 2018). Faktorar som generell misnøye med innvandring og integrasjon, aukande ulikskap og vidstrekt pessimisme med tanke på globalisering, aukande misnøye med islam, etablert kopling mellom islam og terrorisme, framveksten av radikale høgrevridde populist parti opptredde alle på same tid og skapte *ein perfekt storm* (Lucassen, 2018, s 403-406). Ifølge Lucassen (2018) ville det vore meir korrekt å sjå på den auka immigrasjonen som ei kompleks politisk, kulturell og sosio-økonomisk krise. Fleire forskarar støttar denne forklaringa (Brekke & Staver, 2018; Bø, 2019; Eggebø & Staver, 2020).

Til tross for desse motstemmane tyder debatten på eit nasjonalt og globalt nivå på at oppfatninga om at det var ei krise som blei skapt av flyktningane som banka på Europa sin port er den gjeldande. EU inngjekk i 2016 ein avtale med Tyrkia (Slominski & Trauner, 2021). Flyktningar blei stoppa frå å røre seg gjennom Europa, og returnert til Tyrkia. Til gjengjeld forplikta EU seg til å ta imot eit tilsvarande tal syriske flyktningar frå Tyrkia. Avtalen har vist seg vanskeleg å handheve. EU har vidare erkjent at Dublin-avtalen² (siste forordning gjaldt frå 2014) mellom EU-landa, Norge, Liechtenstein, Island og Sveits ikkje er tilstrekkeleg eller effektiv med tanke på ein rettvis og humanitær handtering av den føreliggande situasjonen (Scipioni, 2018). EU er derfor i ferd med å utarbeide nye avtalar (Europakommisjonen, 2020).

I mars 2020 erklærte WHO at covid-19 var ein pandemi (WHO, 2022). Dette medførte at OECD-landa innførte restriksjonar på innreise i tillegg til karanteneplikt, noko som i all vesentlegheit førte til at det blei nærast umogleg å innvandre til desse landa (OECD, 2020). Flyktningar verda over blei ramma av konsekvensane av pandemien (OECD, 2020; Taylor et al., 2022). I Norge sank tala på innvandra til under 10 000 (Steinkellner & Gulbrandsen, 2021). Pandemien fortsett å påverke korleis flyktningar og asylantar rører seg gjennom Europa (Taylor et al., 2022). I sin rapport trekk Taylor et al. (2022) fram at det er fare for at konsekvensane kan vedvare. Russiske styrker invaderte Ukraina i februar 2022, og nye menneske blei drivne på flukt. Det er registrert meir enn 7,2 millionar flyktningar sidan 24. februar, og over 6,9 millionar flyktningar er internt fordrivne (United Nations High Commissioner for Refugees, 2022).

I tillegg til menneska på flukt er det òg store forflyttingar av arbeidskraft i Europa som følgje av den opne marknaden og fri flyt av tenester, varer, personar og kapital (McAuliffe & Triandafyllidou, 2021).

² Dublin-avtalen bestemmer kva for land som har ansvaret for å behandle ein søknad om vern.

2.2 Innvandring til Norge

Debatten om innvandring er i Norge synonym med integreringsdebatt. I 2015 kom 30 000 innvandrere med fluktbakgrunn til Norge (Østby, 2016). Innvandringsstoppen³ er eit signal om at nykomarar ikkje er velkomne (Brochmann & Kjeldstadli, 2014). På same tid møter dei som kjem likevel eit velregulert og imøtekomande regime (Brochmann & Kjeldstadli, 2014).

Styresmaktene har vore opptekne av at vi i Norge skal bidra (Barne-, Likestillings og Inkluderingsdepartementet, 2013; Justis- og Beredskapsdepartementet, 2016), men på ein slik måte at vi ikkje Norge framstår som særleg attraktivt for menneske på flukt (Brekke & Staver, 2018; Eggebø & Staver, 2020). Eit breitt politisk forlik, den såkalla asylavtalen⁴, førte i 2015 til innstraming i innvandringspolitikken i Norge (Bø, 2019; Eggebø & Staver, 2020). Ulike initiativ frå regjeringa har generert auka midlertidigheit i den norske innvandringspolitikken (Bø, 2019; Eggebø & Staver, 2020). Dette medførte eit historisk lågt tal på innvandrere (Steinkellner & Gulbrandsen, 2021), sjølv om talet på menneske på flukt verda over var historisk høgt. Covid 19-pandemien har påverka migrasjonstala gjennom at det har vore svært vanskeleg å røre seg mellom land (McAuliffe & Triandafyllidou, 2021), og har ført til historisk låge tal på innvandring i alle OECD-land (OECD, 2020).

2.2.1 Utviklingstrekk i innvandringa til Norge

Innvandring er ikkje eit moderne fenomen i Norge (Brochmann & Kjeldstadli, 2014). 2. verdskrigen førte til store endringar i

³Frå 01.02.75 blei det innført midlertidig stopp i generell adgang til arbeidstillatelse i Norge (innvandringsstopp).

⁴ Asyl-avtalen: I november 2015 inngjekk Frp, Høgre, Venstre, Krf, Sp og Ap ein avtale som innebar ei rekke innstramingar i asyl- og flyktningpolitikken til Norge.

verdssamfunnet som òg påverka innvandring til Norge, og eg legg i det vidare den nyare innvandringa frå 1950-talet til grunn.

Etterkrigstida var prega av gjenoppbygging, men òg av politiske flyktningar og menneske som var fordrivne (Brochmann & Kjeldstadli, 2014). Frå 1950-talet kom enkelte utlendingar til Norge for å skaffe seg arbeid. Det kom svært få innvandrara dei første åra og endå færre fekk opphald (Brochmann & Kjeldstadli, 2014). Framandarbeidarane var menn frå land som Pakistan, Marokko og Tyrkia og arbeidde for å forsørge familien i heimlandet (Brochmann & Kjeldstadli, 2014). Skepsis til utanlandske arbeidarar kom til uttrykk frå LO-leiinga allereie på 1960-talet. Etter at Danmark innførte innvandringsstopp i 1970 auka innvandringa til Norge. Bekymringa vaks og midlertidig innvandringsstopp blei innført i Norge i 1975 (Brochmann & Kjeldstadli, 2014). Innvandrarbefolkninga vaks likevel og blei eit stabilt innslag i samfunnet (Brochmann & Kjeldstadli, 2014). Den midlertidige innvandringsstoppen frå 1975 gjeld framleis. Det inneber at flyktningar, asyl-søkarar, familiegjeforente, arbeidsinnvandrara og studentar som innvandra til Norge får unntak frå denne stoppen (Brochmann & Kjeldstadli, 2014).

Utover 1980 og 90-talet kom flyktningar som søkte vern som følgje av politisk uro, krig og politisk forfølgning i Chile, Ungarn, Vietnam, Iran, Irak og på Balkan (Brochmann & Kjeldstadli, 2014). Illegale innvandrara kom òg til å bli ei betydeleg gruppe som valda staten store bekymringar (Brochmann & Kjeldstadli, 2014). 1990-talet var prega av sterke motsetningar mellom meiningsmotstandarar i den norske innvandringsdebatten. Aktivistar på begge sider var svært aktive med store demonstrasjonar og motdemonstrasjonar (Brochmann & Kjeldstadli, 2014). Innvandring blei i løpet av 1980 og 1990-talet ei viktig politisk sak, der Norge fortsette å regulere innvandringa på same tid som det blei utarbeidd eit omfattande apparat for å leggje til rette for at innvandrara skulle tilpasse seg (Brochmann & Kjeldstadli, 2014).

Schengen-samarbeidet markerte ei ny dreining i innvandringa til Norge. EU sin indre marknad og fri rørsle mellom EU og EØS land førte til stor arbeidsinnvandring frå land som Polen og Litauen. Ein stor andel av innvandrarane i Norge er arbeidsinnvandrarar (Gulbrandsen, Kulasingam, Molstad & Steinkellner, 2021), hovudsakleg frå Aust-europeiske land. Flest innvandrarar i Norge kjem frå Polen, følgt av Litauen, Sverige, Syria og Somalia (Statistisk Sentralbyrå, 2021a). Til tross for dette har debatten om innvandring heilt sidan 1970-talet først og fremst handla om ikkje-europeiske innvandrarar.

Innvandringa til Norge har tilbake til 1960-talet hatt ein dualistisk botn. På den eine sida har det vore skepsis knytt til dei framande, på den andre sida har innvandrarane fylt ei viktig rolle i det norske arbeidslivet (Brochmann, Hagelund & Borevi, 2010). Det var først då innvandring blei lausrive frå arbeid at dei store kontroversane oppstod (Brochmann & Kjeldstadli, 2014). Sjølv om flyktningar og asylsøkjarar gjerne ville arbeide var det primære grunnlaget for at dei kom til Norge behovet for vern. Det norske samfunnet hadde ikkje bruk for dei på same måte som med arbeidsinnvandrarane. Szmodics (2017) hevdar at innvandring er ein byrde for samfunnet på same tid som det er ein moglegheit. Situasjonen i dag viser at arbeidsinnvandring gjerne løner seg økonomisk for mottakarlandet fordi innvandrarane som kjem er i arbeid, og dei har i langt mindre grad behov for sosiale ordningar (Scheibelhofer & Täubig, 2019). Ifølgje Valenta og Strabac (2011) sin studie om ulikskapen i assistansen ulike innvandrarar får i integreringsarbeidet, er det grunn til å frykte aukande marginalisering også av arbeidsinnvandrarar.

2.2.2 Innvandrarbefolkninga i Norge

Innvandrarar i Norge er ei heterogen gruppe menneske som kjem frå svært ulik sosio-økonomisk bakgrunn. Ulike språk, og varierte grunnlag for opphald understrekar variasjonen heller enn likskapen mellom dei ulike personane. Norges befolkning omfattar 5,4 millionar menneske (Statistisk Sentralbyrå, 2022a). Av desse er 18,9 % eller 1 025 175

innvandrara eller norskfødde med innvandrareforeldre (etterkomara) (Statistisk Sentralbyrå, 2022b). Innvandrarebefolkninga har hatt ein stor auke dei siste åra, og det bur innvandrara i alle kommunar i landet. Arbeidsinnvandrara busett seg der arbeidet finst, familie-innvandrara der familien er, og flyktningar der dei blir busett (Gulbrandsen et al., 2021).

Ei rekke tiltak (t.d. Introduksjonsordninga for nykomne innvandrara⁵), offentlege utgreiingar (t.d. Brochmann 1 og 2) og meldingar til Stortinget (t.d. Justis- og Beredskapsdepartementet, 2016) Frå mottak til arbeidsliv – en effektiv integreringspolitikk, 2016) har innvandrarebefolkninga som sitt hovudfokus. I løpet av dei siste åra er det kome tolv meldingar til Stortinget (sidan 2008), 17 NOU'ar (sidan 2001) og 47 rapportar/planar/strategiar (sidan 2006) vedrørande integrering og innvandrara. Fleire av dokumenta poengterer at innvandrara ikkje er ei homogen gruppe (Justis- og Beredskapsdepartementet, 2016). Til trass for denne påpeikinga har dette ikkje ført til vesentlege endringar eller vriding i innsatsen frå styresmaktene.

2.3 Velferdsstaten og arbeidslinja

Ulike former for velferdsstatar finst i dei fleste industrialiserte land (Kuhnle & Kildal, 2018). Det offentlege fungerer som eit sikringsnett då staten har ansvar for inntektssikring, helse og omsorg. Vidare fungerer velferdsstaten som agent for politisk styrt sosial omfordeling (Kuhnle & Kildal, 2018). Den norske velferdsstaten er kjenneteikna av universelle ordningar og omfattar eit breitt spekter av sosiale ordningar og offentlege tenester finansiert av skatteinntekter. Slik kviler velferdsstaten på høg grad av sysselsetting befolkninga sett under eitt.

⁵ Introduksjonsordninga omfattar grunnleggjande opplæring i norsk og samfunnskunnskap og skal forberede flyktningar og innvandrara på deltaking i arbeidsliv eller utdanning.

Arbeidslinja har vore eit sentralt styringsprinsipp i Norge over lang tid (Bugge, 2021; Lødemel, 1997; Stjernø & Øverbye, 2012; van der Wel et al., 2019). Prinsippet om arbeid som garantist for velferd og velferdsstaten si berekraft blir trekt fram som ein del av arbeids-etoset i norsk samfunnsliv (Fløtten, Grønningsæter, Hippe & Christensen, 2007; Lødemel, 1997; Stjernø & Øverbye, 2012) likevel blir prinsippet gjerne sett i samanheng med Velferdsmeldinga frå 1995. Her heiter det at «Arbeidslinja betyr at virkemidler og velferdsordningar – enkeltvis og samlet – utformes, dimensjoneres og tilrettelegges slik at de støtter opp under målet om arbeid til alle» (Sosial- og Helsedepartementet, 1995, s 89). Velferdsmeldinga (1995) knytte arbeidslinja og insentiv sterkare saman gjennom å knytte ordningar i velferdsstaten til krav om å utføre arbeid (Lødemel, 1997; Stjernø & Øverbye, 2012).

Styrkinga av arbeidslinja var eit resultat av ei langvarig utvikling dominert av frykt for velferdsstaten si berekraft (Fløtten et al., 2007; Øverbye & Stjernø, 2012). Kritikkk relatert til kostnader og bekymring for at dei gode ordningane svekka insentiv til å arbeide oppstod så tidleg som 1970- og 80-talet. Kritikken hadde ei klar ideologisk side, der det tradisjonelle høgre og venstre var i strid (Fløtten et al., 2007). I takt med aukande kostnader og ei aldrande befolkning har diskusjonane om å reformere velferdsstaten, og avgrense kostnadene for å sørge for ei berekraftig utvikling, vist større motsetnader i politisk debatt. Fokus på kostnader og bekymring for berekraft knytt til innvandring er tydeleg i dei regjeringsoppnemnde utvala Brochmann 1 (NOU 2011:2 Velferd og migrasjon – den norske modellens framtid) og Brochmann 2 (NOU 2017:2 Integrasjon og tillit). Begge utgreiingane adresserer økonomiske og samfunnsmessige konsekvensar av innvandring til Norge. Det er slik grunnlag for å hevde at det føreligg bekymring for berekrafta til velferdsstaten, knytt til innvandring frå ikkje-europeiske land.

2.3.1 Arbeidslinja og integrering

I den norske debatten om innvandring og integrering er integrering gjennom arbeid eit sentralt verkemiddel og sosialpolitisk mål (Anvik, Sandvin, Breimo & Henriksen, 2020; Enes, 2017; Frøyland & Spjelkavik, 2014; Stjernø & Øverbye, 2012). I fleire offentlege dokument blir arbeid beskrive som det viktigaste elementet i integrering (Justis- og beredskapsdepartementet, 2016; NOU 2011:7; NOU 2017:2). Velferdsstaten nyttar ulike tiltak og program for å støtte opp om og realisere målet om (rask) integrering for nykomne innvandrarakar (Djuve & Kavli, 2019). Introduksjonsprogrammet for nykomne flyktingar har sidan 2004 vore det viktigaste tiltaket, og er modellert utifrå arbeidslinja som styrande prinsipp (Djuve, Kavli, Sterri & Bråten, 2017; Hansen et al., 2013; Kavli, Hagelund & Bråthen, 2007; Tronstad, 2019). Programmet blei oppretta som følgje av at det blei avdekt til dels store manglar og store regionale forskjellar i integreringsordningar i Norge (Djuve & Kavli, 2007). Kartleggingar av Introduksjonsordninga avdekkar stor ulikskap mellom tiltaka, og ulikskap i kvaliteten (Djuve & Kavli, 2007, 2015; Kavli et al., 2007; Tronstad, 2015). Det er framleis ulikskap i tilbodet som deltakarane i introduksjonsordninga får (Djuve et al., 2017; Djuve & Kavli, 2015; Djuve & Tronstad, 2011; Tronstad, 2015). Integreringslova som blei innført frå 2021 tilbyr meir tilpassing til kvar enkelt i introduksjonsordninga (Integreringsloven, 2021). Det inneber bl.a. at lengda på programmet kan variere frå tre månadar til tre år, basert på kva den enkelte har behov for. Målet er at fleire innvandrarakar skal oppnå formell kompetanse og utdanning for slik å oppnå målet om rask integrering i samfunnet og økonomisk sjølvforsørging (Integreringsforskriften, 2021; Nystad, 2017)

Norsk arbeids- og velferdsetat [NAV] er sentral for gjennomføring av sosialpolitiske mål. Langvarig kritikk knytt til kompliserte og regelorienterte system skulle adresserast og utbetrast i NAV (Hansen et al., 2013, s 11). Eitt av måla med å opprette NAV var betre tilpassing til kvar enkelt med moglegheit for skreddarsøm. Til tross for målet om

individuell tilpassing har bruken av sanksjonar og insentiv auka jamt dei seinare åra (Hagelund, Øverbye, Hatland & Terum, 2016; Hansen et al., 2013). Aktiveringspolitikken er slik blitt ein stadig meir framtrekande del av integreringspolitikken (Hagelund et al., 2016; Hagelund & Kavli, 2009). Halvorsen (2011) skriv at til tross for at arbeidsmotivasjonen er høg i Norge finst det ein underliggende frykt for at arbeidsviljen blir redusert om velferdsstaten er for sjenerøs. Dette var eit sentralt argument for å endre innvandringspolitikken (Bø, 2019; Eggebø & Staver, 2020).

68,9 % innvandrarar i alderen 20 - 66 år var sysselsette pr. 4. kvartal i 2021 (Statistisk Sentralbyrå, 2022c). Statistikken viser at det var lågast del sysselsette frå Afrika og Asia (Statistisk Sentralbyrå, 2021c). Rapportar om innvandring viser at det er stor variasjon landa imellom (Fernandez, Hijzen, Pacifico & Thewissen, 2020; OECD, 2018; OECD/EU, 2018).

Som påpeikt ovanfor er det ein sterk, etablert og langvarig samanheng mellom arbeid og integrering i diskursen om integrering i det norske velferdssamfunnet. Det er likevel forskarar som peikar på utfordringar knytt til arbeidslinja (Halvorsen, 2012; Kildal, 2012; Rugkåsa, 2011; Øversveen & Forseth, 2018). Det er ikkje alle som arbeider utanfor eigen heim. Nokon ønskjer ikkje å arbeide utanfor heimen, andre kan ikkje av helsemessige grunnar medan det og er menneske som ikkje klarer å skaffe seg arbeid grunna t.d. manglande kompetanse. Korleis skal ein då ivareta integrering for desse personane? Ifølgje Halvorsen (2012) og Kildal (2012) er det problematiske sider ved arbeidslinja dersom ein ikkje vedgår at arbeidslinja ikkje er ein automatisk og altomfattande garanti for arbeid og/eller integrering. Vidare er det grunn til å ta på alvor at slik arbeidslinja er utforma kan det favorisere tiltak som flyttar folk raskt frå ikkje-sysselsett til sysselsett utan at det er sikra varige og berekraftige tiltak. Fleire studiar (Bratsberg et al., 2014, 2018) har vist at rask inngang på arbeidsmarknaden ikkje er ein garanti for ein varig og stabil sysselsetting. Slik kan fokus på rask overgang til sjølvforsørging

føre til neglisjering av faktorane som sikrar varig sysselsetting (sjå Djuve & Kavli, 2019).

2.3.2 Sosialt arbeid og velferdsstaten

Sosialt arbeid vaks i Norge fram i takt med utviklinga av velferdsstaten (Eide & Skorstad, 2020; Kokkinn, 2005). Denne avhandlinga dreier seg om arbeid og integrering, men òg om sosialt arbeid som berande fagtradisjon. Sosialt arbeid utspeler seg innanfor ramma av velferdsstaten, og plasserer profesjonen og praktikarane inn i Lipsky (2010) sin velkjende kategori, bakkebyråkratiet. Bakkebyråkratane er offentlege tenestemenn som har direkte kontakt med borgarar og utøver skjønn (Lipsky, 2010). Bakkebyråkratane påverkar den enkelte, i denne studien innvandrarar som kjem i kontakt med hjelpeapparatet. Velferdsstaten og sosialt arbeid står slik i nær, men tidvis komplisert relasjon (Terum et al., 2012; Aamodt, Dahl, Gubrium, Haldar & Hermansen, 2019). Eg har i arbeidet med avhandlinga fokusert på korleis samanhengen mellom arbeid og integrering blir erfart av innvandrarar, og korleis dette påverkar deira meiningsskaping.

Deltakarane i denne studien har alle hatt kontakt med ein eller fleire mottaks- og hjelpetenester. Innvandrarar med fluktbakgrunn har behov for bistand for å finne seg til rette i ein ny kvardag, og for fleire av deltakarane har overgangen til ordinært arbeid vist seg vanskeleg. Profesjonen sosialt arbeid er tufta på verdiar og prinsipp som stiller seg kritisk til undertrykkande strukturar, institusjonelle praksisar og framhevar den enkelte klient som fokuspunkt (Askeland, Oskarsen & Unhjem, 2011). Sosialt arbeid er prega av eit vell av ulike teoretiske retningar og til dels motstridande epistemologiske standpunkt (Banks, 2012; Brottveit, 2008; Joseph & Macgowan, 2019; Lavalette, 2013; Payne, 2006). Til tross for ulike teoretiske synspunkt er det sosiale arbeidet er knytt til forbetring av levekår – materielt, psykisk og sosialt (Eide & Skorstad, 2020; Ylvisaker, 2014). Verdiar som anerkjenning av ulikskap og ikkje-diskriminering, solidaritet og rettferd og

menneskeverd er sentrale for profesjonen, og dermed for praksis (Kokkinn, 2005). Sosialt arbeid sitt søkelys på enkeltpersonar sine ressursar og deira rett til sjølv å ta avgjerder om sine liv kjem gjerne på kollisjonskurs med eit regime der sosialarbeidaren bruker mykje tid på å kontrollere at dei som er innrullert i tiltak følgjer reglane. Det fører til eit endra fokus frå sosial endring til sosial kontroll (Børhaug, 1999; Rine, 2018; Weinberg & Banks, 2019). Kunnskap om korleis dette påverkar innvandrarar er sentral i arbeidet med å utvikle praksis i sosialt arbeid, men òg i arbeidet med å leggje til rette for integrering.

Aukande globalisering av verda og det sosiale arbeidet krev ny kunnskap og forståing for å utvide og tilpasse praksis til nye grupper (Boccagni & Righard, 2020; Bø, 2017; Ferguson & Lavalette, 2006; Kokkinn, 2005; Valtonen, 2015). Ifølgje Healy (2004) og Valtonen (2001) er styrking av internasjonalt sosialt arbeid eit gode for innvandrarar, men òg for vertssamfunnet.

2.5 Integrering i norsk kontekst

Rugkåsa (2012) vektlegg ein kraftfull relasjon mellom integrering som politisk begrep og arbeid i den norske velferdsstaten. Vidare hevdar Rugkåsa (2012) at det skiftande innhaldet i integrering gjer det mest umogleg å avgjere når integrering er oppnådd. Ei slik forståing vanskeleggjer situasjonen for innvandrarar, men òg for dei som utformar policy og iverksett ordningar og tiltak. Så lenge det ikkje finst felles forståing av begrepet, er det vanskeleg å nå ein omforent forståing av når integrering er oppnådd (Øian, 2014).

Til tross for manglande klarleik og endringar i innhald har integrering i over 25 år vore det overordna og føretrekte prinsippet i Norge (Brochmann et al., 2010; Djuve & Kavli, 2015; Rugkåsa, 2012). Den tilsynelatande einigheita om behovet for integrering skjuler substansiell ueinigheit om kva integrering verkeleg er, kven som er ansvarleg for å realisere det og kva for mål som bør og skal brukas for å oppnå dette (Djuve, 2014, s 12).

Bakgrunn

Ifølgje Kaya (2010b) ser styresmaktene deltaking i arbeidslivet som hovudruta til å sørge for inklusjon, og motverke marginalisering. Nordmenn flest ser på integrering som ein samfunnsmessig integrering som omfattar språk-kunnskap, arbeid, utdanning, bu-forhald, fritid m.m. (Kaya, 2010a). Integrering blir oppfatta som staten sitt ansvar, sidan offentlege institusjonar legg til rette for integrering (Kaya, 2010b). Brochmann (2010) hevdar at integrering fører til tilpassing og lojalitet til vertslandet. Ifølgje Fauske (2014) påverkar innvandrarak som kjem til landet òg korleis integrering blir fortolka.

3 Kunnskapsstatus

Dette kapitlet presenterer kunnskapsstatus relevant for å opplyse mitt forskningstema. I arbeidet med avhandlinga har eg gjennomført fleire søk etter aktuell litteratur som blir presentert i det følgjande.

Ulike fagtradisjonar på det samfunnsvitskaplege feltet kryssar kvarandre i forskning knytt til innvandring og integrering. Midtbøen (2017) sin artikkel om den norske migrasjonsforskinga beskriv utvikling frå eit lite miljø dominert av ei tett samankopling mellom forskning og aktivisme på 1970-talet, til at nye faggrupper (statsvitarar, sosialpsykologar) fatta interesse for feltet i løpet av 1980-talet. På same tid blei innvandring eit viktig politisk tema i Norge (Midtbøen, 2017). Sidan har feltet som var aktivt debatterande på 1990-talet, blitt aukande institusjonalisert og mindre opposisjonelt til styresmaktene (Midtbøen, 2017). Frå midten 2000-talet er velferd og migrasjon det dominerande tema i den norske migrasjonsforskinga (Midtbøen, 2017).

3.1 Sosialt arbeid i globalt perspektiv

Sosialt arbeid utspeler seg i ein stadig meir global verden, der arbeid retta mot og med innvandrarar utgjer ein stor og sjølvstendig del av det sosiale arbeidet (Askeland & Døhlie, 2006; Potocky-Tripodi & Naseh, 2019; Valtonen, 2015; Øland, 2019). Forsking i sosialt arbeid er eit verdfullt bidrag til innvandrarar si integrering (Ask & Berg, 2011; Valtonen, 2001, 2015) ved å promotere rettar og interesser for dei som flyktar frå konflikt, økonomiske kriser, naturkatastrofar eller andre omveltingar (Popescu & Libal, 2018). Ifølgje Bø (2017) har fagdebatten i ulike tidsepokar prega sosialt arbeid sitt syn på arbeid med innvandring og integrering.

Sosialt arbeid fokuserer på å betre levekår for menneske, og forskning rettar ofte eit kritisk blick mot prosessar og institusjonar sin praksis (Danso, 2009; Dominelli & Ioakimidis, 2016; Ferguson & Lavalette, 2006; Lavalette, 2013; Nadan, 2017; Rugkåsa, 2018). Likevel er forskning

på migrasjon og sosialt arbeid ifølgje Shier, Engstrom og Graham (2011) samt Benson, Wachter, Lee, Nichols og Hylton (2021), prega av at forskarane sitt perspektiv har sitt utspring i det globale nord og døme på etnosentrisk haldning. Det reiser spørsmål om etikk så vel som makt og produksjon av kunnskap innan forskning på feltet sosialt arbeid (Benson et al., 2021; Shier et al., 2011).

Sakamoto et al. (2018) hevdar at Canada sin strategi med å inkludere innvandrarak, opprettheld marginalisering gjennom ei forståing av at samfunnet er inkluderande, og dermed lite kritisk til pågåande prosessar. Andre forskarar stiller seg kritiske til at sosialt arbeid legitimerer praksis i strid med etiske retningsliner i sosialt arbeid (Humphries, 2004; Rine, 2018; Weinberg & Banks, 2019). Når fokus i aukande grad er retta mot tellekantar og økonomi utfordrar dette etisk praksis, og korleis ein omtalar og forstår «dei andre» (Børhaug, 1999; Jönsson, 2014; Weinberg & Banks, 2019). Forskarar som Boccagni (2015), Grzymala-Kazlowska og Phillimore (2018) og Vertovec (2007) hevdar at perspektiv om mangfald (diversity og superdiversity) kan vere med å nyansere forskning på integrering, inkludering og ulikskap. De Montigny (2011) tar til orde for ein annan retning og promoterer refleksive sosiale relasjonar som fundament for sosialt arbeid.

3.2 Integrering

Integrering blir gjerne beskrive som ein tovegs-prosess (Klarenbeek, 2019). Innhaldet i begrepet varierer med kontekst og perspektiv (Ihle, 2017; Rugkåsa, 2012; Scheibelhofer, 2019; Szmodics, 2017), og er eit politisert og normativt begrep (Oliver & Gidley, 2015). Ulike definisjonar og oppfatningar av integrering kompliserer samanlikning på tvers av nasjonale grenser, studiar og tid (Harder et al., 2018; Proba samfunnsanalyse, 2019).

Den internasjonale organisasjonen for migrasjon foreslår følgjande definisjon:

The two-way process of mutual adaptation between migrants and the societies in which they live, whereby migrants are incorporated into the social, economic, cultural, and political life of the receiving community. It entails a set of joint responsibilities for migrants and communities and incorporates other related notions such as social inclusion and social cohesion. (IOM, 2019).

Definisjonen inkluderer at prosessen er tosidig, og krev tilpassing og aksept frå innvandrara og verts-samfunn. Definisjonen manglar aspektet med realisering og kapasitet, som andre definisjonar inkluderer. Harder et al. (2018) føreslår seks dimensjonar for å beskrive integrering; psykologisk, økonomisk, politisk, sosialt, lingvistisk og orienterande. Harder et al. (2018) sin definisjon lyder "... the degree to which immigrants have the knowledge and capacity to build a successful, fulfilling life in the host country" (s 11484). Ager og Strang (2008) kombinerte ulike definisjonar og utforma ei liste med 10 kjenneteikn. Dei fant at integrasjon inkluderer sysselsetting, busetting, utdanning, helse, sosiale relasjonar, sosiale band, sosial tilknytning, språk og kulturell kunnskap, tryggleik og stabilitet, rettar og statsborgarskap (Ager & Strang, 2008). Sjølv om oppdelinga er ulik, inkluderer dei nokolunde same aspekta.

I eit globalt perspektiv reiser Schinkel (2018) spørsmål ved rammeverket for forskingsproduksjonen i integrasjonsforskning. Han hevdar at forskning på migrasjonsfeltet i stor grad dreier seg om reproduksjon av neokolonial tenking. Ifølgje Schinkel (2018) er forskinga med på å oppretthalde eit skilje mellom menneske som det ikkje finst grunnlag for. Integrering slik det er forstått i samfunnsforskning reproducerer konsept, forståingsmåtar og står i tett forbund med politikk og økonomiske interesser i vestlege land (Schinkel, 2018). Dei kunstige skiljelinene mellom opphavlege borgarar og dei som skal bli integrert overser store delar av befolkninga utan at forskinga legg fram overtydande grunnar for kvifor det er slik. På denne måten reproducerer forskinga rasistiske førestillingar utan spørsmål. Schinkel (2018) argumenterer for eit større

fokus på kva som skjer når menneske buset seg i nye samfunn. Favell (2019) tiltrer Schinkel sin argumentasjon om metodologisk nasjonalisme som reproducerer ein kolonial, nasjonalstat-sentrert visjon av samfunn oppretthalde av global ulikskap. Klarenbeek (2019) påpeiker at det er nødvendig å ha eit kritisk blick på begrep og korleis vi forstår integrering.

Mange faktorar påverkar korleis innvandrarak tilpassar seg eller blir inkludert i nye heimland (Ersanilli & Koopmans, 2011; Martiny, Froehlich, Soltanpanah & Haugen, 2020). Nasjonal og etnisk identitet spelar ei stor rolle i innvandrarak sin opplevde integrasjon i Norge, og samsvarar med funn i andre land (Martiny et al., 2020). Effekten av policy ser ut til å vere av mindre betydning (Ersanilli & Koopmans, 2011). Til tross for at Europa ofte blir presentert som eit heile, og dei ulike landa har liknande regime for mottak av innvandrarak, kan forskjellar mellom landa få store konsekvensar (Belabas & Gerrits, 2017; Bjartnes & Sørensen, 2019; Börzel & Risse, 2018; Magnussen, 2020). Arbeid for å implementere strategi og politikk blir utført av bakkebyråkratar (Belabas & Gerrits, 2017; Magnussen, 2020). Dette skal iverksette policy, men forskning viser at det skjer ei vidare fortolking av reglar og praksis. Kjønnslkestilling er ein sterk verdi i mange såkalla mottakar-land, og blir ofte brukt som eit argument for integrering, særleg for innvandrarak-kvinner. Lkestilling blir gjerne brukt som eit mål på kor integrert kvinner er, som ein verdi, ein rettighet for kvinner og ei plikt (Bjartnes & Sørensen, 2019; Magnussen, 2020).

3.3 Paradoks i migrasjonsregimet

Det europeiske migrasjonsregimet inneheld fleire paradoks (Bendixsen, 2016; Börzel & Risse, 2018; Lucassen, 2019; Takle, 2018). Lucassen (2019) trekk fram korleis menneske kan røre seg fritt over landegrensar innanfor EU på same tid som grensene er stengt for dei som står utanfor. Vidare peiker han på det internasjonale arbeidet med å utvikle globale institusjonaliserte anti-diskriminerande rammeverk (lokalisert til FN),

samtidig som nativistiske og framandfiendtelege diskursar som legitimerer eksklusjon og diskriminering er betydelege faktorar (Lucassen, 2019). «Krisa» som oppstod i løpet av 2015 utfordra den kollektive europeiske forståinga av ansvar (Brekke & Staver, 2018; Börzel & Risse, 2018; Takle, 2018). For enkelte europeiske land førte EU sitt manglande felles ansvar til stor ulikskap i byrde-fordelinga (Börzel & Risse, 2018; Takle, 2018), og fleire nasjonalstatar renasjonaliserte innvandringspolitikken (Brekke & Staver, 2018; Börzel & Risse, 2018). Endringa i europeisk integreringspolitikk inneber ei normativ endring. Personleg åtfærd og verdiar er blitt avgjerande for å vise seg som ein god borgar, og slik er det opp til individet å bli integrert (Mouritsen, Jensen & Larin, 2019). I kjølvatnet følgjer institusjonalisering av insentiv og disiplinerande integreringsprosessar, som fungerer som middel til å kontrollere innvandring (Mouritsen et al., 2019). Også den norske innvandringspolitikken har gjennomgått ei endring som inneber ein strengare politikk med sterkare innslag av midlertidigheit (Brekke, Birkvad & Erdal, 2021; Brekke & Staver, 2018; Eggebø & Staver, 2020).

3.4 Arbeid og innvandrarar

Ei snever forståing av integrering og innvandrarar sine behov er med på å gjere overgangen til ordinært arbeid vanskeleg for mange innvandrarar (Rugkåsa, 2011; Øverbye, 2018). Studiar viser at innvandrarar opplever arbeid som svært viktig (Grue et al., 2019; Llinares-Insa, Roldán-Pardo, González-Navarro & Benedito-Monleón, 2020; Scheibelhofer & Täubig, 2019). Innvandrarar har lågare sysselsettingsrate (Algan, Dustmann, Glitz & Manning, 2010; Elstad & Heggebø, 2019; Halvorsen, 2011), men det er store forskjellar mellom innvandrarar (Bratsberg et al., 2016). Innvandrarar som er framande i klesdrakt eller utsjånad har særleg store problem med å skaffe seg arbeid, og diskriminering er eit reelt problem i Norge og Europa (Mergener & Maier, 2019; Midtbøen & Kitterød, 2019; Steinmann, 2019).

Innvandrarar har problem med å etablere seg på arbeidsmarknaden (Algan et al., 2010; Barrett & Duffy, 2008; Colic-Peisker & Tilbury, 2007; Elstad & Heggebø, 2019; Fasani, Frattini & Minale, 2018; Hagelund & Kavli, 2009; Kosny et al., 2019; Willott og Stevenson, 2013). Dei finn ofte midlertidige og usikre jobbar (Kosny et al., 2019; Lewis, Dwyer, Hodkinson & Waite, 2014). Manglande kunnskap om arbeidsmarknaden, forventningar og uformelle reglar i arbeidslivet er noko av det som kompliserer det å finne seg arbeid (Kosny et al., 2019; Willott & Stevenson, 2013). Flyktningar strevar mest på arbeidsmarknaden (Fasani et al., 2018; Friberg & Midtbøen, 2018), og taper human kapital, særleg gjeld det dei med høgare utdanning (Arendt, 2022; Colic-Peisker & Tilbury, 2007). Problema innvandrarar opplever i forsøket på å skaffe seg arbeid gjer dei til ei særleg gruppe for fokus på aktiviseringspolitikk (Hagelund et al., 2016; Hagelund & Kavli, 2009; Hansen, 2019)

Innvandrarar får varierende bistand til å sikre seg arbeid (Grue et al., 2019; Kosny et al., 2019). Til tross for utstrekt bruk av program for å legge til rette for sysselsetting, er det manglande vurderingar av effekten slike program har (Butschek & Walter, 2014).

3.5 Norden og Skandinavia

Dei nordiske landa har omfattande samarbeid om ulike politiske utfordringar, også om integreringsarbeidet (Karlsdottir, Sigurjonsdottir, Hildestrand & Cuadrado, 2017; Østby & Gulbrandsen, 2022). Innvandrarar si låge deltaking på arbeidsmarknaden er eit fokusområde for samarbeidet mellom dei nordiske landa (Jakobsen, Korpi & Lorentzen, 2019). Det er stor variasjon i sysselsettingsrater, og klare forskjellar på innvandrarar og den øvrige befolkninga si sysselsetting (Hernes, Arendt, Joonas & Tronstad, 2019; Østby & Gulbrandsen, 2022).

Norge, Sverige og Danmark har alle gjort endringar i sin integreringspolitikk (Borevi, Jensen & Mouritsen, 2017; Jakobsen et al., 2019). Den meir restriktive politikken kviler på eit mange-fasettert

rasjonale (Brochmann & Midtbøen, 2020). Dei skandinaviske landa har tilsynelatande like tiltak og idear om integrering (Borevi et al., 2017; Brochmann & Midtbøen, 2020; Hernes et al., 2019; Jakobsen et al., 2019). Til tross for at landa bruker same begrep og integreringsregimet ser likt ut, er fundamentet politikken kviler på ikkje einsarta (Borevi et al., 2017; Hernes, 2018.; Hernes et al., 2019; Jakobsen et al., 2019). Danmark har ført ein langt strengare innvandringspolitikk enn Norge og Sverige, utan at dette har ført til at Danmark har lykkast betre med sitt integreringsarbeid (Jakobsen et al., 2019). Samanlikna med Danmark og Sverige har Norge høgare sysselsettingsnivå for innvandrarak med låg utdanning (Hernes et al., 2019). Sverige og Norge har høgast sysselsetting for innvandrarak med vidaregåande og høgare utdanning og Danmark har betre estimerte sysselsettingsrater for alle grupper dei første åra (Hernes et al., 2019).

4 Teoretisk perspektiv

Kapittelet presenterer teoretisk ramme for problemstillinga *Korleis opplever innvandrara forholdet mellom integrering og arbeid i møtet med norsk arbeidsliv?* Avhandlinga fokuserer på fenomenet arbeid og integrering der innvandrara sine levde erfaringar står sentralt. Sjølv om erfaringar er subjektive vil deira erfaringar gi grunnlag for forståing og utvida kunnskap i sosialt arbeid med arbeid og integrering.

4.1 *Praksisnær kunnskap*

Praksisnær forskning er sentralt i utviklinga av det sosiale arbeidet (Natland & Solem, 2019). Gapet mellom praksis og teori og ulike tradisjonar innanfor fagfeltet har vore gjenstand for forskning og debatt (Brottveit, 2008). Ifølgje Brottveit (2008) har det vore problematisert av kritiske røyster at sosialt arbeid er nært forbunde med praksisfeltet. Den praksisnære forskinga representerer imidlertid eit potensielt bidrag til å dokumentere at tiltak verkar, legitimere praksis, bidra til å løfte fram utfordringar eller foreslå betre løysingar/forbetre praksis (Natland & Solem, 2019).

Ifølgje Douglas (2014) lir samfunnsvitskapane under eit underlegenheitskompleks. Naturvitskapen er «idealet» for sann kunnskap. Men, innan samfunnskunnskap (der sosialt arbeid inngår) er objektet eit subjekt, noko som får følgjer for forskinga (Flyvbjerg, 2009, s 45). Samfunnsforskinga må derfor forhalde seg til kunnskap som noko *meir* enn epistemisk kunnskap (Flyvbjerg, 2009). Aristoteles sine begrep episteme, techne og fronesis, synleggjer ulike måtar å tenke om kunnskap.

Teoretisk, vitskapleg viten kallast episteme (Bornemark, 2020; Flyvbjerg, 2009). Denne er universell, uforanderleg og uavhengig av kontekst. Produksjon av viten varierer ikkje med tid og stad, og kunnskapen er basert på generell analytisk rasjonalitet (Bornemark,

2020; Flyvbjerg, 2009). Viten om *kvifor*. I denne avhandlinga kjem denne kunnskapen til syne i t.d. fakta om innvandrarar si sysselsetting. Praksisnær forskning utviklar bl.a. tiltak og metodikk. Techne er kunnskap om korleis ein utfører ulike oppgåver og blir gjerne beskrive som handverk eller praktisk arbeid (Bornemark, 2020; Flyvbjerg, 2009). Kunnskapen er pragmatisk, konkret og orientert mot produksjon av t.d. auka velferd gjennom praksisnær kunnskap som bidrar til å utvikle meir treffande tiltak, eller synleggjer effekt el.l. Denne kunnskapen er ikkje avhengig av person, men av oppskrifta eller manualen (Bornemark, 2020; Flyvbjerg, 2009). Kunnskapen er basert på praktisk instrumentalrasjonalitet og er styrt av eit bevisst mål – altså for å oppnå eit spesifikt mål (Bornemark, 2020; Flyvbjerg, 2009). Viten om *korleis*. Det dreier seg her om korleis ein skal utføre oppgåver som å skrive vedtak, gjennomføre ulike vurderingar. Den tredje kunnskapsforma er fronesis. Fronesis er praktisk klokskap – å utvikle god dømekraft som kan tilpassast ulike situasjonar (Bornemark, 2020; Flyvbjerg, 2009). Dette er ein sentral kunnskapsform i sosialt arbeid fordi sosialt arbeid rettar seg mot forbetring av enkeltmenneske sine levekår (Eide & Skorstad, 2020). Fronesis er praktisk, variabel og avhengig av kontekst (Bornemark, 2020; Flyvbjerg, 2009). Kunnskapen er orientert mot handling, basert på praktisk verdirasjonalitet. Det er kunnskap som aukar den enkelte si evne til å ta gode avgjerder i spesielle situasjonar. Kunnskapen rører seg frå det universelle til det spesielle og omfattar praktisk viten og praktisk etikk (Bornemark, 2020). Fronetisk kunnskap handlar om korleis ein i gitte situasjonar tileignar seg reglar eller møter sine medmenneske, noko som krev vurdering, skjønn og forståing for det spesifikke for den gitte situasjonen. Den generelle kunnskapen vil bli tilpassa kvar enkelt og inkluderer ulike element. Viten om korleis ein skal opptre og reagere under ulike omstende og situasjonar kan aldri bli lik som eller reduserast til allmenne sanningar (Bornemark, 2020). Denne kunnskapen byggjer på både episteme og techne, og tar opp i seg den enkelte si dømekraft (Bornemark, 2020). Det er personleg kunnskap som ikkje kan lærast bare ved hjelp av å lese bøker (Bornemark, 2020, s

50). Funna i denne avhandlinga rettar seg mot å bidra til alle dei ulike formene, men kanskje særleg denne siste.

4.1 Sosialt arbeid, sosialpolitikk og dømekraft

Sosialt arbeid som profesjon er samanvevd med menneske sine behov, men òg med sosialpolitiske mål og realitetar (Kjørstad, 2019; Lødemel, 2019; Molander & Terum, 2008; Røysum, 2014; Terum et al., 2012). Ifølgje Nyseter (2015) og Erlien (2016) er verdigrunnlaget i sosialt arbeid i endring, og stadig oftare tas avgjerder i ein isolert setting, lausrive frå faget. Sosialpolitikken får slik større innverknad på rammene for det sosiale arbeidet (Banks, 2012; Stjernø, Jessen, & Johannessen, 2014; Weinberg & Banks, 2019; Aamodt, 2019). Det kjem bl. a. til uttrykk gjennom auka fokus på nyliberalistiske idear operasjonalisert gjennom New Public Management og aktiveringspolitikk. Desse er til stades t.d. i NAV og påverkar korleis innvandrara opplever møtet med norsk arbeidsliv (Ask & Berg, 2011; Kjørstad, 2017; Stjernø et al., 2014; Terum et al., 2012). Ifølgje Bornemark (2020) synleggjer det endra fokuset kor viktig det er å utvikle god dømekraft i profesjonane.

Skjønn og dømekraft er sentrale element i sosialt arbeid (Bergheim, 2014; Rugkåsa, 2014; Schön, 1991), og kunnskapsutvikling. Dømekrafta er vår evne til å omgåast predikat; vår predikative kompetanse (Nerheim, 1991). Dømekraft krev evne til å sjå verda frå perspektivet til ein annan (Young-Bruehl, 2006), t.d. innvandrara. Gjennom andre sitt perspektiv, gjennom å utveksle tankar og idear i dialog med andre utviklar og trener vi dømekrafta vår (Young-Bruehl, 2006). For å bidra til mangfaldig forståing har eg i denne studien innhenta erfaringskunnskap. Erfaringar dannar grunnlaget for det empiriske materialet og problemstilling og forskingsspørsmål i avhandlinga. Subjektive individuelle erfaringar opplyser fenomenet og inngår som ei viktig kunnskapskjelde. Sayad (2004) hevdar at

erfaringar – òg immigrasjonserfaringar - blir ein del av kven vi er. Han seier at erfaring ikkje er noko ein *har*, men inngår i kven ein *er*:

..., to immigrate means to immigrate together with one's history (immigration itself being an integral part of that history), with one's traditions, ways of living, feeling, acting, and thinking, with one's language, one's religion and all the other social, political, and mental structures of one's society – structures characteristic of the individual and also of society, since the former is no more than the embodiment of the latter – or, in a word, with one's culture. (s 3 og 4).

Om eg legg Sayad si forståing til grunn bør erfaringar òg inngå i kunnskapsgrunnlaget i sosialt arbeid for slik å anerkjenne levde erfaringar som sentralt i utvikling av kunnskap og dømekraft.

Dømekrafta er sentral for godt fagleg skjønns og viktig fordi sosialfaglege skjønsmessige avgjerder får stor innverknad på menneske sine liv (Eide & Skorstad, 2020; Kjørstad, 2019; Malmberg-Heimonen, Tøge, Rugkåsa & Gyüre, 2019; Solvang, 2017; Stjernø et al., 2014). Praktikarane i sosialt arbeid er bakkebyråkratar (Kjørstad, 2019; Lipsky, 2010) og Lipsky (2010) sin definisjon av bakkebyråkrat står i tett relasjon til skjønnsbegrepet. «Public service workers who interact directly with citizens in the course of their jobs, and who have substantial discretion in the execution of their work are called street-level bureaucrats ...» (Lipsky, 2010, s 3). Ifølgje Grimen og Molander (2008) er skjønnsbedømming som kviler på svake normative haldepunkt (s 182). Fagleg skjønns inneber å handle godt, rett og hensiktsmessig – til beste for klienten (Bergheim, 2014). Å sette seg inn i andre sitt perspektiv krev vilje og evne til å lytte. Funn i denne studien kan slik bidra til å utvikle dømekrafta i sosialt arbeid. Kor representativ dømekrafta er, kviler på evna til å inkludere andre si forståing og perspektiv i eiga forståing (Arendt, 2003). Sosialt arbeid skal leggje til rette for vekst, utvikling og bruk av ibuande ressursar gjennom relasjonar og dialog (Garavan, 2013; Schön, 1991). Dialog og

symmetri kan bidra til å halde fokus på den ein samhandlar med som ein likeverdig person. Innvandrarar er ikkje passive mottakarar, men aktive subjekt. Deltakarane i denne studien har kunnskap og levde erfaringar som andre manglar. Dei ber med seg erfaringar som er sentrale for korleis dei kan finne seg til rette i sitt nye heimland. Ein dialogisk praksis ber i seg fokus på heile mennesket (Garavan, 2013). Det strekk seg vidare enn metode, dialogisk praksis er ein måte å oppnå og utøve vår humanitet, ein måte som er etisk og samarbeidande, ein som involverer sosialarbeidaren i eit autentisk engasjement med stemma og livet til den andre (Garavan, 2013, s 19). Ein slik praksis fokuserer på ei heilskapleg tilnærming og søker etter samarbeid og samhandling. Dette står i relasjon til Skjervheim (2002) som framhevar samanhengen mellom symmetri i dialog og korleis ein ser på andre menneske. Ifølgje Skjervheim (2002) er treledda dialog ein føresetnad for å sjå på ein samtalepartner som likeverdig – som eit likeverdig subjekt. Dersom ein ser på den ein kommuniserer med som ein del av saka er dialogen to-ledda, og ein utset samtalepartnaren for objektivering. Etter Skjervheim (2002) si meining inneber det framandgjerung av mennesket. Dette leier til ein asymmetrisk subjekt – objektrelasjon, eller med Skjervheim (2002) sine ord, ein tilskodar – deltakar distinksjon. Dersom vi ser innvandrarar som ei sak – noko anna enn oss sjølv vil det vere vanskeleg, kanskje umogleg, å få til ein likeverdig dialog. Det vil i så fall utfordre sentrale element ved sosialt arbeid, nemleg anerkjenning av ulikskap, myndiggjering og frigjering samt fokus på kvar enkelt sine ibuande resursar.

4.2 Marginalisering, ulikskap og sosial eksklusjon

Arbeidet med å motverke marginalisering og ulikskap er sentralt i sosialt arbeid (Bø, 2017; Aamodt et al., 2019). Like sentralt er det at velferdstenestene skal bidra til å sikre alle eit verdig og anstendig liv (Aamodt et al., 2019). Sosialt arbeid har mål om å fremje inklusjon, og på same tid motverke eksklusjon. Arbeid står sentralt i arbeidet med å

motverke marginalisering, ulikskap og sosial eksklusjon, og forskarar for forsøkt å forklare mekanismar knytt til arbeid på ulike måtar (Hernes, 2012). Levitas (2005) stiller seg kritisk til rådande diskursar, og teorien harmonerer godt med sosialt arbeid sitt kritiske blick på institusjonar og prosessar. Ifølgje Levitas (2005) peiker diskursen om sosial eksklusjon på ei (for) enkel løysing, nemleg at dei ekskluderte må flyttast over i kategorien for dei inkluderte. Alt dette skjer utan at vi undersøker kvifor nokon er ekskluderte, kva for mekanismar som kjem i spel. Levitas (2005) hevdar at sosial eksklusjon som begrep er problematisk i seg sjølv, fordi det byggjer på ei bestemt forståing - at den viktigaste skillelina i samfunnet går mellom den inkluderte majoriteten og den ekskluderte minoriteten. Denne avhandlinga viser at innvandrarar blir forstått som ei gruppe utan at individuelle behov blir adressert. Det trekk fokus vekk frå ulikskap innan gruppene, og dekker over dei store forskjellane som finst i våre samfunn (Levitas, 2005). Ifølgje Levitas (2005) er sosial eksklusjon del av ulike diskursar som manifesterer desse problema i varierende grad. Ho peikar på tre ulike diskursar som alle er relevante for denne studien fordi dei presenterer ei breiare forståing for sosial eksklusjon. Dersom eg følgjer Levitas (2005) sin argumentasjon så er det nødvendig å identifisere dei ulike diskursane for å kunne motverke sosial eksklusjon på ein effektiv måte.

Redistribuerings-diskursen

Redistribuerings-diskursen (RED) fokuserer på fattigdom som viktigaste grunn til sosial eksklusjon (Levitas, 2005). Fattigdom forståast som å omfatte ressursar, og strekk seg utover det materielle. For å bøte på eller endre på eksklusjon må det til ei radikal omfordeling og redistribusjon av ressursar og makt (Levitas, 2005). Det er prosessane som leier til ulikskap som er i fokus i redistribuerings-diskursen. Diskursen er relevant for studien då fattigdom, særleg i denne utvida forståinga, er ein sentral faktor for sosial eksklusjon. Fokuset er retta mot sosial, politisk, kulturell og økonomisk deltaking. Omfordeling føreset redusert

fattigdom gjennom auka overføringar gjennom sosiale ytingar, og potensiell validering av ulønt arbeid (Levitas, 2005).

Moralsk underklasse diskursen

I moralsk underklasse diskursen (MUD) er fokuset retta mot moralske og åtferdsmessige trekk ved dei ekskluderte sjølv (Levitas, 2005). Dei sosialt ekskluderte framstår kulturelt særigne eller annleis enn majoriteten (Levitas, 2005). Med andre ord lar dei seg enkelt identifisere fordi dei skil seg ut. Moralsk underklasse diskursen er relevant for studien då deltakarane fleire gonger ga uttrykk for at dei var medvetne om at dei skilte seg ut, og dermed blei synlege representantar for ei gruppe.

Maybe this will affect how the state regards immigrants. I think I should get an education or a job to give back to the state. Because the state helped me and gave me a safe place to stay. Money to start, to study, so... I keep thinking I must do something good in this country. (Tarik i artikkel 2).

Velferdsordningar blir i moralsk underklasse diskursen oppfatta som ein del av problemet fordi dei kan føre til avhengigheit, og dempe incentiva til at dei ekskluderte tar seg saman og kjem seg over i gruppa av inkluderte (Levitas, 2005). Diskursen ignorerer og overser ulikskap i resten av samfunnet, og anerkjenner ikkje ulønt arbeid. Avhengigheit til staten blir oppfatta som eit problem men personleg økonomisk avhengigheit (særleg kvinner og barn av menn) blir ikkje problematisert (Levitas, 2005).

Sosial integrasjonist diskursen

Sosial integrasjonist-diskursen (SID) rettar det sentrale fokuset mot løna arbeid, og definisjonen av sosial eksklusjon og inklusjon er avgrensa til deltaking i løna arbeid (Levitas, 2005). Funn i studien tyder på at det ikkje er tilstrekkeleg å ha arbeid for å vere sosialt inkludert. Fordi sosial integrasjonist diskursen handlar om arbeid eller ikkje arbeid blir ulikskap mellom dei sysselsette oversett. Fattigdom er einseitig forstått som knytt

til arbeid, og auka stønadsnivå på sosiale ordningar er ikkje tema (Levitas, 2005). Lønnsforskjellane mellom menn og kvinner blir ikkje tematisert. Legitimiteten ved å stå utanfor det løna arbeidslivet er heller ikkje inkludert i diskursen (Levitas, 2005).

Djuve og Kavli (2019) viser til fleire moment ved dei ulike diskursane som grunnlag for opprettinga av Introduksjonsprogrammet. I den seinare tida har imidlertid argumentasjon som kan knytast til MUD vunne stadig større terreng (Djuve & Kavli, 2019). Korleis det offentlege ordskiftet forhold seg til sosial eksklusjon og inklusjon har dermed endra seg. Dette påverkar dei som møter velferdsprofesjonane som tenestemottakarar, som deltakarane i denne studien. Det påverkar òg profesjonane, som sosialt arbeid. Marginaliserte grupper, rettferd, solidaritet og arbeidet for å bøte på fattigdom var utgangspunktet for det sosiale arbeidet (Bø, 2017; Kokkinn, 2005). Samfunnet si oppfatning av innvandrarar og integrering har prega profesjonen, og det tok tid før rettigheter, forståing og mangfald blei dominerande i sosialt arbeid si tilnærming til innvandrarar (Bø, 2017). Nye tilnærmingar har vunne terreng i sosialt arbeid (Boccagni & Righard, 2020; Dominelli & Ioakimidis, 2016). Rugkåsa og Ylvisaker (2019) hevdar at eit kritisk blikk på kulturalisering manglar i den skandinaviske diskusjonen om kultursensitivitet, kulturalisering og kulturkompetanse. Dei argumenterer for inklusjon av interseksjonalitet i kulturkompetanse, støtta av fleire forskarar (Garran & Rozas, 2013; Käkelä, 2020; Nadan, 2017; Rugkåsa & Ylvisaker, 2019)

5 Metodologi

Dette kapitlet gir eit rasjonale for framgangsmåten i studien gjennom beskriving av vitskapsteoretisk posisjon, forskingsdesign, metode, studien sin kvalitet samt forskningsetiske vurderingar.

5.1 Vitskapsteoretisk posisjon

Hermeneutisk fenomenologi er studien sin vitskapsteoretiske posisjon. Fenomenologien sin kjerne (eller metode) er å studere saka sjølv (Bengtsson, 2001; Husserl, 2019; Zahavi, 2019). Bengtsson (2001) skriv «... *sakerna själva* och vår tilgång till dem är *erfarenheten*» (s 26). Fenomenologi inneber å studere eit avgrensa fenomen (Zahavi, 2019), som i denne avhandlingen er *samanhengen mellom arbeid og integrering*.

Det grunnleggjande prinsippet i hermeneutisk fenomenologi er at våre mest basale erfaringar allereie er fulle av meining (Bengtsson, 2001; van Manen, 2014; Merleau-Ponty, 2012). I denne avhandlingen utforskar eg arbeid og integrering gjennom erfaringane til innvandrara med fluktbakgrunn. Erfaringane deira er i seg sjølv ei kjelde til kunnskap og forståing. Innvandrara si erfaring, eller levde erfaringar, (Zahavi, 2019) opplyser fenomenet. Slik blir innvandrara sine levde erfaringar ei viktig kjelde til informasjon og kunnskap i arbeidet med å utforske samanhengen mellom arbeid og integrering.

Levde erfaringar inneber refleksjon over det pre-reflektive⁶ eller pre-predikative ved menneskeleg eksistens mens vi lever det (van Manen, 2014). Hermeneutisk fenomenologi bruker tilbaketrekt refleksjon over basale strukturar av levde erfaringar i menneskeleg eksistens som metode (van Manen, 2014, s 26), og målet er å transformere levde erfaringar til tekstlege uttrykk (van Manen, 1990, s 36). Miles, Chapman

⁶ Pre-reflektiv: det som skjer før ein reflektere eller tenker over noko

og Francis (2015) beskriv levde erfaringar som ein lauk. Meining sitt i kvart lag, kvart lag avdekker eit nytt nivå av meining (Miles et al., 2015). Det inneber at meininga blir avdekka gjennom fortolking. Mi forskning handlar slik om å samle erfaringar, fortolke desse og gi dei eit tekstleg uttrykk i form av vitenskaplege artiklar.

Ifølgje Heidegger (2018) byggjer all vår viten på forståing. Føremålet med fenomenologisk forskning er forståing av dei underliggjande strukturane funne i kvardagslege erfaringar for deltakarane og korleis medvitte kan (be)gripe desse (Zahavi, 2019). Fenomenologien framheld at medvitte er retta mot noko, og at dette noko har meining (Thornquist, 2003). Mennesket sitt medvitte er intensjonalt; det er alltid retta mot noko, medvitte rettar seg ut mot verda og det som er gjenstand for merksemda (Zahavi, 2019). Hermeneutikken framhevar at dette noko (i denne studien erfaringane til innvandrarar) som medvitte rettar seg mot ikkje er umiddelbart gitt, men må fortolkast (Thornquist, 2003, s 175). Det er slik ikkje nok å fokusere på erfaringane, desse må setjast inn i ein samanheng, og fortolkast. Eg har derfor valt ein fortolkande metode for å analysere delstudiane 2 og 3 som byggjer på det empiriske materialet.

Det er dei levde erfaringane til deltakarane som står i sentrum for forskinga i denne avhandlinga. Ifølgje van Manen (2014) kjem innsikt til oss i ein modus av undrande, refleksiv, spørrende tilstand, av å omgi oss med og fokusere på kjelder og meiningar av levd liv (s 27). Forståing og meiningsskaping byggjer på den subjektive opplevinga (van Manen, 2014), og kvar og ein si erfaring gir innsikt i fenomenet. Slik er kvar deltakar si livsverd fylt med unike erfaringar, og gir på same tid innsikt i eit fenomen gjennom fortolkande analyse.

5.2 Forskingsdesign

For å utforske arbeid og integrering har eg valt eit kvalitativt forskingsdesign. Kvalitativ forskning forsøker å røre ved den djupare meininga ved særlege menneskelege erfaringar for å produsere rikare

observasjonar som ikkje utan vidare lar seg redusere til tal (Creswell & Poth, 2018; Patton, 2015; Thagaard, 2009). Gjennom å intervjuje innvandrarar med levde erfaringar fekk eg tilgang til eit data-materiale som ga innsikt i nettopp dette.

Eit kjenneteikn ved kvalitativ forskning er nærleik til forskingsfeltet og menneska som inngår i forskingsarbeidet (Thornquist, 2003). I denne avhandlinga blei data innhenta i tett samarbeid med deltakarane. Deltakarane i studien har gitt eit innblikk i sin situasjon, og eg har fortolka deira fortellingar på bakgrunn av mi forståing. Eg som forskar forsøker å få innblikk i den subjektive meiningsverda til dei som har bestemte erfaringar (slik som arbeid og integrering) (Kvale & Brinkmann, 2015; Malterud, 2017; Thornquist, 2003). Vidare bruker eg meg sjølv i forskinga ved t.d. å gjennomføre data-innsamlinga i samspel med den eller dei som blir intervju (Kvale & Brinkmann, 2015; Malterud, 2017; Thornquist, 2003). Styrken ved kvalitative metodar er inngåande og tett relasjon med tematikken, mens svakheita er det same – ein kan kome for tett på (Bryman, 2016; Patton, 2015; Thagaard, 2009).

5.3 Systematisk integrert litteraturgjennomgang (delstudie 1)

Ein litteraturgjennomgang systematiserer og samlar relevant informasjon og er eit viktig element i all forskning (Bryman, 2016; Malterud, 2017). Forsking som er gjort av andre kan bidra med viktig informasjon for å styrke forskingsprosjektet (Malterud, 2017). Denne litteraturgjennomgangen samlar forskning om samanhengen mellom arbeid og integrering i norsk velferdskontekst. Hensikta er å samanfatte kunnskap om tematikken og formidle kunnskapen til eit fagmiljø, (Toronto & Remington, 2020), i dette tilfellet sosialt arbeid. Forskingsspørsmålet for delstudie 1 er: Kva for kunnskap om samanhengen mellom arbeid og integrering er beskrive i tidlegare forskning om den norske velferdskonteksten?

Ulike tilnærmingar til litteraturgjennomgang er eigna til å utforske ulike typar spørsmål eller studiar (Grant & Booth, 2009; Toronto & Remington, 2020). Forskingsspørsmålet i artikkelen famnar breitt for å presentere kunnskapsstatus på feltet. Ein integrert litteraturgjennomgang [IR] kan adressere nåverande tilstand, kvaliteten på kunnskap, kunnskapshol samt identifisere framtidige steg i forskning og praksis (Toronto, 2020). Ein IR samlar og vurderer kjent kunnskap på ein systematisk måte (de Souza, da Silva & de Carvalho, 2010; Whitemore & Knafl, 2005). Der tilnærmingar som systematisk litteraturgjennomgang sine strenge kriteria kan verke begrensande, kan IR sine breie kriteria opne for å fange kontekst, prosessar og subjektive element av fenomenet arbeid og integrering og IR eignar seg godt for denne litteraturgjennomgangen. Studiane som er inkludert i denne litteraturgjennomgangen omfattar både kvalitative og kvantitative artiklar med stor grad av variasjon i metode og datatilfang. IR har ei brei tilnærming og ein mangfaldig utvalsstrategi som inkluderer både empirisk og teoretisk litteratur (Toronto, 2020). Det er unikt for IR at både empiriske og teoretiske kjelder kan inkluderast for å forstå eit fenomen i djupn og breidde (Whitemore & Knafl, 2005).

Det metodiske rammeverket for integrert litteraturgjennomgang har sitt utspring i helsefag (Whitemore & Knafl, 2005), men er nå brukt i større delar av forskingsfeltet. Integrerte litteraturgjennomgangar knytt til sosialt arbeid omfattar tema som ungdom med særlege behov (Almqvist & Lassinantti, 2018), resiliens (Aburn, Gott & Hoare 2016) og balanse i arbeid og livet (Sirgy & Lee, 2018). Hajro, Stahl, Clegg og Lazarova (2019) skriv om innvandrarak og korleis dei tilpassar seg ny livssituasjon.

IR kan gjennomførast på ulike måtar (Toronto, 2020). Eg har brukt Whitemore og Knafl (2005) si tilnærming med fem ulike steg: (1) formulering av spørsmål, (2) litteratur søk, (3) kvalitetsvurdering, (4) analyse og (5) framstilling av funn.

5.3.1 Formulering av spørsmål

Ifølgje Whitemore og Knafl (2005) er det sentralt å utarbeide eit klart fokus for litteraturgjennomgangen. Det er relativt avgrensa forskning på arbeid og integrering innan norsk kontekst. Mitt mål var å tileigne meg oversikt over tidlegare forskning om arbeid og integrering i Norge. Det sto vidare sentralt å få ei brei oversikt over aktuell og tilgjengeleg kunnskap. Dette kjem til uttrykk i formuleringa av forskingsspørsmålet: Kva for kunnskap om samanhengen mellom arbeid og integrering er beskrive i tidlegare forskning om den norske velferds konteksten?

5.3.2 Systematiske litteratur-søk

Søke-strategien influerer på funna og ein mangelfull strategi kan gi upresise eller feilaktige funn (de Souza et al., 2010; Whitemore & Knafl, 2005). Søk etter data blei gjennomført i fire ulike databasar (Scopus, Academic Search premier, Soc Index og Idunn) og ein søkemotor (Oria). Eg brukte ulike søkeord, på norsk og engelsk for å sikre ein så målretta og robust søkestrategi som mogleg (sjå artikkel 1 for oversikt). Ein universitetsbibliotekar bistod meg for å kvalitetssikre søket. Eg utarbeidde ein protokoll med kriteria for inklusjon og eksklusjon for å sikre ein systematisk og tydeleg strategi for data-materialet (sjå PRISMA flow diagram i artikkel 1). Etter at søka var gjennomført blei duplikat fjerna, dette resulterte i eit materiale som omfatta 645 artiklar. Basert på kriteria blei data-materialet redusert til 20 inkluderte artiklar. Som vist i figur 1 PRISMA flow diagram i artikkel 1 gjennomførde eg manuell sjekk av alle inkluderte artiklar for å fange opp ytterlegare studiar. I tillegg sjekka eg relevante databasar. Det blei inkludert åtte studiar etter denne gjennomgangen (dette er nærare beskrive i artikkelen).

Denne IR'en inkluderer ikkje grå litteratur. Grå litteratur er tilgjengeleg informasjon som kan finnast både trykt og elektronisk, men utan at dette er kontrollert av fagfeller (Toronto & Remington, 2020). Den grå litteraturen omfattar ei mengde kjelder (offentlege rapportar,

avhandlingar, digitale publikasjonar m.m.). Det finst eksempel på IR som inkluderer grå litteratur, men òg IR som ikkje inkluderer grå litteratur (Hopia, Latvala & Liimatainen, 2016).

Ifølgje Whitemore og Knafl (2005) er det nødvendig å bruke fleire søkestrategiar for å sikre eit godt resultat då dei meiner at elektroniske søk er forbunde med risiko for å oversjå eller ikkje oppdage viktige studiar. Ei dokumentert og transparent data-innsamling sikrar truverdigheit og nøyaktigheit (de Souza et al., 2010). Til tross for ein systematisk søkestrategi og omfattande protokoll er funna i slike søk forbunde med ei viss usikkerheit, og det er derfor mogleg at eg ikkje har oppdaga alle relevante kjelder (dette er nærare beskrive i artikkelen).

5.3.3 Kvalitetsvurdering

Artikkel 1 inneheld ein tabell som presenterer mål og hensikt, metode, utvalsstrategi, utval, data-innsamlings metode og funn i dei 28 inkluderte studiane. Whitemore og Knafl (2005) hevdar at det ikkje finst ein spesifikk måte å gjennomføre kvalitetsvurdering på. Eg har lagt til grunnkvalitetskriteria utvikla av Gray og Grove (2017), og alle studiane er vurdert etter same kvalitetsmål. Dette er nærare beskrive i artikkel 1.

5.3.4 Refleksiv tematisk analyse

Varierte analysemetodar kan brukast i ein systematisk integrert litteraturgjennomgang (Toronto & Remington, 2020), men analysen må vere klar og tydeleg (Toronto & Remington, 2020; Whitemore & Knafl, 2005). Eg har valt Braun og Clark sin refleksive tematiske analyse [TA]. TA søker etter å identifisera, analysera og beskrive mønster som gjentek seg i data-materialet (Braun & Clarke, 2006, 2019, 2021; Toronto & Remington, 2020). Braun og Clarke sin refleksive tematiske analyse er ikkje bunden til teoretisk eller epistemologisk posisjon eller ein spesifikk metode (Braun & Clarke, 2006, 2019, 2021). Ifølgje Braun og Clark (2006) tillèt analysemetoden samfunnsvitskaplege forklaringar, men er

og eigna for å frambringe analyser som kan informere utvikling av policy. Dette korresponderer godt med forskingsspørsmålet og hensikt med studien.

Metoden er godt eigna til å handtere store mengder data (Braun & Clarke, 2006, 2019, 2021), noko som harmonerer med den store datamengda i delstudien. TA rommar både likskap og ulikskap i datasettet, både innan ei kjelde og på tvers av datasettet (Braun & Clarke, 2006, 2019, 2021). Slik er det òg mogleg å oppdage samanhengar som ikkje er openberre før analyse-arbeidet.

Den refleksive tematiske analysen omfattar seks fasar (Braun & Clarke 2006, 2019, 2021):

Fase 1: Fordjuping i materialet. Eg leste alle studiane som er inkludert i IR'en. Mens eg leste gjorde eg notat og markerte interessante punkt i henhold til forskingsspørsmålet. Eg leste så alle artiklane ein gong til, og noterte stikkord og tentative kodar på eit separat ark for kvar studie.

Fase 2: Definere innleiande kodar. I denne fasa arbeidde eg vidare med stikkord og dei tentative kodane. Eg vurderte og utvikla desse og definerte innleiande kodar. Det var ein møysommeleg prosess og tok overraskande lang tid. Fleire av dei tentative kodane eg noterte i første fase blei til kodar, og slik flyt fase 2 delvis saman med fase 1.

Fase 3: Leite etter tema. Eg hadde mange sider med kodar, stikkord og idear. Eg grupperte kodar som såg ut til å ha koplingar til kvarandre (diskriminering og eksklusjon), og hengte opp alle kodane på veggen. Kontoret var fylt av lange rader med kodar som eg studerte for å oppdage samanhengar eller motsetnader. Eg lagde tentative kart, der eg flytta og sette saman kodar for å skape eit heile.

Fase 4: Evaluere og vurdere namn på tema. Så snart eg hadde eit rimeleg bilete av samanhengar mellom kodane, eller ikkje, starta evalueringa av tema. Fleire gonger gjekk eg tilbake til dei innleiande kodane for å sjå om tema-namna var dekkande. Namn blei endra og samanhengar styrkt eller svekt. Eg arbeidde meg fram mot ein klarare struktur og leste artiklane endå ein gong. Målet med det var å sjekke at kodane faktisk

representerte data-materialet, og at analysen ga ei beskriving av dei faktiske forholda.

Fase 5: Definere og namngi tema. Det er ein glidande overgang mellom fase 4 og 5 fordi evalueringa òg handlar om å namngi. Eg definerte kvart tema. I denne fasen brukte eg tid på å sikre at namnet var dekkande, og vurderte om eg skulle inkludere subtema. Igjen granska og vurderte eg tema. Kvart tema blei beskrive med korte stikkord, meint som ein konsis forklaring av kva dei inneheld. Prosessen pågjekk til eg var trygg på at tema representerte funna tilstrekkeleg godt.

Fase 6: Skrive artikkelen. Arbeidet med å skrive artikkelen gjekk parallelt med analyse-arbeidet. Analyse-arbeidet var krevjande, og skrivinga gjorde at tankar fekk modnast. Til dømes skreiv eg først ei deskriptiv syntese som ikkje var tilstrekkeleg analytisk og utvikla. Eg gjekk tilbake til funna etter at eg hadde skrive ulike delar av artikkelen. Ifølgje Braun og Clarke (2021) er det nødvendig å inkludere skriveprosessen i analysen. Eg vidareutvikla funna i artikkelen, og skriveprosessen fungerte som ein integrert del av analyse-arbeidet.

5.3.5 Framstilling av funn

Whittemore og Knafl (2005) sitt siste steg i IR er framstilling av funna. Funna er presentert i tekstleg form, men er understøtta av ein tabell med oversikt over data-materialet samt ein oversikt som viser stega i IR'en. (Sjå artikkel 1 for den fulle framstillinga av funna).

5.4 Fortolkande fenomenologisk analyse (delstudie 2 og 3)

Fortolking av tekst er ein sentral del av forskingsprosessen i kvalitative studiar (Bryman, 2016; Malterud, 2017; Patton, 2015; Thagaard, 2009), og eg har valt IPA som metodisk tilnærming.

Interpretative Phenomenological Analysis (IPA) er ein hermeneutisk fenomenologisk metode med eit strukturert rammeverk (Eatough &

Smith, 2017; Smith et al., 2009; Smith & Nizza, 2022). Metoden er utvikla av psykologen Jonathan A. Smith ved Birkbeck University of London og kviler på dei tre søylene fenomenologi, hermeneutikk og ideografi (Smith et al., 2009; Smith & Nizza, 2022). IPA fokuserer på det spesielle, det unike og søker djupn i analysen. Fortolkande fenomenologisk analyse er i seinare tid brukt på ulike fagfelt, også i sosialt arbeid (Vicary, Young & Hicks, 2017). Denne avhandlinga fokuserer på innvandrara sine erfaringar i møtet med norsk arbeidsliv og korleis dei fortolkar og skaper mening av den tette samanstillinga mellom arbeid og integrering. IPA er ein metode som vektlegg erfaringar og fortolking av desse, og er slik godt eigna til å utforske data-materialet. IPA kombinerer ein empatisk hermeneutikk med ein spørrende hermeneutikk, og er eit forsøk på å forstå frå perspektivet til intervju-personane (Smith et al., 2009). Målet med IPA er detaljert utforsking av korleis menneske skaper mening i si personlege og sosiale verd (Eatough & Smith, 2017; Smith et al., 2009; Smith & Osborn, 2008). I denne studien, innvandrara si meningsskaping knytt til arbeid og integrering. Det primære interessefeltet er personen si erfaring med fenomenet og kompleksiteten i meininga dei skaper av si erfaring heller enn strukturen av fenomenet i seg sjølv. Det er altså deltakarane sine erfaringar, deira livsverd, som står i fokus. IPA ser individ som ein kognitiv, lingvistisk, affektiv og fysisk veron og legg til grunn at det er samanheng mellom korleis folk snakkar, korleis dei tenker og deira emosjonelle tilstand (Eatough & Smith, 2017; Smith et al., 2009). Denne samanhengen er komplisert – folk strevar med å uttrykkje kva dei tenkjer og kjenner. Det kan vere grunnar til at dei ikkje ønskjer å dele alle sider ved eit fenomen og forskaren må tolke deltakarane sin mentale og emosjonelle tilstand ut frå kva dei seier (Smith & Osborn, 2008).

IPA har blitt kritisert for manglande fenomenologisk tilknytning (Giorgi, 2010, 2011; van Manen, 2017a, 2017b, 2018, 2019; Zahavi, 2018). Kritikarane hevdar at metoden fokuserer for mykje på dei kognitive sidene ved eit fenomen, og slik ikkje er tilstrekkeleg fokusert på det før-reflektive som beskrive av van Manen (2017a, 2018, 2019) og Zahavi

(2018). Tuffour (2017) oppsummerer kritikken mot IPA slik: 1) manglende anerkjening av språket si rolle, 2) spørsmålet om kor vidt IPA er i stand til å gripe erfaringar eller meiningar (det pre-reflektive) i staden for meiningar om desse erfaringane, 3) kor vidt fokus på oppfatningar er problematisk i relasjon til fenomenologi som utforskar levde erfaringar utan å forklare desse, 4) kor vidt IPA sitt fokus på kognisjon er problematisk.

Nestoren i deskriptiv fenomenologi Amedeo Giorgi (2010) kritiserte IPA for å mangle filosofisk grunnlag og vitenskapleg fundament. Fleksibiliteten i IPA er ifølgje Giorgi (2010) eit teikn på manglende vitenskapleg systematikk. Smith (2010) tilbakeviste kritikken ved å gjere greie for filosofisk og vitenskapleg grunnlag og viste til at Giorgi sin kritikk kvilte på eit tynt og delvis misforstått grunnlag. Giorgi (2011) oppretthaldt sin kritikk og avviste Smith si utgreiing. Van Manen (2017a, 2018) har hevda at IPA ikkje er ein fenomenologisk metode, men ein psykologisk metode fordi fokuset, ifølgje van Manen, ikkje er retta mot det pre-reflektive. Han kritiserte både vitenskapleg fundament, og metoden (van Manen 2017a, 2018). Smith (2018) avviste van Manen sin kritikk, og fasthaldt at IPA er fenomenologisk om han er ulik van Manen si forståing av kva som er ein ekte fenomenologisk metode. Zahavi (2018) tiltredde van Manen sin kritikk mot IPA, men hevda at òg van Manen mangla fundament for å hevde at hans *Phenomenology of practice* er fenomenologisk «in its original sense» (s 5).

Eg sette meg inn i kritikken, og leste litteratur som drøfta fenomenologi, især hermeneutisk fenomenologi. Eg kontakta fleire forskarar. Ein filosof råda meg til å betrakte IPA som ein samfunnsvitenskapleg metode, og forankre prosjektet i fenomenologien utover IPA. Eg har gjennom arbeidet fokusert på fenomenet i avhandlinga, og har gjort greie for min vitenskaplege posisjon. Usikkerheita om IPA har følgt meg men har òg leidd til utviklande og nyanserende samtalar med andre stipendiatar og forskarar. Til tross for usikkerheit har eg halde fast ved IPA. Metoden fokuserer på erfaringar som ei viktig kunnskapskjelde, og legg vekt på

fortolkingane. Eg vurderte metoden som hensiktsmessig fordi IPA fokuserer på subjektive erfaringar, og gir stort rom for å inkludere dei enkelte deltakarane sine levde erfaringar.

5.4.1 Rekruttering og utval

IPA studerer vanlegvis små og situerte utval (Smith & Osborn, 2008) for å sikre djupn og detaljert analyse. IPA anbefaler eit utval mellom fire og ti deltakarar (Smith et al., 2009, s 52). Eg har følgd anbefalingane frå Smith & Osborn (2008) og Smith et al. (2009), og utvalet i denne studien omfattar ti deltakarar. Eg ansåg det viktig å oppretthalde balanse mellom kjønn og ha eit tal på deltakarar som kunne tole at nokon kunne kome til å trekke seg frå vidare deltaking. Menn og kvinner kunne tenkast å ha ulike erfaringar, men eg har ikkje fokusert på ulikskap mellom kjønn i datainnsamling eller analyse. Utvalet gir slik data som gjorde det mogleg for meg å analysere arbeidet utan at mengda blei uoversiktleg eller overveldande, som anbefalt av Smith et al. (2009).

Ein målretta/strategisk utvalsstrategi sikrar deltakarar som har erfaring med fenomenet (Creswell & Poth, 2018; van Manen, 2014; Patton, 2015; Smith et al., 2009; Smith & Nizza, 2022). Begrepet innvandrarar med fluktbakgrunn i Stortingsmelding 30 (beskrive i pkt. 1.2 Begrepsavklaringar) danna utgangspunkt for utvalet. Eg ønskte å rekruttere innvandrarar som beherska norsk tilstrekkeleg godt til at dei sjølv kunne velje om dei ville bruke tolk eller ikkje. Mi vurdering var at deltaking i Introduksjonsprogrammet ville auke sjansen for tilstrekkelege norsk-kunnskapar, og det blei inkludert i kriteria. Introduksjonsprogrammet sitt alderskriterium (18 – 55) blei og lagt til grunn. Vidare la eg til grunn at deltakarane måtte ha arbeidserfaring. For å sikre representasjon av begge kjønn ønskte eg eit utval som inkluderte menn og kvinner.

Kriteria for utvalet var:

- Innvandrarar med fluktbakgrunn.

Metodologi

- Alder 18 – 55.
- Menn og kvinner.
- Ferdig med eitt år i introduksjonsprogrammet
- Erfaringar med arbeid og integrering i norsk velferds kontekst.

Det styrka utvalet at det inkluderte både menn og kvinner, i tillegg var fleire religionar og land-område representert. Deltakarane hadde variert arbeidserfaring (stillingsbrøk, bransje, i og utanfor opprinnelsesland) og bu-tid i Norge (1,5 – 10 år). Det viktigaste kriteriet var at dei alle hadde erfaringar knytt til arbeid og integrering.

Opphaveleg var det eit kriterium at deltakarane skulle ha kontakt med NAV. Eg tok kontakt med ti NAV-kontor for å rekruttere deltakarar (vedlegg 2 og 3). Bare to kontor formidla kontakt med aktuelle deltakarar. For å kunne utvide rekrutteringsbasen endra eg formuleringa i tentativ tittel på avhandlinga og overordna problemstilling frå NAV til arbeidsliv.

<i>Opphavleg</i>	<i>Endra til</i>
Dialog, mening og forståelseshorison. En studie av innvandreres møte med NAV.	Dialog, mening og forståingshorison. Ein studie av innvandrarar sitt møte med norsk arbeidsliv.
Korleis opplever innvandrarar forholdet mellom integrering og arbeid i møtet med NAV?	Korleis opplever innvandrarar forholdet mellom integrering og arbeid i møtet med norsk arbeidsliv?

Endringa fekk ikkje innverknad på kjernesporalet som var deltakarane sine erfaringar med arbeid og integrering innanfor norsk velferds kontekst. Eg tok kontakt med to introduksjonsprogram for å rekruttere fleire deltakarar. Eg forsøkte òg å rekruttere deltakarar ved hjelp av plakat på bibliotek. To personar tok kontakt, men kriterium for inklusjon var ikkje oppfylt.

Metodologi

Deltakarane blei rekruttert ved hjelp av tilsette i NAV eller Introduksjonsprogram. Dei tilsette kontakta aktuelle deltakarar, og informerte kort om studien (vedlegg 3). Dersom den aktuelle personen var interessert i å delta i studien fekk dei ytterlegare informasjon (vedlegg 4). Om dei framleis var interesserte i å delta fekk eg tilsendt namn og kontaktinformasjon til aktuell deltakar etter at dei hadde samtykka til at dette blei oversendt (vedlegg 5). Eg tok kontakt med deltakaren på telefon og avtalte intervju. Informasjonen deltakarane allereie hadde fått blei repetert, og dersom dei ville delta signerte dei samtykkeerklæringa (vedlegg 4). Dei blei og gjort merksame på at dei kunne trekke seg frå studien når som helst. Alle deltakarane har oppretthalde samtykket sitt. For å ivareta anonymiteten deira fekk dei alle tildelt eit pseudonym.

Tabell 2: Presentasjon av utval (deltakarane har fått fiktive namn)

Namn	Sivil status	Tid i Norge	Utdanning
Tarik	Ugift	1,5 år	Avbroten bachelor
Hamza	Gift	2 år	Universitet, uspesifisert
Nadia	Gift	2 år	Universitet, uspesifisert
Omar	Gift, 3 barn	4 år	Ungdomsskule
Anwar	Gift, 2 barn	3 år	Ungdomsskule
Mai	Gift, 3 barn	10 år	Ungdomsskule
Almaz	Gift	6 år	I gang med master
Eyob	Gift, 1 barn	3 år	Bachelor
Iman	Ugift, 1 barn	5 år	Bachelor
Nebez	Ugift	2 år	Ungdomsskule

To aktuelle deltakarar som samtykka til at eg kunne kontakte dei for å avtale intervju, trekte seg frå vidare deltaking. Den eine deltakaren trekte seg frå studien før vi hadde avtalt tidspunkt for intervju, den andre svarte ikkje på gjentekne forsøk på å avtale intervju.

Mitt utval er «valt ut» av andre. Det var viktig at deltakarane ønskte å delta, og målet var ikkje å sørge for eit representativt utval, men eit

homogent utval som kan opplyse fenomenet (Smith et al., 2009; Smith & Nizza, 2022). Eit homogent utval inneber i denne studien at alle deltakarane fyller kriteria og slik kan opplyse fenomenet (Smith et al., 2009; Smith & Nizza 2022).

Tabell 3: Deltakarane si arbeidserfaring og arbeidsstatus

Namn	Heimland	Arbeidserfaring (ordinær)	Arbeidsstatus
Tarik	Syria	Syria, Tyrkia, Norge	Introduksjonsprogrammet
Hamza	Syria	Syria, Tyrkia	Introduksjonsprogrammet + praksis
Nadia	Syria	Syria, Libanon	Introduksjonsprogrammet + praksis
Omar	Syria	Syria, Libanon, Hellas	Praksis
Anwar	Syria	Syria, Libanon, Saudi-Arabia	Introduksjonsprogrammet
Mai	Burma	Burma, Malaysia	Praksis
Almaz	Eritrea	Eritrea, Norge	Student + jobb
Eyob	Eritrea	Eritrea	Introduksjonsprogrammet + praksis
Iman	Kina	Kina	Introduksjonsprogrammet + praksis
Nebez	Syria	Syria	Introduksjonsprogrammet + jobb

Dei ti intervju-deltakarane er rekrutterte frå ulike stader på vestlandet.

5.4.2 Data-innsamling: Semi-strukturerte intervju

Intervju er godt eigna til å utforske eit fenomen i fenomenologiske studiar (Creswell & Poth, 2018; Eatough & Smith, 2017; Kvale & Brinkmann, 2015), og var derfor godt eigna i denne studien. Eg innhenta data til avhandlinga ved hjelp av semi-strukturerte intervju som blei gjennomført i perioden september 2017 – mai 2018.

Eg valde semi-strukturert intervju fordi det er kjenneteikna av ein fleksibel struktur der spørsmåla varierer i rekkefølge, og det er rom for oppfølgingsspørsmål til utsegner (Bryman, 2016; Kvale & Brinkmann, 2015; Malterud, 2017). Fleksibiliteten opnar opp for å følgje interessante spor (t.d. oppleving av ulik reaksjon hijab/ikkje hijab).

Intervjuguiden (vedlegg 6) hadde opne og lukka spørsmål og inkluderte ni spørsmål/tema. Eg gjennomførte to pilot-intervju for å prøve ut intervju-guiden, og gjere meg erfaringar med språk. Eitt intervju var på norsk og det andre var på engelsk. Deltakarane til pilot-intervjua blei rekruttert gjennom Introduksjonsprogrammet. Deltakarane ga utfyllande svar på spørsmåla eg stilte, og mi oppleving var at deltakarane og eg forstod kvarandre. Intervjua blei transkribert, og eg drøfta behovet for endringar med veiledarane. Vurderinga var at intervjuguiden ga data eigna til å opplyse problemstilling og forskingsspørsmål. Eg gjorde derfor ikkje endringar på intervju-guiden. Pilot-intervjua kunne inkluderast i data-materialet etter endringa i utvalskriteria.

Eg gjennomførte ni intervju då det eine intervjuet er gjort med eit par (deltakarane Hamza og Nadia). Kwart intervju starta med at eg spurte om deltakarane hadde lest og forstått informasjonen dei hadde fått tidlegare (munnleg og i informasjonsskriv (vedlegg 3 og 4). Eg gjentok også informasjonen. Alle intervjua blei gjennomført ansikt til ansikt, på norsk eller engelsk og varte mellom 50 minutt og 1 time og 45 minutt. Under eitt intervju tok vi ein pause etter deltakar sitt ønske, alle andre intervju blei gjennomført utan pause. Den ulike varigheita reflekterer ulikskap i deltakarane sin måte å uttrykke seg på. Det er òg sannsynleg at mine ferdigheiter som intervjuar, og samspelet mellom oss påverka lengda på intervjuet.

Alle tema/spørsmål i intervjuguiden blei inkludert i kvart intervju. Fleksibiliteten i det semi-strukturerte intervjuet gjorde det mogleg at deltakarane kunne snakke om sine erfaringar utan for detaljerte spørsmål. Deltakarane sine svar leidde gjerne til spontane spørsmål for å følgje opp

utsegner og utforsking av hendingar. I og med at intensjonen var å få fram deltakarane sine opplevingar og deira erfaringar blei det ikkje gjort noko forsøk på å presse dei til å snakke om erfaringar dei var motvillige til å dele. Fleire av deltakarane vende tilbake til tema dei først ikkje ønskte å snakke om (t.d. beskriving av flukt).

Deltakarane valde sjølv kor dei ville møtast, og kva språk dei ville snakke. Ulik grad av språk-meistring kan skape språklege utfordringar. Fleire av deltakarane meinte at dei ikkje var flinke nok i norsk. Likevel ønskte alle å gjennomføre intervjuet utan tolk. Det var overraskande for meg. Ein av deltakarane sa at han såg dette som ein måte å trene på språket. Det var viktig at det var deltakarane som gjorde valet om både språk og tolk for å sørge for at dei var komfortable i situasjonen. Berg, Fladstad og Lauritsen (2006) erfarte i si forskning at sjølv om flyten i språket var betre med tolk, var tematikken djupare utan tolk. Det kan slik bli vanskelegare å gjennomføre intervju med tolk (Patton, 2015). Eg spurde deltakarane fleire gonger om dei ønskte tolk, og tilbydde ny avtale om dei ønskte det, ingen ønskte det.

Tabell 4: Intervju – lokasjon og språk

Deltakar	Stad/lokasjon	Språk
Tarik	Introduksjonsprogrammet	Norsk
Hamza	Heime	Engelsk
Nadia	Heime	Engelsk
Omar	Heime	Norsk
Anwar	Heime	Norsk
Mai	Heime	Norsk
Almaz	Mitt kontor	Engelsk
Eyob	Mitt kontor	Norsk
Iman	Introduksjonsprogrammet	Engelsk
Nebez	Introduksjonsprogrammet	Norsk

Eg var spent på korleis samtalen ville flyte utan tolk, og uroleg for at vi ikkje skulle forstå kvarandre. I enkelte intervju ordla eg meg for komplisert, t.d. ved å bruke mange ord eller innskotne setningar. Deltakarane så ifrå om dei ikkje forstod kva eg meinte, og i dei siste intervju var eg meir merksam på dette enn eg var i pilot-intervju. I fleire av intervju var det situasjonar der vi leitte etter ord i fellesskap. Deltakarane brukte t.d. objekt til å forklare hendingar. Ein deltakar la ut ulike gjenstandar på bordet for å forklare korleis ei hending gjekk føre seg. Dei brukte metaforar (hjartet blei igjen i heimlandet), gestar (demonstrerte klipping av tøy, peikte på sluket i vasken), ansiktsuttrykk (smil), kroppsspråk (samantrekte augnebryn) og lydar (imiterte skyting) til å utfylle språket om dei mangla eksakte ord. Deltakarane fokuserte lite på språket etterkvart som intervjuet skreid fram og dei snakka om egne erfaringar. Dei klarte å formidle sine forteljingar på det eg oppfatta som ein klar og tydeleg måte.

Det er klart enklare å vere presis og eksplisitt på eige morsmål. Språket representerte ei utfordring utan å bli eit problem. Eg er derfor trygg på at det var rett å la deltakarane bestemme om dei ønskte tolk eller ikkje. Sjølv om ein tolk sannsynlegvis kunne bidrege til meir presise og rikare uttrykk, er det usikkert korleis ein tolk ville influert på samskapinga eit semi-strukturert intervju er. Mi oppleving var at vi forstod kvarandre, og eg opplevde ikkje språket som eit hinder for data-innsamlinga. Heller ikkje i intervju som er gjort på engelsk var språket hemmande for kommunikasjonen.

Intervju var svært ulike (t.d. varigheit og kva deltakarane delte) sjølv om den same tematikken (arbeid og integrering) var i fokus. Slik fekk eg tilgang til eit rikt materiale av ulike erfaringar med same fenomen.

5.4.3 Transkribering

Alle intervju blei spelte inn på band og transkribert for å sikre at informasjonen ikkje var avhengig av at eg tok skriftlege notat under

intervjuet (Kvale & Brinkmann, 2015; Malterud, 2017; Smith et al., 2009). Ifølgje Smith og Osborn (2008) er det ikkje tilrådeleg å gjennomføre intervju utan å gjere lydopptak. Dei hevdar at det ikkje vil vere mogleg å vere til stades som intervjuar og notere på same tid (Smith & Osborn, 2008). Eg erfarte at det var behov for mi fulle merksemd i kvart intervju. Det er sannsynleg at eg ville gått glipp av informasjon dersom eg skulle skrive ned det som blei sagt på same tid som eg skulle respondere på dialogen. Intervju på norsk blei transkribert til norsk, engelske til engelsk. Det tok mykje tid, og eg blei anbefalt å engasjere nokon til å gjere det for meg. Eg valde likevel å gjere det sjølv, fordi eg ville vere sikker på at eg forstod kva som blei sagt, og fordi eg hadde opplyst deltakarane om at det var eg som skulle gjere transkriberinga. Eg transkriberte intervju verbatisim. I tillegg inkluderte eg pausar, latter og stemmebruk (styrke). Transkriberinga fungerte i tillegg som ein start på analysen då eg blei godt kjent med fortellingane til kvar deltakar, deira måte å uttrykke seg på og kva dei var opptekne av å formidle (det første steget i IPA er å lese og gjere seg kjent med data-materialet).

5.4.4 Deltakar-sjekk

Deltakar-sjekk blir gjerne brukt i kvalitativ forskning for å kvalitetssikre data-materialet. Det er generelle anbefalingar om deltakar-sjekk i metode-litteratur (Bryman, 2016; Creswell & Poth, 2018; Motulsky, 2021; Patton, 2015; Thomas, 2017).

Inspirert av Giorgi (2010) valde eg å ikkje sende ut transkribert materiale. Giorgi (2010) tilrår ikkje at ein bruker deltakar-sjekk i fenomenologisk analyse, fordi det er erfaringane som kjem fram i intervjuet som er gjenstand for analysen. Ifølgje Giorgi (2010) følgjer erfaringar ingen vitenskaplege eller forskningsetiske reglar, dei er enkelt og greitt subjektive erfaringar. Dersom deltakarar skal godkjenne og delta i fortolkinga oppstår ein annan og ny situasjon kor erfaringane ikkje lenger er umiddelbare (Giorgi, 2010). Bradbury-Jones, Sambrook og Irvine (2010) argumenterer for deltakar-sjekk i fenomenologiske studiar, sjølv

om t.d. Lillibridge, Cox og Cross (2002) framhevar at intervju er gjort i ein spesifikk augneblink, som straks er over, og at deltakar-sjekk då bryt med fokuset på det umiddelbare i fenomenologisk forskning.

Ifølgje Thomas (2017) er det ikkje klare bevis på at deltakar-sjekk styrkar data-materialet. Heller ikkje Motulsky (2021) finn dette bekrefta. Intervjua viste i praksis at ytringar er langt meir enn ord, jf. Bakhtin. Intervju-situasjonen (ansikt til ansikt) ga moglegheit til å diskutere teksten. Under intervjua var det mogleg å gjenta utsegner, endre, forklare og utdjupe spørsmål. I tillegg kunne orda supplerast med kroppsspråk og eksempel visast ved hjelp av t.d. fysiske objekt. Samstundes handlar språk-forståing om meir enn ordforrådet. Den transkriberte teksten tar utgangspunkt i orda som blei spelt inn på lydbandopptaket, og sjølv om orda er gjenskt er ikkje alt som skjedde i intervjuet synleg i den transkriberte teksten (Malterud, 2017). Lydopptaket åleine fangar ikkje alle meiningsnyansar. Motulsky (2021) trekk fram at det er den konkrete utforminga av studien som avgjer om deltakar-sjekk er ein god strategi. Ho peiker på refleksivitet og transparens som sentralt for å sikre kvalitet i kvalitativ forskning (Motulsky 2021).

Intervjua er gjort med menneske som har eit anna morsmål enn norsk og engelsk. Eg hadde avgrensa kjennskap til deltakarane. Eg kunne kome til å sette deltakarane i ein vanskeleg situasjon då eg ikkje visste noko om deira evne til å lese norsk og engelsk. Eg måtte tenke gjennom kva eg ville oppnå med å sende materialet til deltakarane. Eg kunne få eit godkjent-stempel. Vidare måtte eg ta stilling til om deltakarane ville seie frå til meg dersom dei hadde problem med å lese norsk eller engelsk. Eg kunne slik eg vurderte det få ein situasjon med falsk tryggleik. Og til sist måtte eg vurdere om det ville forringe kvaliteten ved data-materialet dersom eg ikkje sendte materialet til deltakar-sjekk. Eg ønskte å behalde det umiddelbare i dei subjektive erfaringane (jf. Giorgi). Manglande kunnskap om deltakarane sin reaksjon på deltakar-sjekk og tru på at dette ikkje ville forringe data-materialet gjorde at eg valde å ikkje bruke deltakar-sjekk.

5.4.5 Data-analyse

I det følgjande beskriv eg analyseprosessane for artikkel 2 og 3.

IPA søker å unngå topp-ned fortolkingar som importerer teori før ein har fått sjanse til å dvele ved data, og arbeide mot å avdekke mening (Eatough & Smith, 2017). Det er derfor viktig å bruke tid på å hente ut mening i transkripsjonen. Kvalitativ analyse er ein personleg prosess, derfor er det òg fleire ulike måtar å gjennomføre sjølve analysen (Smith et al., 2009; Smith & Osborn, 2008). Data-materialet blei analysert ved hjelp av Smith et al. (2009) sin systematiske steg-for-steg tilnærming. Fortolkande fenomenologisk analyse omfattar seks steg (Smith et al., 2009). Sjølv om Smith et al. (2009) oppfordrar til tilpassing, følgde eg stega nøye for å sikre systematikk og kongruens i det analytiske arbeidet.

Steg 1: Lesing og gjenteken lesing. Det første steget dreidde seg om å få ei kjensle av korleis deltakaren uttrykte seg, stemma til kvar enkelt. Det kravde eit aktivt engasjement med datamaterialet. Eg hadde allereie starta dette steget gjennom å transkribere alle intervju sjølv. Starten var overveldande – både med tanke på kva materialet inneheldt, men og med tanke på mengda av idear og moglege samanhengar. Smith et al. (2009) anbefalar å forsøke å sette erfaringar frå intervju i parentes gjennom å skrive dei ned, noko eg gjorde i forskingsdagboka. Eg noterte refleksjonar (t.d. uventa fokus på religion forstått som kultur) og retta fokus mot deltakaren sine erfaringar. Eg brukte tid på å lytte til lydopptak, og lese transkripsjonen. Det er viktig med djupn og grundigheit i denne første fasa (Eatough & Smith, 2017; Smith et al., 2009). Eg gjorde korte notat («politisk aktiv», «dramatisk flukt») òg i første gjennomlesing, slik smelta dei to første stega i praksis saman.

Steg 2: Innleiande notat.

Dette steget er det mest detaljerte og tidkrevjande. Det er ingen faste reglar for korleis innleiande notat skal gjerast – det er nærmast ei fri tekstuell analyse. På same tid er dette steget kritisk for å utvikle analysen utover det overflatiske og reint deskriptive. I dette steget noterte eg ulike

refleksjonar, og markerte desse som deskriptive, lingvistiske og konseptuelle kommentarar. I tråd med anbefalingane frå Smith et al. (2009) skreiv eg alle kommentarane i same papirkopi. Eg registrerte alt av interesse for å starte på prosessen med å identifisere spesifikke måtar som deltakaren snakka om, forstod og tenkte om ei sak. Fortolkinga var inspirert av og heng saman med deltakaren sine ord. Ifølgje Smith et al. (2009) kan det forståast som ein Gadamerisk dialog mellom egne forforståingar og mi aukande forståing av deltakaren si livsverd. Fleire av beretningane innehaldt sterke personlege fortellingar og kravde eit refleksivt engasjement. Dei deskriptive kommentarane fokuserte på å beskrive innhaldet i det deltakaren hadde sagt. Lingvistiske kommentarar fokuserte på å utforske den spesifikke språkbruken til deltakaren. Konseptuelle kommentarar fokuserte på engasjement på eit meir spørrende og konseptuelt nivå og er meir fortolkande. Desse representerte ei rørsle bort frå dei eksplisitte utsegnene til deltakarene og vil ofte involvere endra fokus, mot deltakaren si overordna forståing. Dette tok tid og kravde diskusjon, refleksjon, prøving og feiling samt raffinering av ideane. Det sikra eg gjennom å drøfte med veiledarane og presentere for andre. Fortolkinga bruker element av personleg refleksjon og trekte på mi erfaring og profesjonelle kunnskap.

Steg 3: Utvikle framveksande tema.

I dette steget slutta teksten å vere ein reint deskriptiv tekst, og bevegde seg til å vere ein samskapt og fortolka tekst som var deltakaren sin men òg min. Der var slik ein synergisk prosess av beskriving og fortolking. Det var eit analytisk skifte frå å arbeide med transkripsjonen over til å arbeide primært med dei innleiande notata. Eg arbeidde med å redusere volumet på datamengda og bevare kompleksiteten for å kartleggje samanhengar, koplingar og mønster mellom utforskande notat. Eg retta merksemda mot dei delane av teksten som opplyser forskingss spørsmålet. Men eg retta òg fokus på det som kom fram i førre steg. Det var ein manifestasjon av den hermeneutiske sirkelen gjennom at teksten blei fragmentert til delar som seinare i prosessen blei eit heile. Eg brukte tid på å bevege meg fram og tilbake mellom del og heilskap slik at mi

fortolking ikkje sto i konflikt med beretninga til deltakaren. Eg skreiv ut oversikter med tema og hengde dei opp på oppslagstavla. Eg iakttok og fingranska desse for å sjå etter samanhengar og knytte tema saman. I motsetnad til førre steg skal dette kjennast «fast» - at det har gripe ei forståing.

Steg 4: Søken etter samanhengar på tvers av framveksande tema.

Ein ny struktur vaks fram i dette steget. Eg arbeidde med å trekke saman dei framvaksne tema og produsere ein struktur som tillèt å peike på alle dei mest interessante og viktige aspekta ved deltakaren sin epistel. Ifølgje Smith et al. (2009) er det ulike måtar å gripe an situasjonen på. Det er kanskje behov for å gå tilbake for å re-evaluere tema, det er derfor viktig med eit ope sinn. Eg utarbeidde eit sett av tema, og desse var organisert i kronologisk rekkefølge. Enkelte tema trekte til seg andre (t.d. språk og identitet) mens andre blei ståande åleine (t.d. kultur). Om eg var usikker på korleis tema passa saman med resten gjekk eg tilbake til teksten for å vurdere om eg hadde oversett noko. Dette steget kravde at eg gjentok og vurderte fleire gonger før eg var fornøgd. Ikkje alle tema skal vere med vidare – det heng saman med fokus for analysen og forskingsspørsmål. Eg hengde opp tema på ei oppslagstavle og studerte tema for å oppdage samanhengar og/eller motsetnader. Eg klipte òg opp tema og grupperte desse saman på nye måtar. Då eg var rimeleg sikker på at tema representerte dei essensielle elementa i beretningane fekk tema nye namn.

Steg 5: Nytt case

Kvart intervju må analyserast på eigne premissar. Eg analyserte data i den rekkefølga eg gjennomførde datainnsamlinga. Til tross for at eg brukte intervjuguiden i alle intervjuva var dei ulike. Det gjorde at det unike ved kvart datasett var tydeleg. Mi forståing endra seg likevel – då eg analyserte det siste intervjuet hadde eg informasjon eg ikkje hadde då eg analyserte det første intervjuet. Eg fokuserte på å gjennomføre stega på same måte, og analysen er slik lik på same tid som det unike i kvart datasett kjem fram.

Steg 6: Søken etter mønster på tvers av intervju.

Etter at dei separate intervju var fortolka krev neste steg å sjå alle data som eit heile for å løfte analysen til eit meir teoretisk eller overordna nivå. Ei oppslagstavle blei fylt med dei separate analysane. Prosessen likna den i steg 4. Eg studerte dei ulike delane, og leitte etter mønster. Når eg flytta på eller kopla saman ulike element endra heilskapen seg. Prosessen tok slik lang tid, og kravde konsentrasjon og fokus. Samanhengar som ikkje var synlege før eg såg materialet som eit heile tredde fram. Eg arbeidde fram mot ei robust analyse og avslutta prosessen med å gi namn til dei overordna tema. Sjølv om arbeidet med å skrive ut funna i artiklane ikkje er inkludert i analysen jf. Smith et al. (2009) har det fungert slik for meg. Eg fortsette slik å arbeide med namn på overordna tema.

5.5 Studien sin kvalitet

Kvalitativ forskning blir gjerne kritisert for å vere subjektiv og derfor ikkje generaliserbar, umogleg å talfeste samt vanskeleg å gjenta (Bryman, 2016). Denne avhandlinga byggjer på subjektive data og vil slik vere vanskeleg å gjenta. Eg søker derfor ikkje etter generaliserbar kunnskap, talfesting eller klare konklusjonar. Ifølgje Malterud (2017), Smith et al. (2009) samt Kvale og Brinkmann (2015) er det ikkje er eit mål med generalisering i kvalitativ forskning. Halkier (2011) påpeiker at det er ulike epistemologiske posisjonar innanfor kvalitativ forskning og dermed ulik forståing av det ho kallar analytisk generalisering. Ifølgje Malterud (2017) er det utenkeleg at kunnskap kan gjelde under alle omstende for eitkvart føremål. Det inneber at kvalitet på forskning må vurderast innanfor ei kontekstuell ramme, noko eg har gjort gjennom å forhalde meg til kvalitetskrav spesifikt knytt til metodiske val.

5.5.1 Validitet

Validitet refererer til studien sin gyldigheit (Malterud, 2017; van Manen, 2014; Patton, 2015; Thagaard, 2009). For å ivareta validiteten i denne

studien har eg arbeidd systematisk og gitt grundige beskrivingar av framgangsmetode og val for å sikre at studien er transparent slik at forskinga kan vurderast av andre. Ei reflektiv tilnærming har guida forskingsarbeidet, og har styrka validiteten. Gjennom å gjere greie for prosessane i forskingsarbeidet har eg slik arbeidd med å sikre validiteten gjennom heile prosessen/arbeidet med avhandlinga.

5.5.2 Reliabilitet

Reliabilitet refererer til pålitelighet i forskning (Malterud, 2017; van Manen, 2014; Patton, 2015; Thagaard, 2009). Funna i denne studien stammar frå subjektive erfaringar, noko som gjer at studien ikkje kan gjenskapast eksakt. Det er likevel fullt mogleg å følgje forskingsdesign og t.d. intervjuguide for å evaluere realibiliteten. Fenomenologiske undersøkingar av same fenomen kan gi ulike resultat (van Manen, 2014) utan at det dermed inneber at realibiliteten ikkje er ivareteken. Metodisk nøyaktigheit og grundigheit er i denne avhandlinga sikra gjennom å følgje stega slik dei er beskrivne i metode-litteraturen. Det analytiske arbeidet er eit fortolkings-arbeid knytt til forskar/analytikar. Eg har gjort greie for stega eg har følgd i arbeidet, vitskapssyn og eigen posisjon, og følgd anbefalingane i metode-litteratur. Vidare har eg undersøkt og utforska fenomenet i tråd med forskingsdesign, og slik sikra at funna i studien er pålitelege. Studien sine funn er presentert i tre fagfelle-vurderte artiklar, som òg bidrar til å ivareta reliabilitet.

5.5.3 Overførbarheit

Ein enkelt studie kan presentere funn som er overførbare til andre samanhengar (Malterud, 2017; Thagaard, 2009). Fenomenologiske studiar søker ikkje mot generalisering i det empiriske materialet (van Manen, 2014), men forsøker å utforske fenomenet, det som er individuelt og unikt. Subjektive erfaringar gir innsikt i og djupare forståing av eit fenomen. Erfaringar kan òg bidra til kunnskap som er relevant og overførbar. Forskinga er overførbar utover deltakarane som er inkludert

i studien, og har funn som er relevante for andre land med samanliknbare integreringstiltak (som t.d. Sverige, Danmark). Denne studien kan tilføre informasjon og kunnskap som kan bidra til nyansering og betre tilpassa tiltak. Vidare, løfte fram viktig informasjon for praksis i sosialt arbeid ved å vise til ny kunnskap om korleis tiltak og praksis blir erfart av dei som har levde erfaringar. Forskinga kan i tillegg vere relevant for andre grupper som òg strevar med innpass på arbeidsmarknaden, t.d. sjukdom eller nedsett funksjonsevne.

5.5.4 Refleksivitet

Refleksivitet er essensielt for integriteten i kvalitativ forskning fordi forskaren inngår i arbeidet (Bryman, 2016; Creswell & Poth, 2018; Finlay, 2002b; Finlay & Gough, 2003; Goodall, 2000; Patton, 2015), og for å sikre kvaliteten på data-materialet (Kleinsasser, 2000). Eg er sosionom og dei yrkesetiske prinsippa (t.d. solidaritet og etisk framferd) står sentralt i profesjonell praksis, men òg i korleis eg fortolkar verda omkring meg. Kven eg er som forskar og intersubjektive element influerer på forskinga (Finlay, 2002b).

Det første intervjuet etterlèt eit intenst ubehag. Eg var førebudd på sterke inntrykk, men ikkje på min eigen reaksjon. Eg hadde ikkje i tilstrekkeleg grad teke i betraktning at forskingsprosessen òg ville spele tilbake på meg. Heilt konkret hadde eg tenkt at mi erfaring med sosialt arbeid og møter med menneske som ber på traume og vonde erfaringar ville gjere at eg ikkje ville reagere så sterkt på erfaringane til deltakarane.

Refleksivitet inneber at eg måtte vurdere eiga rolle i forskning på ein eksplisitt, sjølvbevisst måte (Finlay, 2002b, 2002a; Finlay & Gough, 2003). Eg opplevde innsikta i erfaringane til deltakarane smertefull på eit personleg plan, på same tid som eg kjende eit ansvar for å formidle opplevingane deira på ein ryddig og klar måte. Eg skreiv eit essay der eg reflekterte over mine eigne reaksjonar. I essayet samanlikna eg ulike roller eg hadde og hadde hatt, og drøfta korleis desse påverka meg som forskar. Arbeidet med essayet blei eit vendepunkt fordi det med eitt sto

klart for meg at kunnskapen og erfaringane mine frå tidlegare ikkje var eit hinder for analysen, men ein del av mitt fortolkningsgrunnlag. Prosessen omfattar personleg og akademisk refleksjon over levde erfaringar slik at koplinga mellom meg som forskar og emnet trer fram (Goodall, 2000).

Refleksivitet kan bidra til klarleik med tanke på implisitt bias/partiskheit i tilnærming, evaluering av prosess og deltakarane si involvering (Finlay & Gough, 2003). Refleksivitet fordrar evne og vilje til å konstituere eiga forståing på ny. I og med at det kritiske blikket på eiga forskning skjer parallelt med forskinga, kan prosessen slik ikkje skiljast ut som eigen prosess. Deltakarane sine unike erfaringar kan aldri bli mine, men dei kan dele sine erfaringar med meg. Slik blir erfaringane til deltakarane ein del av forskinga, og mine nye erfaringar.

Analysane har vore lagt fram og drøfta med veiledarane mine i ulike fasar av arbeidet. Det førte til at eg fleire gonger gjekk tilbake til data-materialet for å sikre djupn. Det gjorde eg ved å la fasane i analysearbeidet utvikle seg over tid, og bruke tid på å sikre at del og heilskap var inkludert i arbeidet.

For å sikre at eg huska refleksjonar eg gjorde meg direkte etter eit intervju førte eg forskingsdagbok. Eg noterte tankar og refleksjonar etter intervjuet.

<p><i>Dette intervjuet hadde mykje fokus på oss – og – dei. Det var uventa. Eg undrar meg over kva det betyr. Forvirrande.</i></p>
--

(Utdrag frå forskingsdagbok).

Desse refleksjonane tok eg med meg inn i analysen. Eg leste notata etter kvart som eg analyserte data-materialet. Det hjelpte meg til å gjenkalle opplevinga ved å vere til stades i kvart intervju. Mitt fokus var slik retta mot både det som gjorde mest inntrykk i intervju-situasjonen, og samstundes utforske data-materialet utover det eg først la merke til. Refleksjonane eg noterte blei ein pådrivar for analysen, men òg ein sikkerheit for at eg heile tida var tru mot deltakarane sine ord.

5.6 Studiens moglege styrkar og svakheiter

Mitt ønskje om å yte rettferd til deltakarane sine subjektive opplevingar og fortolkingar gjennom å formidle perspektiv og meiningar korrekt fordra grundig arbeid med språklege formuleringar. Gjennom analysen blei deira ord blanda med mine. Forskingsprosessen har dermed endra data-materialet til eit samprodusert, fortolka materiale. I tråd med Bakhtin (1984) si forståing, er orda halvt deltakarane sine og halvt mine.

Det er eit stort ansvar å formidle andre si forskning. Å arbeide med sekundær-data (artikkel 1) krev fokus på systematikk og streng protokoll for å sikre vitenskapleg openheit og sørge for at funna kan etterprøvast. Eg har derfor sørga for transparens i dei ulike fasane i arbeidet .

Data-materialet omfattar 28 artiklar for den første artikkelen, og ni intervju med ti deltakarar til dei to øvrige artiklane. Innvandrarar sine erfaringar gir eit vidare perspektiv på arbeid og integrering, og synleggjer behovet for å inkludere erfaringar i sosialt arbeid sin utvikling av praksis. Det er noko forskning på tematikken (som beskrive i introduksjonkapitlet), men det er behov for meir forskning. Det avgrensa tilfanget av forskning kjem til uttrykk ved at det er få andre studiar å samanlikne funna i avhandlinga med. På den andre sida så viser det kor viktig denne avhandlinga er, og at det er nødvendig å få fram denne forskinga. Liknande studiar, med utgangspunkt i andre subjektive erfaringar, kan verifisera eller utfordra funna i denne avhandlinga. Seinare studiar kan òg leggje vekt på å andre element som ulike erfaringar med tanke på kjønn, alder eller klasse. Fleire liknande studiar vil tene til å styrke funna, og inspirere til ny forståing.

5.7 Forskingsetiske vurderingar

Forskingsetikk er knytt til vitenskapleg allmenmoral, og er konkretisering av grunnleggjande normer og reglar i forskning (De nasjonale forskningsetiske komiteene [NESH], 2021). Forskingsetikken skal sjå til at forskning er utført ansvarleg, men òg ta hensyn til deltakarar og grupper

(NESH, 2021). Prosjektet blei meldt inn og tilrådd av Norsk senter for forskingsdata (NSD - referansenummer 55202, vedlegg 1).

Forsknings-etiske vurderingar må ivaretakast i forskinga sine alle fasar (Guillemin & Gillam, 2004; Kvale & Brinkmann, 2015; Maxwell, 2013), eg beskriv i det følgjande korleis eg har gått fram.

5.7.1 Fritt og informert samtykke

Eit fritt og informert samtykke til deltaking skal førebygge krenkingar av personleg integritet samt sikre fridom og sjølvbestemming (NESH, 2021, s 17).

Eit fritt samtykke er gitt utan ytre press eller avgrensingar av personleg handlefridom (NESH, 2021). Eit informert samtykke inneber at forskaren har gitt tilstrekkeleg informasjon om kva det inneber å delta (NESH, 2021). Alle deltakarane fekk første informasjon om prosjektet av andre enn meg. Informasjonen var basert på informasjonsskriv (vedlegg 3). Kvart intervju starta med ein gjennomgang der eg forsikra meg om at deltakarane hadde forstått kva dei takka ja til å vere med på. Dei bekrefta at dei ønskte å delta, og signerte samtykkeskjema (vedlegg 4). Dette sikrar at kravet om at samtykket er uttrykkeleg og dokumenterbart, er ivareteke (NESH, 2021).

Ein deltakar sa etter at intervjuet var over at ho hadde grudd seg, fordi ho ikkje visste kva vi skulle snakke om. Det kan tyde på at ho ikkje hadde fått tilstrekkeleg informasjon på førehand. Eg brukte tid på å forklare før vi starta opp, og ho sa at ho hadde forstått. Sett i ettertid kunne det vore lurt at informasjonen var tilgjengeleg på morsmål eller eit språk kvar deltakar beherska godt.

Ein potensiell deltakar takka ja til deltaking men responderte ikkje på fleire forsøk på å avtale intervju. Det kan bety at deltakaren endra meining, men det kan òg bety at det var uklart kva han hadde takka ja til.

Deltakarane blei vidare informert om moglegheita til å trekke seg frå studien på eit seinare tidspunkt. Ingen av dei har gjort dette. Dei kjende namnet mitt, og hadde motteke fleire informasjonsskriv der mitt namn og telefonnummer var notert. Slik skulle det vore mogleg for dei å få tak i meg.

Alle intervju blei avslutta med ei påminning til deltakarane om at dei kunne trekke seg frå studien, utan at dei måtte forklare kvifor dei ønskte det. Ingen av deltakarane har trekt seg.

5.7.2 Anonymitet og konfidensialitet

Alle deltakarane fekk tildelt eit pseudonym for å ivareta deira anonymitet og slik sikre konfidensialitet. Alle henvisingar til identifiserbare opplysningar er anonymisert. Eg har unnlata å bruke sitat der det kunne tenkast at nokon kunne kjenne igjen deltakaren.

5.7.3 Moglege belastningar ved å delta

Forskning søker etter interessante data, og når enkeltpersonar er sentrale i data-innsamlinga kan deltakarar oppleve urimelege belastningar. Ifølgje NESH (2021) har forskaren ansvar for at deltakarar ikkje opplever slike belastningar.

Usymmetriske posisjonar som språk, kjønn og kontekst er viktige element å ta omsyn til. Eg forsøkte å ta omsyn gjennom at intervju blei gjennomført i tråd med deltakarane sine preferansar. Eg intervjuja både menn og kvinner, og var kanskje ikkje tilstrekkeleg sensitiv ovanfor korleis dei mannlege deltakarane ville oppleve å bli intervjuja av ei kvinne. Ein mannleg deltakar ga uttrykk for at det var svært overraskande at eg – ei norsk kvinne – ville kome heim til han utan at det var andre personar til stades. Han sa at det var overraskande fordi han var van med at nordmenn var ukomfortable med å kome heim til nokon dei ikkje kjende. Vi hadde avtalt dette på telefon, og eg blei svært ukomfortabel

over at eg hadde vist så lite sensitivitet. Det er vanskeleg å vite korleis dette påverka intervjuet. Det var viktig informasjon for meg, og gjorde meg meir merksam i intervjuet som følgde. Det tente som ei påminning om kor sterkt farga eg er av mi eiga før-forståing.

Å oppnå intervjupersonane sin tillit, og fortrulegheit var nødvendig for å kunne innhente data eg trengte for å svare på forskingsspørsmåla. Til tider blei deltakarane overvelda av sterke kjensler som håpløyse, sinne eller fortviling når dei snakka om eller tenkte på smertefulle minne relatert til eiga historie og erfaring. Eg var heile tida merksam på at data-innsamlinga rørde ved potensielt vanskelege tema og var fokusert på å ikkje skade deltakarane med spørsmåla eg stilte. Mi erfaring som sosialarbeidar har gitt meg lang erfaring med å snakke med og møte menneske med smertefulle erfaringar. Eg drog nytte av desse erfaringane i responsen til deltakarane. Kanskje såg dei at historiene dei fortalde meg rørde meg emosjonelt. Fleire deltakarar var reserverte med omsyn til å dele vonde erfaringar i starten av intervjuet, men kom etter eige val tilbake til desse mot slutten av intervjuet. Deltakarane delte personlege og mektige fortellingar om seg sjølv i full tillit til meg. Det ga meg innsikt, men òg ei kjensle av å ha motteke noko verdfullt som måtte behandlast med stor varsemnd.

6 Funn

I det følgjande blir eit samandrag av funna frå artiklane presentert. Artikkell 1 er ein systematisk integrert litteraturgjennomgang. Det er ein samanfatning av gjeldande kunnskap om samanhengen mellom arbeid og integrering i norsk velferds kontekst. Artikkell 2 fokuserer på erfaringar og meningsskaping knytt til arbeid. Artikkell 3 fokuserer på erfaringar og meningsskaping knytt til integrering. Artikkell 2 og artikkell 3 beskriv og diskuterer empiriske funn. Funna stammar frå semi-strukturerte intervju og handlar om innvandrarar sine subjektive erfaringar. Artikkell 2 og 3 inkluderer erfaringar frå alle deltakarane, og trekk inn kunnskap frå artikkell 1. Alle artiklane presenterer implikasjonar for praksis i sosialt arbeid.

I det vidare følgjer eit samandrag av kvar artikkell og funna.

6.1 Artikkell 1

Reidun Ims (2021). The association between work and integration in the Norwegian welfare context, and its implications for immigrants and social work practice: An integrative review.

Artikkellen er ein systematisk integrert litteraturgjennomgang som utforska sentrale tema i tidlegare forskning vedrørande samanhengen mellom arbeid og integrering. Forskingsspørsmålet var «Kva for kunnskap om samanhengen mellom arbeid og integrering er beskrive i tidlegare forskning om den norske velferds konteksten?» Data-grunnlaget omfatta 28 artiklar som omhandlar norsk velferds kontekst. Dei inkluderte studiane hadde ulik tilnærming til tematikken, og omfatta slik eit breitt data-tilfang. Artikkellen inkluderte både kvantitative og kvalitative studiar. Globalisering, migrasjon og sosiale problem utfordrar sosialt arbeid sin praksis, og skaper spenningar i velferdsstaten. Spenningane knyt seg bl.a. til det sosiale arbeidet sitt fokus på ressursar

og individuell tilpassing, noko som kan stå i motsetnad til velferdsstaten sitt uttalte mål om rask inngang på arbeidsmarknaden.

Denne delstudien utforska kunnskapen som finst om samanhengen mellom arbeid og integrering. Ein reflektiv tematisk analyse resulterte i fire tema:

- 1) Sysselsetting og inntekt for innvandrarak på den norske arbeidsmarknaden

Innvandrarak har lågare sysselsettingsrate, og mindre stabil tilknytning til arbeidsmarknaden. Det er til dels store forskjellar mellom ulike innvandrargrupper. Funna viste at det er relativt høg sysselsettingsrate i tidleg fase, men at den positive trenden snur og blir reversert innan få år.

- 2) Innvandrarkvinner – deltaking og likestilling

Innvandrarkvinner har lågare sysselsetting enn menn. Auke av kvinner si deltaking i arbeidsstyrken (arbeid utanfor heimen) blei sett på som viktig i arbeidet med å redusere ulikskap.

- 3) Diskriminering i det norske arbeidslivet

Funna avdekka at diskriminering er ei reell hindring for å kome inn på arbeidsmarknaden. Dette rammar både innvandrarak og etterkomarak.

- 4) Moglege løysingar og framtidige utfordringar

Funna indikerte at gjeldande policy ser ut til å vere ute av stand til å skaffe innvandrarak kvalifikasjonar dei treng for å etablere varig og stabil tilknytning til arbeidsmarknaden. Fleire av studiane som er inkludert i litteraturgjennomgangen trekte fram at det er behov for å utvikle nye tiltak og endre policy for å realisere målet om integrering gjennom arbeid.

6.2 Artikkel 2

Reidun Ims (2021). Immigrants' experiences of the importance and value of work in Norway: Implications for social work.

Artikkelen er ein empirisk studie som utforska forskningsspørsmålet: «Korleis opplever innvandrarak arbeidet si betydning for eigen situasjon, og korleis oppfattar dei arbeidet sin verdi i ny kontekst?». Data-

materialet blei innhenta ved hjelp av semi-strukturerte intervju. Ni intervju med ti (eitt intervju er gjort med eit par) innvandrarak med erfaringar med fenomenet arbeid og integrering ga eit rikt data-tilfang. I artikkelen kom det fram at innvandrarak, i tråd med forventningane til styresmaktene, vil jobbe. Dei erfarte at det er krevjande å finne ordinært arbeid, og tok til orde for utvikling av tiltaksapparatet. Betre tilpassing til kvar enkelt har potensiale til å dempe vanskane med å finne arbeid. Funna gir feltet sosialt arbeid kunnskap av stor betydning for profesjonell praksis.

Denne delstudien undersøkte korleis innvandrarak erfarte viktigheita av arbeid, og korleis dei oppfatta verdien av arbeid. Ein fortolkande fenomenologisk analyse resulterte i fire tema:

1) Manglande sysselsetting: fråteken kontroll og autonomi

Funna viste at innvandrarak opplevde arbeid som svært viktig for sin situasjon. For deltakarane representerte det å arbeide sjølv-forsørging i tillegg til økonomisk uavhengigheit. Dei framheva òg at arbeid influerte på heile tilværet. Deltakarar opplevde å miste kontroll over eige liv og autonomi når dei sto utan arbeid. Kontrollerande og disiplinerande mekanismar fråtok dei moglegheiter til å t.d. å besøke familie i utlandet.

2) Sekundær arbeidstakar: Marginalisert og ekskludert

Innvandrarakane opplevde at reglane for arbeidslivet var framande, vanskelege å forstå og ekskluderande. Om dei misforstod blei dei tolka i verste meining og endå straffa gjennom t.d. manglande moglegheiter til ordinært arbeid. Funna viste vidare at kravet om formell kompetanse gjorde at dei kjende seg marginalisert og ekskludert.

3) Redusert sjølv- bilete: underestimert og kategorisert

Innvandrarakane relaterte arbeid til ein positiv identitet i samfunnet. Dei meinte dei ville bli oppfatta meir positivt av nordmenn om dei hadde ordinært arbeid. Vanskane med å realisere forventninga om arbeid førte til at sjølv-biletet endra seg. Vidare opplevde dei at deira individualitet forsvann i identiteten som innvandrar, og deltakarane kjende seg kategorisert og redusert til ein representant for ei gruppe.

4) Formell utdanning, erfaringar og ferdigheiter: devaluert og nedvurdert
Deltakarane hadde alle arbeid og forsørge seg sjølv tidlegare. For fleire av innvandrarane i studien var det vanskeleg å akseptere at deira erfaringar og ferdigheiter var nærast verdilause når dei leitte etter arbeid. Deltakararar som hadde utdanning før dei kom til Norge hadde større moglegheiter på arbeidsmarknaden samanlikna med dei som mangla formelle kvalifikasjonar.

6.3 Artikkel 3

Reidun Ims, Lennart Lorås, Ottar Ness og Linda Finlay (2021). Immigrants' experiences on integration while attempting to access the labour market: Implications for social work.

Artikkel 3 er ein empirisk studie som utforska forskingsspørsmålet «Korleis opplever innvandrarar integrering mens dei er i prosessen med å skaffe seg tilgang til arbeidsmarknaden?» Data er henta frå ni semi-strukturerte intervju med ti innvandrarar (eitt intervju er gjort med eit par), med ulik arbeidserfaring og butid i Norge. Artikkelen fokuserte på korleis innvandrarane opplevde situasjonen, og korleis dette påverka meinings-skapinga deira. Studien adresserte òg kva funna betyr for praksis i sosialt arbeid.

Denne delstudien undersøkte korleis integrering blei erfart av innvandrarar mens dei var i prosessen med å skaffe seg arbeid.

Den fortolkande fenomenologiske analysen resulterte i følgjande tema:

- 1) Fridom er himmelsk: innvandrarar sine erfaringar med tilhøyrgheit, fridom og like moglegheiter

Deltakarane opplevde manglande samanheng mellom opprinnelsesland og nytt heimland. Dei verdsette fridomen, likskapen og moglegheiter tufta på kvalifikasjonar som dei møtte i Norge. På same tid var den nye verkelegheita ulik det dei hadde erfart tidlegare og dei opplevde det krevjande. Innvandrarane hadde erfaringar som gjorde dei sårbare for manglande forståing hjå menneske dei møtte. Erfaringane deira er fjerne

frå det dei fleste menneske har opplevd, og dei opplevde manglande empati sårande og vanskeleg å handtere.

- 2) Språk som nøkkel: Lære språket, forstå sosiale kodar og byggje relasjonar

Deltakarane ansåg språket for å vere nøkkelen til å skaffe arbeid. Dei etterlyste derfor moglegheiter til å omgåast med nordmenn sosialt. Innvandrarane sakna ein arena for å lære språk, forstå sosiale kodar og sosiale spelereglar. Funna viste at manglande kjennskap til kvarandre gjorde at feilaktige oppfatningar ikkje blei utfordra og nyansert.

- 3) Uunngåeleg diskriminering: innvandrarar sine levde erfaringar med eksklusjon/diskriminering og intoleranse versus aksept

Funna viste at deltakarane erfarte sosial ekskludering men aksepterte dette som ein uunngåeleg del av å vere innvandrarar. Likevel hadde slike opplevingar negativ effekt på deira velvære, og var både emosjonelt og utmattande. Dei fokuserte på at dei opplevde stor grad av aksept i samfunnet. Fleire ga uttrykk for å velje å fokusere på det positive og tvinge det negative i bakgrunnen.

7 Diskusjon

Avhandlinga utforskar den tette samanhengen mellom arbeid og integrering i norsk kontekst, og korleis dette påverkar innvandrarak og deira meiningsskaping. I den offentlege debatten om integrering og i denne avhandlinga er fokus retta mot ikkje-europeiske innvandrarak.

Dei tre artiklane som inngår i avhandlinga er separate arbeid som alle tematiserer arbeid og integrering. Artiklane er delstudiar som inngår i avhandlinga, og bidreg til å opplyse fenomenet arbeid og integrering gjennom subjektive erfaringar. I dette kapitlet diskuterer eg den overordna problemstillinga, «*Korleis opplever innvandrarak forholdet mellom integrering og arbeid i møtet med norsk arbeidsliv?*». Problemstillinga og forskingsspørsmåla frå artiklane set ramma for diskusjonen som tar utgangspunkt i funn presentert i dei tre artiklane. Kapitlet består av følgjande underkapittel: integrering gjennom arbeid, arbeidet sin verdi for innvandrarak, utanforskap samt implikasjonar for sosialt arbeid. Kapitlet blir avrunda med avsluttande merknader og forslag til vidare forsking.

7.1 Integrering gjennom arbeid

Diskursen om integrering i norsk kontekst er tett samanvevd med arbeid (artikkel 1). Ideen om at integrering skal nåast gjennom arbeid er anerkjent og akseptert både i samfunnet og hjå deltakarane i studien (artikkel 1). Funn i artiklane 1, 2 og 3 viste at deltakarane i studien hadde godtatt og internalisert forståinga av integrering gjennom arbeid, noko som gjorde arbeid svært viktig i innvandrarakane sin nye kvardag.

Arbeidslinja er etablert som styrande prinsipp for velferdsordningar (Anvik et al., 2020; Bugge, 2021; Enes, 2017; Frøyland & Spjelkavik, 2014; Lødemel, 1997; Stjernø & Øverbye, 2012). Dei seinare åra har det blitt løfta fram ei bekymring for at den sjenerøse velferdsstaten trekk til seg innvandrarak som vil leve på trygd. Politikarak har tatt til orde for å

redusere velferdsordningane for å motverke ei slik utvikling (Anvik et al., 2020; Eggebø & Staver, 2020; Hansen, 2019; Sandvin et al., 2020). Ponce (2019) undersøkte om sjenerøse velferdsordningar førte til at fleire innvandrar søker seg til dei mest sjenerøse velferdsstatane. Funna i hans artikkel gir ikkje støtte til hypotesen om at velferdsordningar fungerer som ein magnet (Ponce, 2019). Funna i denne avhandlinga tyder på at innvandrarak kjem til Norge fordi dei kan få arbeid (artikkel 2).

Det har i fleire tiår vore uttrykt bekymring for at innvandring skulle føre til for stort press på velferdsstaten (Fløtten et al., 2007; Øverbye & Stjernø, 2012). Desse bekymringane ser ut til å styrke den tette samanhengen mellom arbeid og integrering i norsk kontekst (Halvorsen, 2011; Kildal, 2012). Dette kjem bl.a. til uttrykk gjennom dei offentlege utgreiingane NOU 2011:7 (Brochmann 1) og NOU 2017:2 (Brochmann 2). Desse fokuserer på korleis innvandring påverkar berekrafta til den norske velferdsmodellen (NOU 2011:7; NOU 2017:2). Vidare ser det ut til at forståinga av at innvandring bare kan skje om integrering gjennom arbeid kan realiserast, vinn terreng (Anvik et al., 2020; Halvorsen, 2011; Kildal, 2012; Sandvin et al., 2020). Det vanskeleggjer ein breiare diskusjon om kva samanhengen mellom arbeid og integrering fører til.

I ein rapport om flyktningar og arbeid blir det slått fast at arbeid er nøkkelen for at integrering skal lukkast (Martín et al., 2016). Det blir like fullt slått fast at det er eit stykke fram til integrering er realisert (OECD/EU, 2018). Ifølgje Fernandez et al. (2020, s 10) er omtrent ein fjerdepart av menneska i arbeidsfør alder i OECD-landa utan arbeid. Arbeidsløysa er lågast i dei nordiske landa saman med Sveits (Fernandez et al., 2020). Sjølv om arbeidsløysa i Norge er låg, strevar innvandrarak med å få innpass på arbeidsmarknaden (Fernandez et al., 2020; Hernes et al., 2019). Funna i artikkel 1, 2 og 3 viste at innvandrarak møtte store utfordringar når det gjeld å etablere eit stabilt fotfeste på arbeidsmarknaden. Dei strevde med å skaffe seg arbeid, men òg med å etablere varig tilknytning. Dei møtte m.a. diskriminering, strukturelle hindringar (t.d. manglande utdanning) og språk-problem (artikkel 3). For

innvandrara i Norge blir det peikt på at strukturelle hindringar som utdanning, helse og manglande erfaring vanskeleggjer sysselsetting (Fernandez et al., 2020). Dette korresponderer med funna i artikkel 2 som viste at innvandrara med strukturelle utfordringar som manglande utdanning og erfaring strevde med å oppnå stabil sysselsetting. Funna i studien indikerer at integrering gjennom arbeid fører til eit (for) smalt fokus som ser ut til å skape skilleliner mellom grupper av innvandrara. Målet om integrering gjennom arbeid fører til ulikskap mellom dei som klarer å skaffe seg varig og stabilt arbeid, og dei som ikkje oppnår det same. Den tette samanhengen mellom arbeid og integrering kan slik bidra til ulikskap og auka forskjellar.

Etter den auka migrasjonen i 2015 og 2016 blei det gjort større endringar i integreringspolitikken i Norge (Eggebø & Staver, 2020; Østby, 2016; Østby & Gulbrandsen, 2022; Scipioni, 2018). Det viktigaste tiltaket var å stramme til og gjere det vanskelegare å etablere seg i Norge (Brekke et al., 2021; Brekke & Staver, 2018; Eggebø & Staver, 2020). På same tid er forventninga om vellukka integrering tydeleg til stades i offentlegheita (Barne-, Likestillings og Inkluderingsdepartementet, 2013; Justis- og Beredskapsdepartementet, 2016). Det kan slik sjå ut som at det er eit aukande press på innvandrara for å oppnå integrering, utan at det er heilt klart kva det inneber av forventningar. Det uklare målet kompliserer tilrettelegginga, og innvandrara blir tillagt stort ansvar for å bli integrert. I Justis- og Beredskapsdepartementet (2016) står det «De som kommer må sjølv ta ansvar for å skape seg et liv, noe som krever stor egeninnsats» (s 10). Det inneber at forventninga om å ta del i integrering først og fremst er retta mot innvandrara, mens offentlegheita og den øvrige befolkninga skal bidra. Integrering er slik staten sitt ansvar (jf. Kaya), og ikkje noko nordmenn flest forhold seg til i det daglege. Det framstår paradoksalt at innvandrara blir pålagt eit ansvar for å bidra til integrering mens nordmenn bare skal ta godt imot når det er eit uttalt mål som er sagt å vere eit gjensidig ansvar (Justis- og Beredskapsdepartementet, 2016).

I diskusjonen om sysselsetting er varig eller rask tilknytning eit moment som står sentralt (Arendt, 2022; Bratsberg et al., 2014, 2018; Djuve & Kavli, 2019). Funn i artikkel 1 viste at det var ein stor utfordring å finne ein balanse mellom rask inngang på arbeidsmarknaden for innvandrarak, og varig tilknytning. Mange innvandrarak kom seg raskt ut i arbeid, men strevde med å oppretthalde varig sysselsetting. I arbeidslinje-etoset utfordrar den ustabile sysselsettinga integrering gjennom arbeid, og krev tiltak. I seinare tid har aktiveringspolitikk med fokus på kontroll-tiltak og sterke krav om aktivitet fått fotfeste (Bugge, 2021; Hagelund et al., 2016; Hagelund & Kavli, 2009; Hansen, 2019). Hagelund og Kavli (2009) trekk fram at innvandrarak er særlege mål for aktiveringspolitikk. Innvandrarak er synlege og lette å identifisere, på same tid er integrering av innvandrarak eit prioritert område. Det er derfor særleg viktig å diskutere kva for konsekvensar det får for innvandrarak når aktivering er så framtreddande. Funn i artikkel 2 viste at aktivering ikkje førte til arbeid for alle, enkelte innvandrarak opplevde å stå lenger frå målet om arbeid fordi aktivitet blei viktigare enn tiltak som fører til arbeid.

Møtet mellom systemet, representert ved saksbehandlaren, og innvandrarak ser ut til å vere prega av standardisering og ikkje den enkelte sine behov. Det gjeldande tiltaksapparatet er sjenerøst, men er på same tid kontrollerande og disiplinerande (Borevi et al., 2017; Breidahl, 2017; Bø, 2019; Erdal et al., 2019; Hernes, 2021; Jakobsen et al., 2019; Marbach, Hainmueller, og Hangartner, 2018). Funn i artikkel 3 viste at innvandrarakane i svært liten grad stilte spørsmål ved tiltaksapparatet. Alle deltakarane uttrykte stor takksemnd ovanfor staten, og var svært merksame på at dei ikkje ville framstå utakknemlege. Dei som likevel opponerte mot systemet betalte ein høg pris, som redusert stønad (artikkel 2). I møtet med bakkebyråkraten (jf. Lipsky) står innvandrarak i fare for å bli redusert til objekt (Skjervheim, 2002). For å bli ein deltakar og ikkje ein tilskodar (Skjervheim, 2002) må innvandrarak bli møtt med gjensidigheit, tillit og dialog (Garavan, 2013; Stewart & Zediker, 2000). Fleire av deltakarane i studien etterlyste større individuell tilpassing og

meir differensierte tiltak. Individuell tilpassing er integrert i større grad i ny integreringslov (Integreringsforskriften, 2021; Integreringsloven 2021). Lova er endra slik at det kan gjerast tilpassingar til den enkelte sine behov. Det kan likevel sjå ut til at samarbeid og dialogisk praksis blir nedprioritert (Garavan, 2013; Solvang, 2017). Dette kom òg til uttrykk i denne studien. M.a. fekk deltakarane i studien tilbod om praksisplassar som ikkje førte dei nærare arbeid, men tente som disiplinierende og kontrollerande tiltak. Funna i artikkel 2 viste at tiltaksapparatet ikkje er tilstrekkeleg differensiert til å verkeleggjere integrering gjennom arbeid for alle. På bakgrunn av funna er det behov for større differensiering av tiltaksapparatet, større fokus på skreddarsøm og tettare oppfølging av kvar enkelt.

Djuve og Kavli (2019) viser til at det finst kunnskap om kva for tiltak som er effektive i eit lengre perspektiv, og trekk t.d. fram human kapital. Dei hevdar at den politiske verkelegheita tvingar fram raske løysingar utan fokus på det langsiktige og kva som er godt for dei enkelte menneska (Djuve & Kavli, 2019). Med dette som bakteppe vil eg påpeike at det er fare for at innvandrarak som har behov for omfattande støtte og hjelp kan bli opplevde som eit problem i velferdsstaten. Det er uheldig dersom iveren etter å lukkast med integrering gjer at enkelte innvandrargrupper får forrang fordi dei er betre istand til å gjere seg nytte av det norske integreringsregimet (jf. Halvorsen, 2012 og Kildal, 2012). I denne avhandlinga har eg lagt til grunn Harder et al. (2018) si forståing av integrering. "... the degree to which immigrants have the knowledge and capacity to build a successful, fulfilling life in the host country" (s 11484). Definisjonen tar inn ein subjektiv dimensjon i forståinga av integrering. Funna i artikkel 1 viste at i norsk forståing er integrering så tett knytt til arbeidslinja at integrering på det næraste *er* arbeid. Når fokus er einseitig retta mot arbeid og sjølvforsørging kan vi kome i skade for å oversjå og nedprioritere kva som bidreg til å skape seg eit godt liv som t.d. deltaking i eller kontroll over eige liv.

7.2 Arbeidet sin verdi for innvandrarak

Funna i artikkel 2 viste at innvandrarak opplevde arbeid som noko verdifullt – eit gode. Verdien arbeidet representerte for innvandrarak var eit bilete på korleis dei oppfatta at dette spegla kva verdi arbeid har i det norske samfunnet. Funn i artikkel 2 viste at arbeid betydde alt for innvandrarak fordi det opnar dører til t.d. økonomisk sjølvforsørging. Arbeid er viktig for menneske (Esser, 2012; Grue et al., 2019; Llinares-Insa et al., 2020; Scheibelhofer & Täubig, 2019; Shenoy-Packer & Gabor, 2016; Stjernø & Øverbye, 2012). Økonomiske teoriar om arbeid vektlegg gjerne økonomiske goder som kan realisere evna til sjølvforsørging, mens i sosiologisk teori blir både kreativitet, sjølvrealisering og sosial samanheng framheva (Esser, 2012). Manglande arbeid rammar både evne til å forsørge seg sjølv og familien, men òg realisering av personlege mål og sosiale goder (Esser, 2012). Betydninga arbeid har er knytt til den enkelte, men òg til kontekstuelle vilkår. Innvandrarak har ein annan tilhøyrigheit til landet dei bur i og ein annan posisjon i samfunnet (Erdal et al., 2019; Flick et al., 2019; Sayad, 2004; Shenoy-Packer & Gabor, 2016). Sayad (2004) poengterer at det inneber at òg arbeidet har ein annan betydning for dei. Innvandrarak kan ikkje støtte seg på korleis arbeid blir forstått i nytt heimland, men heller ikkje på betydninga i sitt opprinnelsesland (Sayad, 2004, s 172). Ifølgje Sayad (2004) må arbeid forståast i ei ramme av innvandraren si meningsskaping. Innvandrarak si forståing av arbeid står slik i forhold til både det som var før og det dei erfarer i sin nåverande situasjon. Det å immigrere til eit nytt land inneber tryggleik, men òg sakk og tap (Sayad, 2004; Øian, 2014). Menneske som hadde vore sjølvberga i lang tid var plutselig avhengige av støtte og hjelp, og fann seg sjølv i ein ganske makteslaus posisjon (artikkel 2). Funn i artikkel 2 viste at innvandrarakane i studien opplevde at dei hadde behov for langvarig bistand. Dei strevde med overgangen frå praksis til arbeid. Den tre-ledda dialogen føreset likeverdige posisjonar mellom hjelpar og klient (Skjervheim, 2002). Når ein innvandrarak mottar hjelp frå det offentlege er det fleire restriksjonar

som set grenser for livsutfoldning (Bø, 2019; Kjørstad, 2017). Mange av deltakarane hadde slektningar og vener i andre land. Dersom dei reiste utanlands mista dei økonomisk støtte jf. lovverk. Innvandrarane var slik underlagt eit ganske strengt og inngripande kontrollregime som sette grenser for råderett over eige liv (Eggebø & Staver, 2020; Kjørstad, 2017). Det norske samfunnet vernar om demokratiske verdiar som bl.a. inneber rett til å ta eigne val. Når systemet som innvandrarar er avhengige av for å forsørge seg og familien stiller krav som grip inn i råderetten, framstår systemet paternalistisk (Mouritsen et al., 2019). Innvandrarar mista råderett over delar av eige liv, og sto i fare for å bli redusert til tilskodar i eige liv (Skjervheim, 2002). Denne reduserte styringsretten over eige liv stamma frå posisjonen som mottakar av hjelp. Det viser at ein ikkje bare står i fare for å bli redusert til tilskodar, men er òg eit døme på moralsk underklasse-diskursen (jf. Levitas). Hensikta med systemet er å føre kvar person nærmare arbeid (Enes, 2017; Hagelund et al. 2016; Halvorsen, 2011). Einkvar relasjon blir negativt påverka av kontroll og innskrenka rettigheter, og dei inngripande restriksjonane og kontrollen innebygd i hjelpesystemet kan slik forvanske ein allereie usymmetrisk relasjon. På bakgrunn av funna i avhandlinga vil eg hevde at rigiditeten i systemet ikkje hjelper innvandrarane nærare målet om arbeid.

Det norske arbeidslivet er regulert for å ivareta arbeidstakarane sine rettigheter (Bratsberg et al., 2016). Mange innvandrarar mangla den formelle kompetansen og referansar som blei etterspurt i norsk arbeidsliv (artikkel 2). I tillegg møtte dei strukturelle utfordringar som kompliserte oppgåva med å sikre seg varig og sikkert arbeid. Norsk arbeidsliv er regulert for å sørge for likeverdige og gode kår for alle arbeidstakarar, med eit sterkt vern i arbeidsmiljøloven (Valenta & Bunar, 2010). Funn i artiklane 1 og 2 tyda på at desse godene i norsk arbeidsliv bidrog til å gjere terskelen for innvandrarar som mangla formell kompetanse ekstra høg. Deltakaren Hamza poengterte at referansar var vanskelege å skaffe seg, men svært sentrale for å kome inn på arbeidsmarkanden (sjå artikkel

2). Det er nødvendig å etablere tiltak som sørger for at innvandrere kan tilegne seg formell kompetanse, utan at dette truar dei etablerte reglane i arbeidslivet. Alternativet kan bli å måtte akseptere at fleire innvandrere vil ha behov for varige velferdsordningar for å forsørge seg.

7.3 Utanforskning

Utanforskning, forstått som svak sosial tilknytning til samfunnet, kan føre til marginalisering og sosial eksklusjon (Fauske, 2014; Kavli & Nicolaisen, 2016; van der Wel et al., 2019). Sjølv om Norge er eit egalitært samfunn (Hermansen, 2017), opplever både enkeltmenneske og grupper marginalisering og sosial eksklusjon (Fangen, 2010; Fauske, 2014; Kavli & Nicolaisen, 2016; Schrover & Schinkel, 2013; United Nations; 2018; van der Wel et al., 2019). Funn i artikkel 3 viste at innvandrere hadde svake nettverk, og få arenaer for sosial omgang med nordmenn. Innvandrere møtte diskriminering på arbeidsmarknaden (artikkel 1) i tillegg til at dei hadde strukturelle utfordringar og behov for auka humankapital. Funna i artikkel 3 viste at innvandrere opplevde sosial omgang med nordmenn som viktig. Funna tyder på at det i den anledning kan vere nyttig å tenke over korleis opplæringa blir organisert. Opplæringa til innvandrere gjekk føre seg i program der dei møtte andre innvandrere, og inkluderte i svært liten grad nordmenn. Skrivne reglar kunne innvandrane lese seg til, men uskrivne reglar for sosial samhandling og sosial kutyme var langt meir krevjande å tileigne seg (artikkel 3). Å øve på språket, men òg sjansen til å omgåast og snakke med nordmenn utanfor opplærings situasjonen var eit sakn (artikkel 3), som kan motverkast ved at fleire tar del i og ansvar for integrering. Sosial omgang kan bidra til å forenkla integrering (Kofoed, Simonsen & Førde, 2021; Kunitz & Jansson, 2021; Johannesen & Appoh, 2021; Sundvall, Titelman, DeMarinis, Borisova, & Çetrez, 2021). Ein måte å styrke arbeidet med integrering er å inkludere heile befolkninga i arbeidet. Innvandrane var klare på at arbeid var ein ting, men det å kunne delta var like viktig (artikkel 3). Mange innvandrere deltek lite i

samfunnslivet (Erdal et al., 2019), og slik er deira stemme lite høyr. Subjektive erfaringar, eller levde erfaringar, utgjer ei særleg kunnskapskjelde. Funn i artikkel 3 indikerte at innvandrarane sette pris på og omfanna at menneske blir betrakta som likeverdige, og at økonomisk eller politisk makt ikkje gav urettmessige fortrinn. Fleire av innvandrarane i studien etterlyste likevel skreddarsøm og sterkare individuell tilpassing (artikkel 2 og 3). Ifølgje FN (2018) er sosial inklusjon eit viktig verkemiddel for å redusere ulikskap og fattigdom. Høyberg (2020) viser i sin artikkel til at forståing er kontekstuel. Det er derfor essensielt å sørge for å leggje til rette for at innvandrarar kan delta i sosial samanheng slik at sosial inklusjon kan bli realisert.

Arbeidslinja som berande velferdsprinsipp (Lødemel, 1997; Stjernø & Øverbye, 2012; Terum et al., 2012) plasserer sysselsetting i forgrunnen òg i arbeidet med å motverke utanforskap. Lewis et al. (2014) viser til at innvandrarar har svakare tilknytning til arbeidsmarknaden, og oftare fell utanfor. Men, Levitas (2005) hevdar at når eit fenomen blir forstått langs ein spesifikk akse, minoritet - majoritet, så blir begrepet sosial inklusjon i seg sjølv tildekkande. Diskusjonen om sysselsetting eller ikkje tilslører slik ulikskapen som skjuler seg mellom dei sysselsette (Levitas, 2005). Korvidt innvandrarar har arbeid eller ikkje, gir for lite innsikt til å avgjere om dei har tilstrekkelege ressursar til å skape seg eit godt liv jf. Harder et al. Ifølgje Levitas (2005) er det sentralt å greie ut og forstå ein situasjon breiare enn arbeid eller ikkje arbeid.

Levitas (2005) peiker på at ifølgje redistribueringsdiskursen er det nødvendig å gjennomføre omfordeling av goder for å motverke og redusere fattigdom. Diskursen anser fattigdom (som omfattar deltaking på sosiale arenaer) for å vere viktigaste grunn til sosial eksklusjon, og denne må møtast med tiltak. Kort butid i Norge gjer at mange innvandrarfamiliar har dårleg økonomi og låg deltaking på sosiale arenaer (Fernandez et al., 2020; van der Wel et al., 2019).

Moralsk underklasse diskursen kan knytast til aktiveringspolitikken. I denne diskursen er det trekk ved dei ekskluderte sjølv som er i fokus (Levitas, 2005). Fokuset er retta mot å motivere dei ekskluderte til å «ta seg saman» gjennom krav om motytingar som t.d. arbeid for trygd. Logikken tilseier at det er korleis insentiva er utforma som er avgjerande. For innvandrarar gjer dette seg gjeldande gjennom disiplinerande og kontrollerande tiltak og sanksjonar. Diskursen overser forskning som viser til at sanksjonar ikkje er tilstrekkeleg til å skape endring (Hagelund et al., 2016). Innan denne diskursen vil òg kortsiktige løysingar vere føretrekte (Djuve & Kavli, 2019), fordi det er ansett for å motivere til innsats. Slutninga ser ut til å vere at dersom det bare blir vanskeleg nok å stå utanfor arbeidslivet og andre viktige samfunnsarenaer, vil innvandrarar finne ein måte å lukkast på. Funna i denne avhandlinga tyder på at dette er misvisande. Sjølv om innvandrarar er målgruppe for insentivordningar (Djuve et al., 2019), tyder funna i denne studien på at insentiv verkar demotiverande om ein står langt frå arbeidslivet.

Den tredje diskursen hjå Levitas (2005) er sosial integrasjonist-diskursen. Fokuset er retta mot det løna arbeidet, som i arbeidslinja, og inklusjon er forstått som deltaking i arbeidslivet. Det er stor ulikskap mellom sysselsette, og ei slik forståing overser desse forskjellane. Det er i tillegg store forskjellar på kor inkludert arbeidstakarar er, noko som heller ikkje er inkludert i diskursen. For innvandrarar vil dette bli forstått som at dei er inkluderte (integrerte) når dei har skaffa seg arbeid. Den store ulikskapen, og ikkje minst graden av usikker tilknytning (Barth, Bratsberg & Raaum, 2012; Bratsberg et al., 2018; Eide, Homme, Karlsen & Lundberg, 2017; Lewis et al., 2014) tilseier at dette er ei overforenkla forståing som overser andre sentrale element som t.d. fattigdom.

Integrering skal motverke utanforskap for innvandrarar (Enes, 2017; Hermansen, 2017; Ihle, 2017; Nystad, 2017; Øian, 2014). Det er ikkje grunnlag for å hevde at det norske samfunnet fokuserer einsidig på ein av diskursane (Djuve & Kavli, 2019). Element av alle diskursane inngår i den norske tenkinga. RED viser seg gjennom omfordeling over

skatteseddelen og målretta tiltak for å utjamne forskjellar. MUD er synleg gjennom aktiveringspolitikk, i politiske debattar og har dei seinare åra vunne terreng. Den siste, SID, kan knytast til arbeidslinja, men då i kombinasjon med RED. Levitas (2005) peiker på at kva for diskurs som er gjeldande, påverkar tiltaksapparatet. Ifølgje MUD er det nødvendig å sette i verk tiltak som gir raske resultat, mens RED fokuserer på å motverke strukturell ulikskap (Levitas, 2005). I arbeidet med integrering må ulikskap og marginalisering motverkast gjennom ein kritisk drøfting av rasjonalet som tiltaksutviklinga kviler på. Funna i avhandlinga viser at det ikkje er tilstrekkeleg å leggje til rette for arbeidslinja.

Fernandes (2015) viser at innvandrarar og flyktingar blir utsett for sterke maktmiddel gjennom introduksjonsprogram, og slik blir forma til ideelle borgarar. Det er slåande kor akseptert ideen om integrering oppnådd gjennom arbeid er. Ikkje bare finst det i forskning, men det er òg ein akseptert tenkemåte hjå innvandrane sjølv. I ein situasjon kor ein rådande ide ikkje blir diskutert er det fare for å oversjå sentrale problem. Det kan synast som at det gjeldande paradigmat med arbeid og integrering opnar opp for ein situasjon som aukar faren for marginalisering og sosial eksklusjon av innvandrarar. I Norge omfattar gruppa innvandrarar meir enn 200 ulike folkegrupper og språk (Statistisk Sentralbyrå, 2021a). Det er òg stor ulikskap med tanke på kor godt rusta dei er for å klare overgangen til eit norsk arbeidsliv. Til tross for ei global verd er det enorme forskjellar på land og område i verda. Som ein av deltakarane i studien sa – då han jobba i Hellas var det bare å stille opp og vente på anledning til å demonstrere kva han kunne, og slik skaffe seg arbeid. Når dette høvet ikkje finst tilgjengeleg i Norge er det viktig å skape andre moglegheiter for å kome i arbeid. Funna viste at fleire av innvandrane ikkje klarte å skaffe seg varig arbeid, og blei slik verande utanfor arbeidslivet i praksisplassar og tiltak (artikkel 2). Enkelte mangla skulegang, og andre fekk ikkje godkjent sin formelle kompetanse. Tilbod om å sette i gang med langvarige studiar såg ikkje ut til å freiste

innvandrarene som mangla formell kompetanse, og gjorde at dei valde kortsiktige løysingar. Erfaringane til deltakarane i denne studien tyder på at det er behov for endringar i det gjeldande tiltaksapparatet.

Systemet kan opplevast krenkande for den enkelte (Djuve & Kavli, 2019). Derfor er dei subjektive erfaringane viktige i arbeidet med å leggje til rette for integrering. Når innvandrare opplevde seg krenka påverka dette deira meiningsskaping, og korleis dei klarte å orientere seg i den norske arbeidsmarknaden. Dei måtte reforhandle eigen identitet, og kanskje slå seg til tals med ein framand og ukjent samfunnsposisjon. Dei blei òg møtt med fordomar og til dels diskriminering, og var tynga av ansvaret for korleis innvandrare blei oppfatta. Dette samsvarar med funn frå Finland (Masoud, Holm & Brunila, 2021). Masoud et al. (2021) viser at innvandrare må tilpasse seg og internalisere samfunnet sine krav og forventningar for å bli integrerbare. Funna i denne avhandlinga tydeleggjer at innvandrare har erfaringar som kan bidra med ny kunnskap om samanhengen mellom arbeid og integrering (artikkel 2 og 3). Erfaringane innvandrarene har er ein del av dei (jf. Sayad), og deira stemme må få større rom i arbeidet med utvikling av tiltak.

7.4 Implikasjonar for sosialt arbeid

Sosialt arbeid forsøker å bøte på sosiale problem (Banks, 2012; Eide & Skorstad, 2020). Det er derfor avgjerande å sjå sosialt arbeid og sosialpolitikk i samanheng (Aamodt, 2019). Ifølgje Flyvbjerg (2009) er samfunnsvitskapane (som omfattar sosialt arbeid) usikre på eiga relevans. Den praksisnære og erfaringsbaserte kunnskapen frå denne avhandlinga vil bidra til å synleggjere relevansen av sosialt arbeid i integreringsarbeid. Funna i avhandlinga er relevante for sosialt arbeid sin praksis fordi det manglar forskning på innvandrare sine levde erfaringar, og korleis dei skapar meining av erfaringar.

Praktikarar har ansvar for å implementere og handheve velferdsstaten sine målsettingar (Natland & Solem, 2019), som t.d. integrering gjennom

arbeid. Praksisnær kunnskap er med på å avgjere om tiltak eller intervensjonar verkar, legitimere desse, løfte fram utfordringar og forbetre praksis (Natland & Solem, 2019). Dette fordrar forskning og diskusjon av gjeldande paradigme. Sosialt arbeid er vidare ein global profesjon, og funna indikerer at sosialt arbeid sin praksis må drøftast for å møte praksisfeltet sine behov. Gjeldande paradigme må òg drøftast. I norsk ordskifte er integrering forstått som arbeid (Esser, 2012; Halvorsen, 2012; Hermansen, 2017; Kildal, 2012; Nystad, 2017; Øverbye & Stjernø, 2012). Øvrige element som inklusjon, språk eller kunnskap (Kaya 2010a) blir nedprioritert til fordel for rask inngang på arbeidsmarknaden (Bratsberg et al., 2018; Karlsdottir et al., 2017). Dette blir komplisert av at innvandrarak har ulike behov for bistand (Brochmann, 2010; Østby & Gulbrandsen, 2022), og det er krevjande å utvikle eit tiltaksregime som i tilstrekkeleg grad bidreg til arbeid og derigjennom integrering (Djuve, 2014; Gubrium & Leirvik, 2022; Kaya, 2010b).

Opplevingar og erfaringar påverkar innvandrarak si meiningsskaping (Rheindorf & Wodak, 2018; Rosbrook & Schweitzer, 2010; Shenoy-Packer & Gabor, 2016). Dei fleste deltakarane i studien hadde opplevd rasisme eller diskriminering (artikkel 3), og dette utgjer framleis ei viktig barriere for inklusjon (Ahmad, 2020). Mange innvandrarak ber på traumatiske opplevingar som pregar kvardagen deira (Sarpong & Opaas, 2021). Det kjem også fram i denne studien (artikkel 2). Traume kan forsterke og vanskeleggjere integrering og leie til at dei er særleg utsette for sosial eksklusjon (Fauske, 2014; Rugkåsa, 2018; Sangalang & Vang, 2017; Sarpong & Opaas, 2021). Sårbarheit må møtast med målretta tiltak (Sarpong & Opaas, 2021). Sosialt arbeid rettar si merksemd mot marginaliserte grupper (Ask & Berg, 2011; Bø, 2017; Kjørstad, 2019; Stjernø et al., 2014; Terum et al., 2012), der fagleg skjønn og dømekraft sikrar individuell behandling og god tilrettelegging for kvar enkelt. Samhandling mellom bakkebyråkrat og klient sikrar at fokuset blir retta mot vekst, utvikling og realisering av ibuande ressursar gjennom dialog.

Sosialt arbeid er særleg godt rusta til å følgje opp enkeltpersonar som har behov for tenester frå det offentlege (Banks, 2012; Eide & Skorstad, 2020; Kokkinn, 2005). Profesjonen har eit breitt og sentralt samfunnsmandat og ein viktig posisjon i velferdsstaten (Eide & Skorstad, 2020; Kjørstad, 2019; Terum et al., 2012; Aamodt, 2019). Grundig tilnærming til sosialpolitiske problemstillingar gjennom brei kunnskap om ulike verkemiddel, kombinert med individuell tilpassing gjer sosialt arbeid til ein viktig bidragsytar i arbeidet (Banks, 2012; Eide & Skorstad, 2020; Weinberg & Banks, 2019). Denne kunnskapen kombinert med kjennskap til og kunnskap om kvar enkelt si livsverd er essensielt for alt arbeid med menneske i behov av bistand (Garavan, 2013; Malmberg-Heimonen et al., 2019; Schön, 1991; Skjervheim, 2002; Stewart & Zediker, 2000). Å leggje til rette for dialogisk praksis gjennom fokus på likeverd, deltaking og symmetriske relasjonar gjer sosialt arbeid til ein sentral profesjon i arbeidet for å fremje integrering. I eit større perspektiv er det sentralt å adressere dei strukturelle utfordringane knytt til diskriminering i arbeidslivet.

7.5 Avsluttande merknader

Funna i avhandlinga er kanskje ikkje overraskande. Likevel, funna stadfestar at innvandarane sjølv har engasjement og kompetanse eigna til å bidra i tiltaksutvikling. Vidare viser funna at samanhengen mellom arbeid og integrering påverkar deira meiningsskaping – om integrering men òg i vidare forstand. Men, dette er éin enkelt studie som bør utfordrast og utvidast. Funna er basert på subjektive data, og kan ikkje gjenskapast eksakt. Kvalitative data og fortolkande metode tilseier at funna gir viktig kunnskap utan å gi grunnlag for å trekke konklusjonar. Min forståingshorisont er influert av dialogisk tenking, og mi tilknytning til profesjonen sosialt arbeid. Det er slik viktig at funna inngår i eit større heile der innvandarane sine stemmer blir inkludert. Ei fenomenologisk perspektiv opnar opp for det subjektive, men det er på same tid bare ein bit av det store biletet.

7.5.1 Vidare forskning

Denne avhandlinga baserer seg i stor grad på subjektive opplevingar, og det er slik behov for å supplere, utfordre og styrke funna i studien.

Integrering er eit politisert begrep som er sterkt knytt til arbeidslinja (Rugkåsa, 2012). Mange innvandrarak er utan arbeid, eller har ein svak tilknytning til arbeidsmarknaden. Det framstår som ei fallitterklæring at desse ikkje skal integrerast eller inkluderast i sitt nye heimland. Det er inga motsetnad i å utforske begrepet integrering på same tid som integrering gjennom arbeid blir verande ein grunnstein i innsatsen for å realisere integrering. Det er behov for å drøfte begrepet integrering i den hensikt å klargjere kva integrering er, og vidare kva for tiltak som skal bidra til å realisere integrering.

Det som hastar mest er å utvikla eit meir nyansert tiltaksapparat. Innvandrarak som manglar den etterspurde formelle kompetansen dei treng for å oppnå stabil sysselsetting treng tiltak som sikrar utvikling av human kapital. Det er behov for å forske meir på kva for tiltak som sikrar arbeid, men òg korleis dei paternalistiske trekka ved tiltaksapparatet kan motverkast. Arbeid er ein viktig komponent i integrering, men ikkje den einaste. Harder et al. (2018) sin definisjon "... the degree to which immigrants have the knowledge and capacity to build a successful, fulfilling life in the host country" (s 11484) tilseier at det må utviklast ei breiare forståing av begrepet, fleire moglegheiter for å realisere integrering og unngå at ansvaret for integrering blir individualisert.

8 Referanser

- Aburn, G, Gott, M. & Hoare, K. (2016). What Is Resilience? An Integrative Review of the Empirical Literature. *Journal of Advanced Nursing* 72(5), 980–1000. doi: 10.1111/jan.12888.
- Ager, A. & Strang, A. (2008). Understanding Integration: A Conceptual Framework. *Journal of Refugee Studies* 21(2), 166–91. doi: 10.1093/jrs/fen016.
- Ahmad, A. (2020). Do Equal Qualifications Yield Equal Rewards for Immigrants in the Labour Market? *Work, Employment and Society* 34(5), 826–43. doi: 10.1177/0950017020919670.
- Algan, Y., Dustmann, C., Glitz, A. & Manning, A. (2010). The Economic Situation of First and Second-Generation Immigrants in France, Germany and the United Kingdom. *The Economic Journal* 120(542), 4–30. doi: 10.1111/j.1468-0297.2009.02338.x.
- Almqvist, A.-L. & Lassinantti, K. (2018). Social Work Practices for Young People with Complex Needs: An Integrative Review. *Child and Adolescent Social Work Journal* 35(3), 207–19. doi: 10.1007/s10560-017-0522-4.
- Anvik, C. H., Sandvin, J. T., Breimo, J. P & Henriksen, Ø. (Red.). (2020). *Velferdstjenestenes vilkår: Nasjonal politikk og lokale erfaringer*. Universitetsforlaget (åpen tilgang).
- Arendt, H. (2003). *Responsibility and Judgment*. New York: Schocken Books.
- Arendt, J. N. (2022). Labor Market Effects of a Work-First Policy for Refugees. *Journal of Population Economics* 35(1), 169–96. doi: 10.1007/s00148-020-00808-z.
- Ask, T. A. & Berg, B. (2011). *Minoritetsperspektiver i sosialt arbeid*. Oslo: Universitetsforlaget.

Referanser

- Askeland, G. A. & Døhlie, E. (2006). Internasjonalt sosialt arbeid - når sosialarbeidaren kryssar grenser. I E. Døhlie og G. A. Askeland (Red.), *Internasjonalt sosialt arbeid: innsats på andres arena* (s 25-40). Oslo: Universitetsforlaget.
- Askeland, G. A., Oskarsen, E. M & Unhjem, G. (2011). Holdninger og handlinger - bevisstgjøring gjennom kritisk refleksjon. I G. A. Askeland (Red.), *Kritisk refleksjon i sosialt arbeid* (s 168-181). Oslo: Universitetsforlaget.
- Bakhtin, M. (1984). *Problems of Dostoevsky's Poetics*. Minneapolis: University of Minnesota Press.
- Banks, S. (2012). *Ethics and values in social work* (4th. ed.). Houndmills, Basingstoke, Hampshire, New York: Palgrave Macmillan.
- Barne-, Likestillings- og Inkluderingsdepartementet. (2013). *En helhetlig integreringspolitikk: Mangfold og fellesskap* (Meld. St. 6 (2012 – 2013)). Barne-, Likestillings- og Inkluderingsdepartementet.
- Barrett, A. & Duffy, D. (2008). Are Ireland's Immigrants Integrating into Its Labor Market? *International Migration Review* 42(3), 597–619. doi: 10.1111/j.1747-7379.2008.00139.x.
- Barth, E., Bratsberg, B. & Raaum, O. (2012). Immigrant Wage Profiles within and between Establishments. *Labour Economics* 19(4), 541–56. doi: 10.1016/j.labeco.2012.05.009.
- Belabas, W. & Gerrits, L. (2017). Going the Extra Mile? How Street-Level Bureaucrats Deal with the Integration of Immigrants. *Social Policy & Administration* 51(1), 133–50. doi: <https://doi.org/10.1111/spol.12184>.
- Bendixsen, S. K. N. (2016). The refugee crisis: destabilizing and restabilizing European borders. *History and Anthropology* 27(5), 536–54. doi: 10.1080/02757206.2016.1221407.

Referanser

- Bengtsson, J. (2001). *Sammanflätningar: Husserls och Merleau-Pontys fenomenologi*. Göteborg: Daidalos.
- Benson, O. G., Wachter, K., Lee, J., Nichols, J. & Hylton, E. (2021). Social Work Scholarship on Forced Migration: A Scoping Review. *The British Journal of Social Work* 51(7), 2680–2702. doi: 10.1093/bjsw/bcaa081.
- Berg, B., Fladstad, T. & Lauritsen, K. (2006). *Kvinneliv i eksil*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bergheim, B. (2014). Den tause kunnskapens ubehag. I A. Ohnstad, M. Rugkåsa & S. Ylvisaker (red.). *Ubehaget i sosialt arbeid* (36 – 53). Oslo: Gyldendal.
- Bjartnes, K. S. & Sørensen, S. Ø. (2019). Likestillingsproblemer i integreringspolitikken. *Tidsskrift for kjønnsforskning* 43(03), 198–212. doi: 10.18261/issn.1891-1781-2019-03-05.
- Boccagni, P. (2015). (Super)Diversity and the Migration–Social Work Nexus: A New Lens on the Field of Access and Inclusion? *Ethnic and Racial Studies* 38(4), 608–20. doi: 10.1080/01419870.2015.980291.
- Boccagni, P. & Righard, E. (2020). Social work with refugee and displaced populations in Europe: (dis)continuities, dilemmas, developments. *European Journal of Social Work* 23(3), 375–83. doi: 10.1080/13691457.2020.1767941.
- Borevi, K., Jensen, K & Mouritsen, P. (2017). The Civic Turn of Immigrant Integration Policies in the Scandinavian Welfare States. *Comparative Migration Studies* 5(1), 1–14. doi: 10.1186/s40878-017-0052-4.
- Bornemark, J. (2020). *Horisonten finns alltid kvar: om det bortglömda omdömet*. Stockholm: Volante.
- Bradbury-Jones, C., Irvine, F. & Sambrook, S. (2010). Empowerment of Nursing Students in Clinical Practice: Spheres of Influence.

Referanser

- Journal of Advanced Nursing* 66(9), 2061–70. doi: <https://doi.org/10.1111/j.1365-2648.2010.05351.x>.
- Bratsberg, B., Raaum, O. & Røed, K. (2014). Immigrants, Labour Market Performance and Social Insurance. *The Economic Journal* 124(580), 644–683. doi: 10.1111/econj.12182.
- Bratsberg, B., Raaum, O. & Røed, Knut. (2016). Flyktninger på det norske arbeidsmarkedet. *Søkelys på arbeidslivet* 32(03), 185–207. doi: 10.18261/issn.1504-7989-2016-03-01.
- Bratsberg, B., Raaum, O. & Røed, K. (2018). Job Loss and Immigrant Labour Market Performance. *Economica* 85(337), 124–151. doi: 10.1111/ecca.12244.
- Braun, V. & Clarke, V. (2006). Using Thematic Analysis in Psychology. *Qualitative Research in Psychology* 3(2), 77–101. doi: 10.1191/1478088706qp063oa.
- Braun, V. & Clarke, V. (2019). Reflecting on Reflexive Thematic Analysis. *Qualitative Research in Sport, Exercise and Health* 11(4), 589–597. doi: 10.1080/2159676X.2019.1628806.
- Braun, V. & Clarke, V. (2021). *Thematic analysis: a practical guide to understanding and doing*. Thousand Oaks: SAGE Publications.
- Breidahl, K. (2017). Scandinavian Exceptionalism? Civic Integration and Labour Market Activation for Newly Arrived Immigrants. *Comparative Migration Studies* 5(1), 1–19. doi: 10.1186/s40878-016-0045-8.
- Brekke, J.-P., Birkvad, S. R. & Erdal, M. B. (2021). Losing the Right to Stay: Revocation of Refugee Permits in Norway. *Journal of Refugee Studies* 34(2), 1637–1656. doi: 10.1093/jrs/feaa006.
- Brekke, J.-P. & Staver, A. (2018). The Renationalisation of Migration Policies in Times of Crisis: The Case of Norway. *Journal of Ethnic and Migration Studies* 44(13), 2163–2181. doi: 10.1080/1369183X.2018.1433026.

Referanser

- Brochmann, G., Hagelund, A. & Borevi, K. (2010). *Velferdens grenser: innvandringspolitikk og velferdsstat i Skandinavia 1945-2010*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Brochmann, G. (2010). Innvandring og det flerkulturelle Norge. I I. Frønes & L. Kjølørød (Red.), *Det norske samfunn* (s 435-456). Gyldendal Akademisk.
- Brochmann, G. & Kjeldstadli, K. (2014). *Innvandringen til Norge: 900-2010*. Oslo: Pax.
- Brochmann, G. & Midtbøen, A. H. (2020). Philosophies of Integration? Elite Views on Citizenship Policies in Scandinavia: *Ethnicities*. doi: 10.1177/1468796820950453.
- Brottveit, G. (2008). Sosialt arbeid – et fag i spenningsfeltet». *Fontene forskning* 08(1), 72–78.
- Bryman, A. (2016). *Social Research Methods* (5th. Ed). Oxford: Oxford University Press.
- Brännström, L., Giritli-Nygren, K., Lidén, G. & Nyhlén, J. (2018). Lived Experiences of Changing Integration Policies: Immigrant Narratives of Institutional Support and Labour Market Inclusion/Exclusion in Sweden. *Nordic Journal of Migration Research* 8(1), 25–34. doi: 10.1515/njmr-2018-0009.
- Bugge, H. (2021). Konsensus om arbeidslinja? Nordmenns støtte til aktiveringsreformer. *Tidsskrift for samfunnsforskning* 62(3), 251–272. doi: 10.18261/issn.1504-291X-2021-03-03.
- Butschek, S. & Walter, T. (2014). What Active Labour Market Programmes Work for Immigrants in Europe? A Meta-Analysis of the Evaluation Literature. *IZA Journal of Migration* 3(48). doi: 10.1186/s40176-014-0023-6.
- Bø, B. P. (2017). Sosialt arbeid i et flerkulturelt samfunn: Nye forståelser, utfordringer og kunnskapsbehov. *Fontene forskning* 2017(2).

Referanser

- Bø, B. P. (2019). Den grenseløse innvandringskontrollen». *Nytt Norsk Tidsskrift* 36(3), 241–254. doi: 10.18261/issn.1504-3053-2019-03-07.
- Børhaug, F. (1999). Hvilke etiske prinsipper bør integrering av innvandrere bygge på?: En teoretisk drøfting med utgangspunkt i Emmanuel Lévinas' tenkning. *Utbildning & Demokrati* 8(3), 8–11.
- Börzel, T. A. & Risse, T. (2018). From the Euro to the Schengen Crises: European Integration Theories, Politicization, and Identity Politics. *Journal of European Public Policy* 25(1), 83–108. doi: 10.1080/13501763.2017.1310281.
- Christophersen, E. (2021). Disse 10 landene tar imot flest flyktninger. *Flyktninghjelpen (NRC)*. Hentet 8. februar 2022 (https://www.flyktninghjelpen.no/perspektiv/2020/disse-ti-landene-tar-imot-flest-flyktninger/?gclid=EAIaIQobChMIK-KOILTr9QIVCd-yCh2ZfAIDEAAAYASAAEgLGEvD_BwE).
- Colic-Peisker, V. & Tilbury, F. (2007). *Refugees and employment: the effect of visible difference on discrimination*. Centre for Social and Community Research Murdoch University.
- Creswell, J. W. & Poth, C. N. (2018). *Qualitative Inquiry & Research Design: Choosing among Five Approaches* (4th. Ed). Los Angeles: SAGE Publications.
- Danso, R. (2009). Emancipating and Empowering De-Valued Skilled Immigrants: What Hope Does Anti-Oppressive Social Work Practice Offer? *The British Journal of Social Work* 39(3), 539–555.
- De nasjonale forskningsetiske komiteene. (2021). *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap og humaniora*. <https://www.forskningsetikk.no/globalassets/dokumenter/4-publikasjoner-som-pdf/forskningsetiske-retningslinjer-for-samfunnsvitenskap-og-humaniora>

Referanser

- Demireva, N. & Quassoli, F. (2019). The Lived Experiences of Migration: An Introduction. *Social Inclusion* 7(4), 1–6. doi: 10.17645/si.v7i4.2568.
- de Souza, M. T., da Silva, M. D., & de Carvalho, R. (2010). Integrative Review: What Is It? How to Do It? *Einstein (São Paulo)* 8(1), 102–106. doi: 10.1590/s1679-45082010rw1134.
- Djuve, A. B- & Kavli, H. C. (2007). Integreringspolitikk i endring. I J.E. Dølvik, T. Fløtten, G. Hernes & J. M. Hippe (Red.). *Hamskifte. Den norske modellen i endring* (s 195-218). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Djuve, A. B. & Tronstad, K. R. (2011). *Innvandrere i praksis: Om likeverdig tjenestetilbud i NAV*. (Fafo-rapport 2011:07). Fafo.
- Djuve, A. B. (2014). *Integrering av innvandrere i Norge*. (Fafo-rapport 2014:27). Tøyen: Fafo.
- Djuve, A. B. & Kavli, H. C. (2015). *Ti års erfaringer: En kunnskapsstatus om introduksjonsprogram og norskopplæring for innvandrere*. (Fafo-rapport 2015:26). Oslo: Fafo.
- Djuve, A. B., Kavli, H. C, Sterri, E. B. & Bråten, B. (2017). *Introduksjonsprogram og norskopplæring: Hva virker - for hvem?* (Fafo-rapport 2017:31). Oslo: Fafo.
- Djuve, A. B. & Kavli, H. C. (2019). Refugee Integration Policy the Norwegian Way – Why Good Ideas Fail and Bad Ideas Prevail. *Transfer: European Review of Labour and Research* 25(1), 25–42. doi: 10.1177/1024258918807135.
- Djuve, A. B., Kavli, H. C., Raaum, O., Markussen, S., Hernæs, Ø. M. & Di Tommaso, M. L. (2019). *Økonomiske insentiver i integreringsarbeidet: Forslag til modeller for pilotering og utprøving*. (Fafo-rapport. 2019:29). Oslo: Fafo.

Referanser

- Dominelli, L. & Ioakimidis, V. (2016). The Challenges of Realising Social Justice in 21st Century Social Work. *International Social Work* 59(6), 693–696. doi: 10.1177/0020872816665981.
- Douglas, H. (2014). Values in Social Science. I N. Cartwright & E. Montuschi, *Philosophy of Social Science: A New Introduction* (s 162-182). Oxford: Oxford University Press.
- Eatough, V. & Smith, J. A. (2017). Interpretative Phenomenological Analysis. In C. Willig & W. S. Rogers, *The Sage Handbook of Qualitative Research in Psychology*, (p 193-211) (2nd ed). London: Sage Publications Ltd.
- Eggebø, H. & Staver, A. B. (2020). Mer midlertidighet – innvandringspolitikken etter asylforliket. *Nytt norsk tidsskrift* 37(2), 125-136. doi: <https://doi.org/10.18261/issn.1504-3053-2020-02-04>
- Eggerth, D. E., DeLaney, S. C., Flynn, M. A. & Jacobson, C. J. (2012). Work Experiences of Latina Immigrants: A Qualitative Study. *Journal of career development* 39(1), 13–30. doi: 10.1177/0894845311417130.
- Eide, H. M. K, Homme, A., Karlsen, M.-A. & Lundberg, K. (2017). Omsorgssektoren som integreringsarena: *Tidsskrift for velferdsforskning* 20(04), 332–348. doi: 10.18261/issn.2464-3076-2017-04-06.
- Eide, S. B. & Skorstad, B. (2020). *Etikk: til refleksjon og handling i sosialt arbeid* (4. Utg.). Oslo: Gyldendal.
- Elstad, J. I., & Heggebø, K. (2019). Et voksende prekariat? Langvarige tilknytninger til arbeidslivet blant kjernegruppene i arbeidsmarkedet. *Søkelys på arbeidslivet* 36(03), 139–157. doi: 10.18261/issn.1504-7989-2019-03-03.
- Enes, A. W. (2017). Veien til en vellykket integrering? Hentet 8. februar 2022 (<https://www.ssb.no/innvandring-og-innvandrere/artikler-og-publikasjoner/veien-til-en-vellykket-integrering>).

Referanser

- Erdal, M. B., Bertelli, D., Kruse, M., Tjønn, M. H., Midtbøen, A. H., Brochmann, G., Bevelander, P., Mouritsen, P., Bech, E. C. & Jensen, K. K. (2019). *Citizenship, Participation and Belonging in Scandinavia*. (PRIO-rapport). Oslo: Prio.
- Erlie, T. (2016). Sosialt arbeid. En begrepshistorisk undersøkelse. [Doktorgradsavhandling, Universitetet i Bergen]. <https://bora.uib.no/bora-xmlui/bitstream/handle/1956/11930/dr-thesis-2016-Trond-Holmen-Erlie.pdf?sequence=>
- Ersanilli, E. & Koopmans R. (2011). Do Immigrant Integration Policies Matter? A Three-Country Comparison among Turkish Immigrants. *West European Politics* 34(2), 208–234. doi: 10.1080/01402382.2011.546568.
- Esser, I. (2012). Ikke bare for pengene? Arbeidsmotivasjon, pensjonspreferanser og pliktfølelse i forskjellige velferdsstater. I S. Stjernø & E. Øverbye (Red.). *Arbeidslinja. Arbeidsmotivasjonen og velferdsstaten* (s 47 – 61). Oslo: Universitetsforlaget.
- Europakommisjonen. (2020). *Meddelselse fra kommisjonen til Europaparlamentet, Rådet, det europeiske økonomiske og sociale utvalg og regionsudvalget: en ny pagt om migrasjon og asyl*. Europakommisjonen.
- Fangen, K. (2010). Social Exclusion and Inclusion of Young Immigrants: Presentation of an Analytical Framework. *YOUNG* 18(2), 133–156. doi: 10.1177/110330881001800202.
- Fasani, F., Frattini, T. & Minale, L. (2018). (The Struggle for) Refugee Integration into the Labour Market: Evidence from Europe. *SSRN Electronic Journal*. doi: 10.2139/ssrn.3180206.
- Fauske, H. (2014). Minoriteter, marginalisering og inkludering - På - 'utsiden av samfunnet'? I M. S. Kaya & H. Fauske (Red.), *Innvandrere på utsiden av samfunnet*, (s 11-29). Oslo: Absrakt forlag

Referanser

- Favell, A. (2019). Integration: twelve propositions after Schinkel. *Comparative Migration Studies* 7(21). doi: 10.1186/s40878-019-0125-7.
- Ferguson, I. & Lavalette, M. (2006). Globalization and global justice: Towards a social work of resistance. *International Social Work* 49(3), 309–318. doi: 10.1177/0020872806063401.
- Fernandes, A. G. (2015). (Dis)Empowering New Immigrants and Refugees Through Their Participation in Introduction Programs in Sweden, Denmark, and Norway. *Journal of Immigrant & Refugee Studies* 13(3), 245–264. doi: 10.1080/15562948.2015.1045054.
- Fernandez, R., Hijzen, A., Pacifico, D. & Thewissen, S. (2020). *Identifying and Addressing Employment Barriers in Belgium, Korea and Norway: Implementing the OECD Jobs Strategy*. (OECD Social, Employment and Migration Working Papers) OECD. doi: 10.1787/925b3c14-en.
- Finlay, L. (2002a). Negotiating the Swamp: The Opportunity and Challenge of Reflexivity in Research Practice. *Qualitative Research* 2(2), 209–230. doi: 10.1177/146879410200200205.
- Finlay, L. (2002b). “Outing” the Researcher: The Provenance, Process, and Practice of Reflexivity: *Qualitative Health Research* 12(4), 531–545. doi: 10.1177/104973202129120052.
- Finlay, L. & Gough, B. (2003). *Reflexivity: A Practical Guide for Researchers in Health and Social Sciences*. Oxford: Blackwell Science.
- Flick, U., Hirsland, A. & Hans, B. (2019). Walking and Talking Integration: Triangulation of Data From Interviews and Go-Alongs for Exploring Immigrant Welfare Recipients’ Sense(s) of Belonging. *Qualitative Inquiry* 25(8), 799–810. doi: 10.1177/1077800418809515.

Referanser

- Flyvbjerg, B. (2009). *Samfundsvidenskab som virker: hvorfor samfundsforskningen fejler, og hvordan man får den til at lykkes igen*. København: Akademisk.
- Fløtten, T., Grønningsæter, A., Hippe, J. M. & Christensen, J. (2007). Den reformerte velferdsstaten - en ny samfunnskontrakt. I J. E. Dølvik, T. Fløtten, G. Hernes & J. M. Hippe (Red.), *Hamskifte: Den norske modellen i endring*, (s 69-98). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Friberg, J. H. & Midtbøen, A. H. (2018). Ethnicity as Skill: Immigrant Employment Hierarchies in Norwegian Low-Wage Labour Markets. *Journal of Ethnic and Migration Studies* 44(9), 1463–1478. doi: 10.1080/1369183X.2017.1388160.
- Frøyland, K. & Spjelkavik, Ø. (2014). *Inkluderingskompetanse: ordinært arbeid som mål og middel*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Garavan, M. (2013). Dialogical Practice in Social Work – Towards a Renewed Humanistic Method. *Journal of Social Intervention: Theory and Practice* 22(1), 4–20. doi: 10.18352/jsi.346.
- Garran, A. M. & Rozas, L. W. (2013). Cultural Competence Revisited. *Journal of Ethnic & Cultural Diversity in Social Work* 22(2), 97–111. doi: 10.1080/15313204.2013.785337.
- Giorgi, A. (2010). Phenomenology and the Practice of Science. *Existential Analysis: Journal of the Society for Existential Analysis* 21(1), 3–22.
- Giorgi, A. (2011). IPA and Science: A Response to Jonathan Smith. *Journal of Phenomenological Psychology* 42(2), 195–216. doi: 10.1163/156916211X599762.
- Goodall, H. L. (2000). *Writing the new ethnography*. Walnut Creek: AltaMira Press.
- Grant, M. J. & Booth, A. (2009). A Typology of Reviews: An Analysis of 14 Review Types and Associated Methodologies. *Health*

Referanser

- Information & Libraries Journal* 26(2), 91–108. doi: 10.1111/j.1471-1842.2009.00848.x.
- Gray, J. & Grove, S. K. (2017). Critical Appraisal of Nursing Studies. In J. Gray, S. K. Grove & S. Sutherland (Red.), *Burns and Grove's The Nursing Research: Appraisal, Synthesis, and Generation of Evidence*, (s 670-709). St. Louis: Elsevier.
- Grue, M.J., Bytingsvik, M. K. S & Stige, S. H. (2019). 'Ingen vet hvem du er - flyktningers opplevelse av omstillingsprosessen i Norge. *Tidsskrift for psykisk helsearbeid* 16(03), 135–146. doi: 10.18261/issn.1504-3010-2019-03-03.
- Grzymala-Kazlowska, A. & Phillimore, J. (2018). Introduction: rethinking integration. New perspectives on adaptation and settlement in the era of super-diversity. *Journal of Ethnic and Migration Studies* 44(2), 179–196. doi: 10.1080/1369183X.2017.1341706.
- Gubrium, E. & Leirvik, M. S. (2022). Taking Time Seriously: Biographical Circumstance and Immigrant Labor Integration Experience. *Journal of International Migration and Integration* 23(1), 303–320. doi: 10.1007/s12134-021-00830-4.
- Guillemin, M. & Gillam, L. (2004). Ethics, Reflexivity, and “Ethically Important Moments” in Research. *Qualitative Inquiry* 10(2), 261–280. doi: 10.1177/1077800403262360.
- Gulbrandsen, F., Kulasingam, A. S., Molstad, C. S. & Steinkellner, A. (2021). *Innvandrere og norskfødte med innvandrerforeldres fordeling på kommunenivå*. (Rapport: 2021/8). Statistisk Sentralbyrå.
- Hagelund, A. & Kavli, H. C. (2009). If work is out of sight. Activation and citizenship for new refugees. *Journal of European Social Policy* 19(3), 259–270. doi: 10.1177/0958928709104741.
- Hagelund, A., Øverbye, E., Hatland, A. & Terum, L. I. (2016). Sanksjoner – arbeidslinjas nattside? *Tidsskrift for*

Referanser

- velferdsforskning* 19(01), 24–43. doi: 10.18261/issn.2464-3076-2016-01-02.
- Hajro, A., Stahl, G. K., Clegg, C. C., & Lazarova, M. B. (2019). Acculturation, Coping, and Integration Success of International Skilled Migrants: An Integrative Review and Multilevel Framework. *Human Resource Management Journal* 29(3), 328–352. doi: 10.1111/1748-8583.12233.
- Halkier, B. (2011). Methodological Practicalities in Analytical Generalization. *Qualitative Inquiry* 17(9), 787–797. doi: 10.1177/1077800411423194.
- Halvorsen, K. (2011). Undermineres arbeidsviljen av velferdsstaten. *Tidsskrift for velferdsforskning* 14(4), 220–234.
- Halvorsen, K. (2012). Lønnsarbeidet - vår tids sekulære religion. I S. Stjernø & E. Øverbye (Red.), *Arbeidslinja. Arbeidsmotivasjonen og velferdsstaten*, (s 188-198). Oslo: Universitetsforlaget.
- Hansen, H.-T., Lundberg, K. G. & Syltevik, L.J. (Red.) (2013). *Nav, med brukeren i sentrum?* Oslo: Universitetsforlaget.
- Hansen, H. C. (2019). Aktivering - et komplekst felt for forskning og praksis. *Fontene forskning* 12(1), 4–16.
- Harder, N, Figueroa, L., Gillum, R., Hangartner, D., Laitin, D.D. & Hainmueller, J. (2018). Multidimensional measure of immigrant integration. *Proceedings of the National Academy of Sciences of the United States of America*. doi: 10.1073/pnas.1808793115.
- Healy, L. M. (2004). Strengthening the Link. *Journal of Immigrant & Refugee Services* 2(1–2), 49–67. doi: 10.1300/J191v02n01_04.
- Heidegger, M. (2018). *Væren og tid*. Oslo: Pax.
- Hermansen, A. S. (2017). Et egalitært og velferdsstatlig integreringsparadoks? *Norsk sosiologisk tidsskrift* (01), 15–34. doi: 10.18261/issn.2535-2512-2017-01-02.

Referanser

- Hernes, G. (2012). I ditt ansikts sved - eller like fint å jobbe som å danse? I S. Stjernø & E. Øverbye (Red.), *Arbeidslinja. Arbeidsmotivasjonen og velferdsstaten* (s 31-46). Oslo: Universitetsforlaget.
- Hernes, V. (2018). Cross-national convergence in times of crisis? Integration policies before, during and after the refugee crisis. *West European Politics* 41(6), 1305–1329. doi: 10.1080/01402382.2018.1429748.
- Hernes, V. (2021). Policy Preferences and Ministerial Structures: Immigrant Integration Governance in Western Europe, 1997–2017. *Governance* 34, 127–46. doi: <https://doi.org/10.1111/gove.12481>.
- Hernes, V., Arendt, J. N., Joonas, P. A & Tronstad, K. R. (2019). *Nordic Integration and Settlement Policies for Refugees. A Comparative Analysis of Labour Market Integration Outcomes*. (2019:529). Copenhagen: Nordic Council of Ministers. doi: 10.6027/TN2019-529.
- Holmes, S. M & Castañeda, H. (2016). Representing the “European Refugee Crisis” in Germany and beyond: Deservingness and Difference, Life and Death. *American Ethnologist* 43(1), 12–24. doi: 10.1111/amet.12259.
- Hopia, H., Latvala, E. & Liimatainen, L. (2016). Reviewing the Methodology of an Integrative Review. *Scandinavian Journal of Caring Sciences* 30(4), 662–669. doi: 10.1111/scs.12327.
- Humphries, B. (2004). An Unacceptable Role for Social Work: Implementing Immigration Policy. *British Journal of Social Work* 34(1), 93–107. doi: 10.1093/bjsw/bch007.
- Husserl, E. (2019). *Fænomenologi: Artiklen til Encyclopedia Britannica*. København: Forlaget Mindspace.
- Høibjerg, G. R. (2020). ‘We Do Not Use Freezers in Syria’: Realignment and the Pursuit of Belonging Among Refugees in a Norwegian

Referanser

- Village. *Journal of International Migration and Integration* 21(4), 1083–1096. doi: 10.1007/s12134-019-00699-4.
- Ihle, R. (2017). Integrering – samfunnsfellesskapets opptakskrav? *Plan* (1), 10–17.
- Integreringsforskriften. 2021. *Forskrift til integreringsloven (integreringsforskriften)* - Lovdata.
- Integreringsloven. 2021. *Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringsloven)* - Lovdata.
- IOM. (2019). Glossary on Migration. https://publications.iom.int/system/files/pdf/iml_34_glossary.pdf
- Jakobsen, V., Korpi, T. & Lorentzen, T. (2019). Immigration and Integration Policy and Labour Market Attainment Among Immigrants to Scandinavia. *European Journal of Population* 35(2), 305–328. doi: 10.1007/s10680-018-9483-3.
- Johannesen, B. O. & Appoh, L. (2021). Stories told: integrational processes as experienced by immigrants with African backgrounds living in Norway. *Ethnic and Racial Studies* 44(7), 1174–1191. doi: 10.1080/01419870.2020.1776361.
- Joseph, R. & Macgowan, M. J. (2019). The theory evaluation scale: An epistemological tool for analyzing social work theories. *Social Work Education* 38(2), 269–281. doi: 10.1080/02615479.2018.1529745.
- Justis- og Beredskapsdepartementet. (2016). *Fra mottak til arbeidsliv - en effektiv integreringspolitikk* (Meld. St. 30 (2015- 2016)). Justis- og Beredskapsdepartementet
- Jönsson, J. H. (2014). Local Reactions to Global Problems: Undocumented Immigrants and Social Work. *The British Journal of Social Work* 44(suppl_1), i35–i52. doi: 10.1093/bjsw/bcu042.

Referanser

- Karlsdottir, A., Sigurjonsdottir, H. R., Hildestrand, Å. S. & Cuadrado, A. (2017). *Policies and Measures for Speeding up Labour Market Integration of Refugees in the Nordic Region: A Knowledge Overview*. (Nordregio Working paper 2017:8). Nordregio.
- Kavli, H. C., Hagelund, A. & Bråthen, M. (2007). *Med rett til å lære og plikt til å delta: En evaluering av introduksjonsordningen for nyankomne flyktninger og innvandrere*. (Fafo-rapport 2007:34). Fafo.
- Kavli, H. C. & Nicolaisen, H. (2016). Integrert eller marginalisert? Innvandrede kvinner i norsk arbeidsliv. *Tidsskrift for samfunnsforskning* 57(04), 339–371. doi: 10.18261/issn.1504-291X-2016-04-01.
- Kaya, M. S. (2010a). Innledning. I M. S. Kaya, A. Høgmo & H. Fauske (Red.), *Integrasjon og mangfold: utfordringer for sosialarbeideren* (s 15-49). Oslo: Cappelen Damm Akademisk
